A: Nei, ho kjøpte da hos forretningsforbindelsa so` ho hadde. Di hadde `kje noke sånt fint tøy i fabrikken, da va bere sånt grovare dresstøy og sånt, da. Ho hadde to … eg kan huska ho hadde to oslofirma, da va H. Bergsland og so va da Brødrene Dobloug. Da va dei forbindelsane ho hadde i Oslo. Dei kom til Bergen med utpakning på hotell i Bergen, og då reiste ho te by`n og tok ut varena dar. Då va eg med `ne fleire gonge då eg va bette liten.

I: Kan du huske noen sånne turer?

A: (Småler) Ja, eg huska da va sånn stas dar på hotellet – før eg fekk so mykje godt. Dei reisande kjøpte so mykje te meg, og fekk sitja dar og *kosa* meg mens ho tok ut vare, (…) at eg sko sitja i ro så laut ho *gje* meg. (ler). Da kan eg endeleg huska. Og so va eg no ei sånn krølldokka, eg hadde krølla øve *heila* høve. Eg va so krølla also at … eg fekk ikkje *fred*, før adle ville borti detta håret. Og di spørde mammo ein gong om ho ikkje hadde eit fæla arbeid te å få detta her te. Men då lo mammo, og so sa ho: ”Nei, eg har `kje tid te slikt, eg,” sa ho, ”ho har nok fått da i nådegave, datta dar,” sa ho, ”da e `kje noke so eg har … ho va fødd med da,” sa ho. Eg va ei grusom krusadokka – åååh! kor krølla da va. (Småler) Da va morsomt. …Jah. … Når turistane va idnom – turistbåta – då va da so fælt at di ville heilt øya meg – før detta håret. Og di va borti og di fotograferte meg og di dreiv (…?).

I: Du traff vel på mye folk og da, turister og andre, når du bodde i sånne …?

A: Båten kom jo dar lika inn i fjorden dar, og so va da då sånne småbåta so førde folk i land. Og so sto da oppstilt då hest og vogn i massavis, og so kjørde di te Norheimsund,

og so reiste båten idn att dar og henta di. Jah, sånn va da, og da va rett so da va at da kom sånne båta. Me hadde no `kje noke med di sånn, adna di bere kom på land og gjekk i vogn`na og kjørde videre.

I: Det var turisttrafikk så tidlig òg?

A: Ja! Da va da. Va masse turista dar då. Å, ja-då, da va da.

I: Dere som hadde en mor som hadde systue, hadde godt med klær òg dere?

A: Å, ja! Da va da `kje mangel på … me hadde endeleg kle. Da va sant. Ho va voldsom te *gje*, ho, månge – te folk so ho trudde ikkje hadde so mykje, og sånt, so …Eg veit … månge gongje te jul`na, då måtte eg springa med desse her konfoluttane so ho hadde hatt idni te førsjellige sånne gamle so budde liksom lenger ute dar. Når di va gamle - di fekk ingjenting, då. Da va `kje sånn so no, at da va trygd og sånt. Di hadde `kje noke. Da va so elendigt før månge at da va aldeles førferdeleg. Og detta her syns ho va so fælt so ho … sende då alltid te jul, og då va da eg so sko gå, veit du, med desse lappane, desse konfoluttane. Og då va di so fegne desse gamle då eg kom, og di klappa meg og di va no so … "Men kjære, denna krølldokko," sa di og so (ler)… Ja-då, ho va voldsom te gje, da va ho. Ho va eit *enestående* godt mennesje. Eg må mest skryta av mi eia mor. Ho va so enestående, og so va ho so rettferdig. Aldri noke slags kluss med nokenting. Mammo va eit veldig godt mennesje, da e sant at ho va.

I: Det var vel helst sånne gamle som ikke hadde noe slekt, det da.

A: Ja! Vart sitjande åleina igjen. Og so hadde di `kje noke og so … Da va `kje spøk, då i dei daga. Da va da slettes ikkje.

I: Hvordan var det med folk som bodde rundtom på Tysse, var det stor forskjell på folk?

A: Nei, i grunnen ikkje. Da va no fabrikksfolk, mykje. Da va no fabrikken di hadde her, da no va`kje noke an`t. Og so va da gårdbrukara. Da va no folk sto seg alminneleg godt, adle, men i fabrikken dar kunne da no av og te verta minder, veit du, men … da va no … di klarde seg no adle. Da gjor di.

I: Ja, for det var ikke så mange som kom til kommunen …?

A: Nei, eg trur ikkje da – ikkje so lengje di va god te arbeida. Men når di blei gamle … da va då da vart so … gale. Då va da liksom ingjen … ingjenting å få, veit du. *Da* va sørgjeleg før mången, då. Da va `kje so gale før desse her so va på gåra, og sånn, so liksom hadde bødn so hadde gåra so di fekk bu hos dei, og sånn. Men dei so hadde gått i fabrikken, og vart sitjanes gamle folk, da va`kje spøk. (…) Da va då da vart no so fæla snakk om detta gamlehjemmet so måtte … koma opp. Mor mi va no med og starta da – dan basaren.

I: Var det – ellers var det vel mye unge folk som kom i fabrikken …?

A: Ja, da masse so kom. Da va mykje sånn gjennomtrekk.

I: Var det det.

A: Ja, mykje sånn ongdoma so kom og for og kom og for og … sånt.

I: Og noen var det som slo seg til her …?

A: Ja, da va da. Da va da. Da va dei so slo seg te. Stemme da. Og da vart no nokso folkasamt. Da va mykje fremmenafolk, òg. Men hovedtyngden va no bygdafolk. … Og so bjønte di med anleggjet oppi … Grønsdalen. Kraftstasjonen på Totland so sko byggjast, og då bjønte di oppi fjedlet … Då kom da so mykje sånn … arbeidsfolk, og bjønte dar. Då va da månge gongje fælt her nere, før da … di kom nerøve her då med heljena, og so va da turing og festing, og so va da mykje sånn … åååå (sukk …). Då va me vel redde te gå ut.

I: (Småler) Var dere det?

A: Ja (småler).

I: Ja, det kunne vel viss det var så mange …

A: Ja-a! kan sjønna, da! Da va månge stakkara … Eg huska ein gong – da står so levane før meg – Eg va no i butikkjen, men … eg va no stor, eg då. Då kom dar inn ein sånn so va komen reisane. Han hadde nesten ikkje sko på seg. Han gjekk i noke … tæna kom ut og … so spørde han om han sku få kjøpa eit par sko og so sku han betala di når han va bjønt i arbeid. Og da, du veit … da va no … di visste no aldri om di *fekk* pengane. Men då sa mammo – eg syns eg ser da endå: "Ja, da ska du få, " sa ho. "Du ska få sko," sa ho. "Og … du kan komma og betala di når du har tjent sopassa penga at du syns du har råd te da," sa ho. Jah. Da fekk han, og han kom og betalte.

I: Hun var `ke gniten mor di, når det var noen som trengte noe, da?

A: Nei, ho va eneståane, då - da va ho. Ja, aldeles eneståane – ho ga *veldig* mykje. Da gjor ho, og da trur eg har være ein velsignelse før oss, òg – at me allti har hatt da godt. Jah. Da har da.

I: Gikk den ganske godt, den forretningen, da?

A: Ja, da gjor `an. Han gjekk veldig godt. Da va ikkje ein sånn førretning på lange lei – du måtte te by`n, då. Og ho va voldsom te få heim alt muleg vare og greie. Jah. Og so va ho eit sånt mennesje so … di betrudde seg te henne med alt sånn, liksom … ho va dan sama med adle – om di va rike elle fattige elle kor da va. Ho hjelpte på alt. Ja, eg må skryta øve mor mi, ho va eit godt mennesje. Da va ho. Og gjor mykje godt, ga mykje penga og … når ho då fekk anledning, so ga ho veldig mykje. Og te kristeleg formål og sånt, ga ho so mykje – sende, eg huska ho sende i posten te noke sånt kristelige greie, ka da va. Eg kan `kje huska da. Ho ga mykje, da gjor ho.

I: Dere som bodde så nærmed, der hvor det var mye folk og kom mye folk på lørdagskveldene og … fikk dere høre at dere måtte være forsiktige så dere ikke …?

A: Å-ja, da va vel, da va vel. Nei, me va litt strengt heldne sånn, me. Me fekk ikkje gå so mykje ut om kvellane. Eg tenkte på da – sånn so når da va dans i ongdomshuset – og då va no eg stor – og då … då va da liksom da va …. Me fekk ikkje gå. Ikkje tal`om. Fekk aldri gå. Søster mi ho brydde seg no so lite om da, men eg hadde løst å gå, eg – løst å gå på dans, eg. Men eg fekk ikkje gå, da va no *lengje* før eg fekk gå, men då fekk eg gå ein søttene mai. Då fekk eg gå. Men eg fekk nesten aldri gå på dans. Mammo syns at datta dar va so fælt, før da va so mykje sånne fremmena og so mykje sånt og då …– nei, ho likte ikkje datta dar.

I: Ho var redd for døtrene sine, da?

A: Jah, ho va litt streng, då. Ho va da.

I: Hvor gammal var du når du fikk gå på dans første gangen, da?

A: Ja, eg va no vel … atten år.

I: Så pass, ja? … Elles var det vanlig at de kunne gå når de var konfirmerte?

A: Da va masse so gjekk – å-jaa! Da va da. Ho va litt dom, sånn. (Da va no `kje) so gale på ein måte. Men me hadde da so godt, allikavel. Me hadde *ikkje* ilt tå da. … Ne-ei.

I: Var det sånn at det var to leirer blant ungdommen – at det var noen som gikk på bedehuset og andre som gikk på dans og …?

A: Å-ja. Da va da. Da va da, då òg. Da va da. Da va mången so gjekk dar. Mor mi ho gjekk mykje i bedehuset, ho. Eg va ofta med `ne, før da at …syns da va kjekt, da. "No ska du vera med meg i dag," sa ho, viss da va ein søndag ho ville gå. Ja, eg følgde mammo og va med på bedehuset, da va veldig (…?). Me hadde andakt kvar einaste søndag. Di leste, far min, or huspostillen eit stykkje, og so song di or salmebokjæ. Da va visst. … Jah … da va da.

I: Gikk det an å gå både på dans og i bedehuset? Eller var det helt uvanlig.

A: Nei, da va … liksom – dei so gjekk i bedehuset, di gjekk ikkje på dans. Nei. … Da va liksom to … avdelinga, da. Somme gjekk no bere på dans, da va no dans kvar einaste laurdag, visst. Eg fekk no aldri gå på dans, eg veit ikkje … Da va so lite eg fekk gå på

dans, at da va no ingjenting – da va no syttene mai, kanskje, eg fekk gå ei litæ stonn (ler litt).
(…)

I: Hva var det far din dreiv med?

A: Han va kontormann, han. Han hadde underoffiserskulen, og so … likte han seg ikkje i da militære. Han va ein sånn snill mann at han klarde ikkje datta strenga so di hadde, at di sko refsa di so fælt når da va noke, og sånn. Han slutta beint opp med da. So fekk han seg kontorjobb, gode kontorjobba. Han sat lengje på, på detta her … dampskipsselskapet i Bergen – på kontoret dar. Han va på fleire plassa – han hadde kontorjobba, han, heila tiæ.

I: Han var mye bortreist, da?

A: Ja, han va mykje borte, men (…) so va han no mykje heima, òg. Men han va mykje vekke, han. Da va han.

I: Var han hjemme i helgene?

A: Å-ja, da va han – ja-då, da va han alltid når han va i Bergen. Men so bjønte han idni Odda, då. Han blei sjef før ein avdeling i fabrikken dar. *Då* va han sjeldnare heima, men då reiste mammo kvar sommar, og eg va med – da va kjekt. Då kjørde me øve Hardingaskogen og øve Hardanger dar og tok båt idn te Odda, og budde hos papen i fjorten daga. Då va vel eg ein … eg va `kje bjønt på skulen, trur eg – seks år? (Ler)

I: Var det bare du som var med, var de andre ungane …?

A: Nei, da va bere *eg*! Søster mi va so passa stor, ho då, at ho måtte vera heima og vera med og hjelpa te i butikken og sånn, ho. Ho va ti år eldre, ho, so … Da va bere eg so fekk dan fornøyelsen (ler). Og da va so kjekt syntes far min då når me kom, du kan sjønna. So kom han heim då når han hadde feri. Og so me dan turen idn og va dar.

I: Dere hadde liksom ferie når dere var …?

A: Ja, ja! So da … sånn va da.

I: Så du reist litt rundt og sett litt av verden du selv om du var ganske liten?

A: Ja, da fekk eg. Kjørde øve Hardangerskogen og reiste … og so øvenatta me ofta i Norheimsund før da atte, at da va … da passte `kje sånn med båtane so me måtte ofta øvenatta på eit pensjonat dar. Og so reiste me då om måråne̊n med båt og kom idn te Odda. So dar reiste eg mange gonga, og då va eg liten, eg gløyme `kje ein gong, då va da …. Og so va da detta håret, detta håret di va borti adle. So va da om bord i båten so va da … han so sat i luko dar og so … kom fram og prata so fælt med meg, han, og spørde kar eg hadde fått detta fina håret – og prate med meg so fælt. Og eg, veit du, synst da va no kjekt, veit du, og snakte med han og … Og so va da seinare at so sko mammo ner og få billettane. Og so då nikka han og lo te meg, då va da han so stod dar. Og eg nikka og lo igjen og … og mammo sette eit par nyve i meg og liksom ka da va … Men so såg han dar liksom … "Men vi e kjent, vi," sa han (ler). "For hun… hun har så flott et hår at eg måtte være bort i det," sa han. "Og då kom vi i snakk, vi, så vi e kjende, du skal ikke være forskrekket fordi om vi blinker til kverandre," sa han (ler). Eg gløyme `kje – eg håtta da so *vel* so da sku vøre i dag! Men då ville `kje ho at eg sko stå … at eg sko stå og le te ein fremmena mann. (Småler) Ho va …, å-ja ho va streng, mammo. Husk på da!

I: Var det nøye hva som passa seg?

A: Hm?

I: Var det nøye hva som passa seg og ikke passa seg?

A: Ja. Veldig nøye – va ho på da. So ho va streng, sånn. Men so va ho so ijøno snill og god at … Ho ga oss so mykje (…?) … Jah, so me hadde da *gødt* i barndomen, da e sikkert.

I: Kan du huske noe fra du begynte på skolen? Var det her på Tysse du gikk på skole?

A: Jah, da va da. Og då kunne eg reinlesa, eg, når eg bjønte på skulen.
I: Ja, det hadde du lært hos bestemor?
A: Jah! Da hadde eg lært dar.
I: Du hadde vel kanskje lært litt av de eldre søskena dine også?
A: Ja, da e so rart med da. (…) dei gjekk no på skulen adle, so … Me gjekk te Brita Stue, hette lærarinden. Ho va so god venninde med mammo, so henne kjende eg so no godt. (… bildur) eg reinleste no, eg, då eg bjønte so da at … da va bestemor mi so lærde meg te lesa og då va da `kje farleg …
I: De andre ungene som begynte samtidig med deg, kunne de også lese da eller …?
A: Nei, da va `kje adle so kunne da. Da va mange so ikkje kunne da – behøvde `kje kunna da, helle, da va `kje da. Kunne lika godt (…) Men eg va so intresert, eg, at då fekk eg besje at *før* eg hadde være hos bestemor so … so hadde eg denna bokjæ og so … for eg og sprang i butikkjen te mammo og so sa eg at: ”Dan so e nett so ein paraply, e`kje da F? (småler) Og dan so e ronn med to prikka oppøve, ka e da?” So sa mammo: ”Ta bokjæ di og gå ut te Besto, og då får du veta ka di e …. ka di hete desse bokstavane,” sa ho. Og då va da `kje lenge før eg kunne lesa. (Ler)
I: Var det sånn at du kunne så mye at du kjeda deg litt når du begynte på …?
A: Nei, da gjor eg ikkje. Eg va bere glad før da at eg kunne – da va kjekt, da.
I: Var det mange unger i klassen, da?
A: Kor mange va me - me va no mangen …, men da kan `kje eg akkurat huska.
I: Det bodde vel en del unger her på Tysse?
A: Å-ja, då – da budde mykje onga her. Da budde mangen (…) Men eg kan `kje akkurat huska ka me va, men misanten va me mangen. Me va no sikkert tjue stykkje (…)
I: Var det hvert klassetrinn for seg sjøl, eller …?
A: Ja, da va føsste klassen, detta her. Og so va da då … gjekk da opp i an…
I: Så dere gikk ikke sammen flere klassetrinn i samme rommet, altså?
A: Nei. Nei, me va kver klasse før oss. Men me gjekk ikkje kvar dag. Me gjekk bere visse daga. Men so va da no fælaste når … når mammo sa da at … da va noke eg hadde … sku ha spørt læraren … ”(…?) du lærar, kan du visa …? ”Du sa no `kje *du*,” sa mammo. Tenk at datta håtta eg so vel …
I: Skulle en ikkje si ”du” da?
A: … og so sa eg at: ”Ka då?” ”Du må seia *De*,” sa ho, ” da hete da når da e folk … når gamle folk og … og læraren. Kan sjønna du må seia *D*e!”
I: Ja, klarde dere å si det til læreren, da?
A: Nei! Og du kan sjønna at neste gong sa eg ”De” og då lo heile klassen. (Ler) *Då* blei læraren sint! Han blei so sint at …
I: Ja, fordi du sa ”De”?
A: Nei, før da at di lo.
I: Å-ja.
A: ”Da e riktigt, da,” sa han. ”Da sko de seia òg,” sa han. … Ja. Da lærde me ifrå me va små at når da va eldre folk so sko me seia ”*De”* – ikkje ”du”. Ho va veldig, sånn, mammo – at me sko oppføra oss … skikkeleg på alle (…?)
I: Trodde du at det var derfor ho ville dere skulle få en skikkeleg oppdragelse for di hun hadde sett så mye dill, eller?
A: Ja, liksom at ho visste … kor da skulle vera. Hadde lært. Da va … i dei daga va da sånn at du sku `kje seia ”du” te eldre folk. (… da va liksom … eg veit ikkje, eg…) Me måtte iallfall læra da, kor ho hadde lært da veit ikkje eg, men … Da va no heilt naturleg, òg da … å seia ”De” – før oss.
I: Kan du huske hva dere gjorde i fritida?

A: Å-ja, då va me ute og leikte oss. Me hadde no båt, so va me ute og rodde … og førsjelligt … og so va me … Eg va no so mykje oppe på Tøsse hos onklane mine – mammo hadde no to onkla dar, eg meina mammo hadde altso … på mor mi si sia … Og so hadde eg på far min si sia, òg. Han va opp ifrå Svensdalen, han – frå ein går dar oppe med Høysete. Og ei søster hans ho blei jeft ne te Tøsse. Men da va ikkje i dan famelien te mammo, da va i ein an`, da va Jon Tøsse. So dar hadde eg ei tante på dan gåren, og so hadde eg då onkel på hin gåren, på Tøsse, so dar oppe va eg meir so eg va heima. Og dar hadde di store apla, og kissebær og morelle og alt muleg. Og dar koste eg meg med allslags frukt og … å-å-å, kor kjekt eg hadde da dar oppe.

I: Ja, var det ikke lenger enn at du bare kunne gå rett …?

A: Nett oppå Ytre Tøsse, her ute. Når du kjem ut dar so går du bere beint opp bakkjen dar – da e no ingjenting, da. Dar språng me opp og ne heile dagen. … Ja-då.

I: Så du fikk litt kontakt med gårdslivet du også, da?

A: Ja. Ja, sant at eg gjor. Ja, da va kjekt, syns eg , og då fekk me ein liten flekk nepå Teigen, litt lenger nere, hos bror te mammo, so me sko få løv å setja potete. Og dar va me og sette potete, eg og søster mi og so ei so tjente hos oss. Og da va vår åker, og da va no vel da kjekkaste so kunne henna.

I: Var det dere ungane sin åker …?

A: Ja! Ja.

I: Det måtte være kjekt å ha …

B-sida:

I: Var det sånn at dere pleide å hjelpe til på de gårdene som dere var på besøk?

A: Me hjelpte `kje noke te, me kunn` `kje gjera so mykje med di. Di va no òg god hjelpa dar oppe, so da at me var `kje so mykje med på da.

I: Var det mest sånn for å leke …?

A: Ja, og so få frukt og greier og kosa oss *me* for dar oppe.

I: Hadde de unger der oppe sånn som dere lekte med?

A: Å-ja-a, då. Da va bødn og … da va no ei tå dei døtrena te bror te mor mi so va akkurat jamgammal med meg – ei so hette Magdalena. Og so va da no sånne so va jamgamle med bror min, øngste bror min, Knut. Da va guta dar oppe, fleire stykkje, både dan eine og dan andre – me hadde no famelie på beggje gårane dar. So da va bødn i adle aldra. Og dar hos Tomas`n dei hadde jo ti bødn, so …

I: Å-ja, ja, det var noen å leke med, da.

A: (ler) So dar va nok tå di.

I: Hva lekte dere med når dere …?

A: Ne-ei, da va no mångslags gøymespel og sånt og … liksom, og so va da so mykje å ta seg te liksom på går og rondtom dar . Og so grov di opp og so … bygde di og so klemde di på med so mångslag. Da va alltid noke å ta seg te.

…

I: Du fortalte at søstra di begynte å hjelpe til i butikken fra ho blei konfirmert?

A: Ja-a.

I: Men de to brødrene dine, hva gjorde de når de kom i den alderen, da?

A: Ja, dei … Ja, dan eine han va på verksted på Laksevåg, ei litæ stonn. Men da va `kje so lengje han va dar, bere ei litæ stonn. Og dan andre … di va `kje so gamle når di reiste te Amerika, dei.

I: Å-nei.

A: Di for te Amerika beggje, dei. Før … da va ein skipsredar, John Røen, du har gjedna haurt tale om han … her ifrå? Og han va so god venn med far … far og mor mi. So va

da når han va heima frå Amerika då ein gong, so va han hos oss. Og då ville desse gutane, brør`na mine, abselutt te Amerika. Og han sa di sku få koma bort te han og bjønna på båtane. Og då bjønte dei, dei va `kje so gamle karane – for te Amerika.

I: Kan du huske hvor gamle de var?

A: Jah?

I: Det var etter de var konfirmerte, da?

A: Å-ja, ja! Å-ja, di va no øve tjue år. Da va di. Men eg kan `kje akkurat huska årstalet dar … Dei reiste som sagt te Amerika og bjønte på båtane hos Røen. Og blei verande dar borte, lærde seg te styrmenn. Dan eine han vart kaptein – øngste bror min han blei kaptein på ein tå båtane dar. Han va skipper, ja … di va heima *ein* gong … ifrå Amerika. Men da va `kje so kjekt, før då va mor mi død, so da at då… Da va `kje so kjekt. So dei blei verande dar borte, og *dø* dar borte beggje to. Di va `kje so gamle, di va `kje søtti år noken tå di – når di dø. Eg va no borte på gravena deira – eg va … ein tur te Amerika og besøkte … desse bødnæ mine, eg har jo to bødn i Amerika. Og då va eg borte dar. So dar ligg dei. So dei hadde sitt virke dar borte heila tiæ.

I: Kan du huske noe fra den tida du gikk for presten - og fra konfirmasjonen?

A: Å-ja. Da va no sånn at me måtte gå rondt fjorden, me, te Ådland, viss ikkje me fekk ro med noken.

I: Dere måtte helt til Ådland, da?

A: Jah! Me gjekk te presten i kjørkjo. Ja! Og då måtte me gå.

I: Hvor ofte var det dere …?

A: Nei, da va `kje ofta. Da va no … Eg kan `kje huska akkurat kor ofta da va. Du veit da hende stonno me fekk ro med noken tå desse her gutane so hadde båt – eit par gonga, men … Men (…?) di skremde oss so fælt. Di sa at no drukna me og no …, og so heldt di på med årane og skvetta og (…?) so vart da ballade og … me va redde, jent`na. So da vart no `kje so mykje, so me tok helle å gjekk rondt fjorden.

I: Var dere mange som gitt til presten, da?

A: Jah, me va mången – kor månge va me? Nei, da kan `kje eg gjengje no.

I: Du ble vel kjent med mange, også da - fra de andre gårdane?

A: Å-ja, ja-då, da va månge, da, so gjekk dar, veit du. Sei `kje da. Men da va kjekt, da, me treftest med alt detta her og … da va mykje kjekt, da. Me hadde ei koseleg tid, då. Og so gjekk rondt fjorden, veit du, og so adle desse her … galningane – somme tå desse gutane, di va so fudle i fant, at (småler). Å-å-ja! da va mykje moro! Veldig kjekt og … koseleg hadde me da – i dan tiæ.

I: Hvor lang tid varte den tida før dere blei konfirmert, da?

A: Da va no då ein sommar, liksom. Jah. So blei me konfirmerte då te hausten.

I: Var det mye dere skulle lære?

A: Ja, me måtte ha lekse kvar gong … og læra. (… bildur) reglion`n (…?) Men da gjekk no fint, da. Da gjor da.

I: Var det noe dere så fram til, det å bli konfirmert?

A: Jah. Di va voksne … følte oss voksne, då. Va no `kje voksne, men da va no so rart med da at når du va konfirmert, so va du liksom litt meira voksen – me syns da va veldig kjekt, da. Og du fekk no lov te gå litt meira ut, gjedna, og litt meir når du vart sopassa stor … Me va *veldig* strengt heldne, me. Eg trur da litt før strengt månge gongje. … Men … da gjekk no fint, alt.

I: Var det så at dere måtte ut og arbeide etter at dere var konfirmert?

A: Nei, sånn so eg, eg måtte no vera i butikkjen. Vera dar – eg (for?) `kje andre plass. Men eg va te by`n og tok handelsskulen. Da va eg.

I: Ja, var det like etterpå, det?

A: Nei, da va ei stonn ettepå, da. Ka årstal va da? Da va vel … eg va vel øve tjue år, då.

I: Å-ja.

A: Og då va da eg måtte ta handelsskulen, før da at mammo ville abselutt at eg skulle ha handelsskulen, før … ho såg da at når di skulle bjønna med forretningen elle noke, so måtte di ha handelsbrev og detta her. Og viss di ikkje hadde handelsskulen, so fekk di `kje da. Og da kom no vel med før meg, før eg bjønte jo med forretning her nere, onna her med kolonial, og då hadde eg jo handelsbrevet med ein gong. Men da va `kje spøk å koma idn te by`n og ta handelsskulen – med dan vetle skulen so me hadde hatt her.

I: Var det mye dere ikke hadde fått lært?

A: Jah. Og so va da so mången frå by`n so gjekk dar. Og dei kunne mykje meira … og me stakkars travane, me … Men so va han veldig grei, ein lærar – han tok oss ein par gonga utanom tiden, han, og lærte oss. Og grammatikk, da lærte me so grueleg lite på skulen – nesten ikkje. Da va so elendigt at da va … å seia ingjenting. So dar sto me so faste. Men då tok han oss sånn ekstra, og lærde oss og … da e sant at, da kom vel med. Men me klarde oss no ijøno da og fekk vår eksamen og kom heim att igjen og … Eg hadde da når eg sko ha mitt handelsbrev, so hadde eksamen og då fekk eg da - må ha da før te få handelsbrev. Derfør so va mor mi so på livet at me sko ta handelsskulen, før ho visste ka da va te bjønna med ein forretning og ikkje ha so mykje utdannelse og sånn. So ho va nøye på da. Og dan handelsskulen hadde me adle – søsjenæ. Da tok gutane før di reiste, og da.

I: Hvor lang tid varte den handelsskolen, da?

A: Halt år.

I: Bodde du på hybel, da – inni by`n?

A: Eg budde på hybel, ja, da gjor eg, heila tiæ. So hadde eg ei tante i by`n so eg va no mykje hos – med helgane og sånt. So reiste eg no heim med helgane òg, av og te.

I: Det var vel noe nytt og stort å komme til by`n?

A: Ja, eg hadde være so mykje i by`n med mammo, eg, at da va i grunnen ikkje so mykje før meg.

I: Du var vant med det?

A: Ja, eg va so vant med da - eg hadde være ofta … eg hadde ei tante i by`n og, so … eg hadde være so ofta hos hedne, og være rondt adle plass, so eg hadde blitt kjend, eg.

I: Du var verdensvant, du.

A: (Ler) Ja-ha! Ja, merkjeleg nok. Ja-a.

I: Det blei vel mer fri, da iallfall, å få bo på hybel og stelle seg sjøl og …?

A: Ja, da va mykje lekse og mykje vesen, so da va `kje so mykje fristonne me hadde.

I: Ne-ei.

A: Eg hadde ei go` venninde då, da va ei ifrå Sogn, Sylvia Fosse. Me blei so go`e venner før me hadde da so kjekt – ho va med meg heim ein gong, òg – her te, ei helg. Me … hadde da veldig kjekt, me. Likte oss godt og …

I: Var dere noe ute og traff andre ungdommer og sånn?

A: I grunnen ikkje. Da vart ikkje so mykje tid te da.

I: Da var det kanskje bare noe i helgene …

A: Me hadde veldig mykje lekse og sånt å bala med, so sku me greia oss, so laut me passa på da – først og fremst. So da blei `kje so mykje sånn … utegåing. Men da va kjekt å ha ei sånn venninde før da at …, og so budde ho … eg budde oppi … oppå Øvregaten oppi … ein plass dar, og so budde ho bakkjen nerånte, so me gjekk alltid i lag om morningjen når me sku på skulen og sånn, so me hadde da so kjekt i lag. Og gjekk i lag når me gjekk heim att igjen. Ja-ja, verden e `kje *so* ofta, før eg spiste middag hos ei tanto mi, eg, då eg kom tå skulen. Og … so då vart da ofta te da at ho måtte gå før seg sjøl. Og da måtte eg òg når eg va ferdig, før da at mammo ville da at eg sku ha ein

orntlæ middag, og so hadde ho sagt at ho måtte laga te te meg – so dar va eg og spiste middag kvar dag. Dei hadde kafè uti Sundtsgato.

I: Var de i tjue-årsalderen alle som gikk på skolen da?

A: Ja.

I: I den tida før du begynte på handelsskolen så var du og hjelpte til i butikken …?

A: Ja, forretningjen. Ja, da va eg.

I: Det var mindre fritid, da, etter konfirmasjonen?

A: Jah, mykje minder. Og so vart da te da at søster mi, ho reiste … Mammo hadde ei sånn go veninde so dreiv … so hadde Haraldsgatens varemagasin i Haugesund, og dei hadde vøre her på Tøsse, før han va spinnemeister ei stonn her, han. Og so bjønte di med datta dar i Haugesund, ho va no utdanna te forretningsgreie - ho va dansk, ho. Og då blei da te da atte … at ho kom mykje ne dar te mammo når ho budde på Tøsse, so dei vart so godt kjende. Då veit du da at ho ville me sku komma te Haugesund og besøkja di. Og då tok me turen te Haugesund, og eg fekk vera med. Og so reiste Borghild ned te di og va i forretningjen hos di – i eit halt år. Og då måtte eg vera heima, da va greit, da. Når ikkje ho va heima, hell so … Og ho … so kom ho heim igjen, og då va me i forretningjen, adle samne. So veit du Borghild blei no `kje so gammal. … Ja, da va mångtslag.

I: Når du var blitt femten år var det sånn at du var … da var du voksen og skulle arbeide? Da var det slutt på leiking og …

A: Ja, i grunnen ikkje. Me fekk no mykje fritid, òg. Da gjor me. So me va no … da va no `kje sånn fæla tvang. Ne-ei.

I: Men det var vel en overgang, likevel, akkurat den konfirmasjonsalderen?

A: Å-ja, å-ja, då. Da va da. Da va da, ja, da e sant, da. Men so va da liksom so livligt i førretningjen, da va so mykje folk, og me hadde so mången te snakka med so kom og sko handla og …

I: Det var ganske kjekt å være der.

A: Jah. Ja, tenk at eg har stått bakom ein disk får eg var so gammal, og balt med … so fløtta eg darifrå og idn her og bjønte med forretning her òg.

I: Kan du huske selve konfirmasjonsdagen din?

A: Ja, da kan eg. Eg kan godt huska dan. Då reiste me med ei sjøyta so kom idn her då – øve te Ådland. (Bildur …?) følte meg so voksen so inkvart ver`ne (ler). Og so va eg no just ikkje voksen. (…) eg har aldri fått so mykje fint, eg fekk *tre* medaljonga (ler). Då sa elste bror min: ”Anna, du får ha ein på kvar skulder og so ein frabme.” (Ler hjarteleg) Å-ja, di terga meg då.

I: Så du fikk presanger, du – den gangen òg.

A: Ja, eg fekk mykje presanga – da gjor eg. Penga og alsla …

I: Hadde dere stort selskap, da?

A: Nei. Bere famelien. Ingen andre – di brukte `kje da då. Ikkje noken da, di va bere fameliane. Og me hadde no `kje noke særlig … da va bere oss, dan søndagen.

I: Det var vanlig over alt det da?

A: Ja, da va da. Da va vanligt.

I: Men tror du at folk markerer den konfirmasjonsdagen mere nå?

A: Di gjer da. Da e so svære selskaper no, veit du. Da e so *kolossalt* mykje anderlesna no. Da e no sånn stas og so fælt at da e no aldeles nesten *før* mykje.

I: Men likevel har vel konfirmasjonsdagen fått mindre betydning for …?

A: Da har han i grunnen, på *hin* måten – før dan verkelege betydning so han skulle ha. Da har han. Eg vil seia da atte … sånn so heima hos oss … mammo va so veldig religiøs og da skulle vera veldig sånn, og … Ja, osso då når eg skulle kle på meg og då når eg sku reisa te kjørkje so … so veit du desse brør`na mine, di va no ertegådde og

… ”no må du hengja på deg medaljongane …”. ”Nei,” sa mammo, ”i dag ska `kje du ha noken medaljong. Du må ha denna vetla fina gullnålæ, og dan ska du ha på kjolen – og da e alt. Da e `kje fint, da, å koma bort i kjørkjo med so mykje sånne … Da e andre ting di ska ofra seg før i dag” So da fekk eg `kje. So va da då om kvelen, so henta me posten – posthuset va jo rett ved siden av oss, dar ute. Og då sa elste bror min: ”Anna, no må du hengja på deg adle medaljongane og so må du gå ne i posten, so får du visa deg.” (Ler) Han erta meg so fælt, veit du. Ja-ah. Me hadde da koselig på konfirmasjonsdagen, mykje go`mat og bere famelie – ingjen andre. Ne-eih. Og mammo leste og di song, og da va no so koseligt. So dan har eg eit *veldig* godt minne ette.

I: Men syns du at konfirmasjonsdagen markerte vel mere en overgang i livet også mer enn det den gjør nå, for nå fortsetter de å gå på skolen etter at de er konfirmerte.

A: Nettopp, da. Da e nettopp da. Eg trur da har veldig mykje å seia, da. Sånn so da va då, veit du, da va …

I: Det var mye større skille før.

A: Ja! Da va da. No veit du, da e liksom … konfirmasjonen da e`kje … då fortset di og fortset di og går på skula og … da blir mykje da sama. Men då me va konfirmerte då … då sku me arbeida, då.

I: Dere fikk mer ansvar, på en måte, når dere var blitt konfirmerte.

A: Ja! Nettopp. Me gjor da, og liksom … måtte føla at me var blitt voksnare og måtte oppføra oss so … so voksnare.

I: Når du kom opp imot tjueårsalderen, kan du huske at du tenkte på at du skulle skaffe deg familie og gifte deg, og sånn.

A: Jah, eg hadde kavalera, veit du, og … va no bjønt å gå med gutane, då (småler). Men akkurat noke slags giftarmål og noke, nei, da *tenkte* me `kje på i dan alderen. Da va mykje (før ong te da?), da va da `kje.

I: Ja, syns du du var for ung når du var i tjueårsalderen?

A: Ja.

I: Hva syns du var passe var passelig alder å gifte seg, da?

A: Ne-ei, eg veit ikkje, men eg syns da va mykje før tilæ, da. Sku no endelæ jefta seg, da va no `kje noke …

I: Syns du det var bedre å vente og få litt mer erfaring …?

A: Ja, ja. Kjekkare, da. Da va da.

I: Det var ikke noe sånn mål å bli gift fortast mulig, altså?

A: Nei, nei – ikkje tal`om.

I: Ja, hvorfor ikke det?

A: Nei, eg veit ikkje. Da va greitt nok å vera ute og vera mange i lag ongdoma, guta og jente og sånt, men ikkje noke sånn fast. Ikkje då. Ne-eih.

I: Dreiv du og samla utstyr og sånt?

A: Nei, da gjor eg ikkje. Gjor ikkje da.

I: Det var ikke sånn at dere skulle tjene penger og spare penger til hus og hjem og …?

A: Nei, nei, me gjor ikkje da.

I: Hvor var det du traff mannen din, da?

A: Han va no her ifrå, han - idne ifrå Haga. Da va han. So eg traff han no her, eg.

I: Ja, var det på noe … var det i ungdomslaget eller noe sånt, da, eller?

A: Ja-a, me traftest no her ellest, òg. Han va no her – va ofta i butikkjen og … prate med han og … bjønte so smått. Han va spelemann, han. Han va ein snell mann, da e no heilt sekkert.

I: Var han rundt og spilte i danser og sånt, da, eller?

A: Jah, da gjor han.

I: I brylluper og sånt, og kanskje?

A: Å-ja. Da gjor han. Han va no og spelte idn plate, òg. I Tyskland. Ja, da va han. … Da va nett ein mann no ein dag og ville spørja meg om han so mykje. Ka tid han va i Tyskland og om eg hadde plat`na og allslags – eg veit `kje ka da va. … Og so va han veldig flink snekkar. Da kråskapet so står dar borte – e `kje da fint?

I: Mm. Er det han som har lagd det?

A: Ja. Da beondra adle folk.

I: (…?) Så han var møbelsnekker, han altså?

A: Ja, da va han ved siden av. Han hadde gått i lære. Laga månge fine ting. Han man`n so va her, her va ein sånn fyr, han sa "eg veit om da, han va so flink snekkar," sa han. Jah. … Han fòr so mykje før tilæ.

I: Hva var det som gjorde at du festet deg spesielt med han? Du fortalte jo at du hadde hatt mange andre kavalerer.

A: Å-ja. Nei, eg veit ikkje … (Da va nåke so kom, da). Jah. Nei, eg veit kje, eg likte han – han va no so snell, òg. Han va so *snell*, also. So go` natur i han. Og sonen min! – han e so gravane lik han. Han e so lik han, also, både av utseane og av natur. So snell so dagen e lång.

I: Tenkte du noen gang på - før du skulle finne deg en mann – på hvordan han skulle være - om han skulle ha noen spesielle egenskaper eller koss han ikke skulle være?

A: Nei, eg gjor i grunnen ikkje da. Eg tenkte `kje so mykje på da.

I: Tok det sånn som det kom?

A: Jah.

I: Skulle kanskje ikke være en som drakk og slåss og …?

A: Nei, selfølgelæ ikkje, selfølgelæ ikkje – da va no sånt so me ikkje vilde nåken da, so da va no greitt. Men han va aldri noke … og *om* han drakk lite grann, han, so va han nett so eit lam. Han gjore `kje ein katt fortred.

I: Han spilte vel trekkspill i huset?

A: Jah.

I: Det var alltid musikk da?

A: Å-ja, du må `kje snakka. Da va bere so sønn at adle plat`na so eg hadde … og so fekk eg ny grammafon, so hadde eg lagt plat`na neri dar. Og so sko me på Skogen, før søster mi hadde jo hytta på Kvamskogen, ho. Og so sku me opp dar ei helg, og so sa ho: "Ta no grammafonplat`na med deg," sa ho noken daga før. Og da gjor eg og me hadde da dar oppe, og da va no so koselæ. Og når me sku reisa ner igjen so sa ho atte … so sa me da: "No kan me setja grammafonen her, so slepp me dra på han neste gong me ska oppatt igjen." Me reiste ofta opp på Skogen. Og … sette han igjen dar, og tenk at dar blei da innbrudd og di stal både grammafonen og plat`na og heila greio – fòr med alt sama. Da va so trist at. … Nei, da skulle vel sånn vera.

I: Du fortalte forrige gang jeg var her at dere giftet dere i 1931. Da var du niogtyve år gammel, du da. Kan du fortelle litt om bryllupet og …?

A: Da brann dagen før … da brann bryllopsnattæ, då. Da veit eg. Me budde jo kloss i fabrikken, so heila (…?)dar so me va (…?). So da va `kje spøk. Da syns eg va grusomt, also. (…?) Eg hadde aldeles løst te gjett meg øve. Da snakte me om (…?), men ho sa: "Ta da med ro, da lyt no gå da."

I: Kan du snakke litt høyere, for at det er så mye bråk utafor, så …?

A: Så da at eg hadde jo … brurakjolen og alt hadde eg i ei øsja før seg sjøl, og hadde da ferdigt. Og dressen te Nils`n hadde eg òg ferdig og alt datta dar. Og da hadde me ståanes dar. Og huset vårt brende jo ikkje, so månge veit. So eg fekk med meg alt sama. Da va liksom dan dar … da sjokket, datta forferdelsen, veit du. So kom beggje brør`na mine heim ifrå Amerika te brøllopet. Og dei hadde no strøkje opp so mykje

skjorte og so mykje ting og styr, da låg nepå syværelset dar på kontoret – ved siden av butikkjen. Og da hadde di heve ut og trøkt da ner i sjiten og … Men dei fekk seg no skjorte, da mangla `kje da, men da vart so fælt – da tok so på meg at eg blei overnervøs. Men! … so når me gjekk idnøve, so stoppa me i Hagamulen og såg ut att igjen. Og når eg då såg kar huset vårt stod, ut`n at da hadde prikka på da med brann, og såg fabrikken, då sette eg i te storskrika. Da e so fælt atte … (…?) "Detta e mammo sine bønne," sa eg, "… at huset står dar i dag."

I: (….?)

A: Ja. Og ho ba mykje, og va eit godt mennesje. Og då sa eg at …: "Skitt på alt," sa eg, "når bere me har redda livet," sa eg, " so får da våga seg, ka me har møst," sa eg. Og da … brølløpet gjekk so fint, og …. Adle følkjæ kom, veit du, og … Da va nett naboen vår, gamle Røsseland, han sa da te meg ettepå: "Anna," sa han, "eg ville so jedna være i brølløpet ditt," sa han, "men eg kunne `kje koma ifrå da no,"sa han, "– da vart so fælt," sa han. Han hadde jo bankjen og alt dar ute. "Nei, eg forstår da," sa eg. Da gjekk veldig kjekt i brøllopet, korso. So va beggje brør`na mine heima, ja, og so va John Røen, han va skipsredaren, han va med di òg. Han va med i brøllopet, han òg. Og han hadde kjøpt ein blomstrabukett, so … so heila bore – eg har aldrig sett so fælt (småler). Flott, at! Han va jo miljonær, han, so rik og … me fekk mykje penga hos han, me, på brølløpet. Hos brø`na mine fekk eg detta her spisestumøblemanget, so eg har her, so dei hadde kjøpt og … fekk hos di. Å-å-åh! da va so svært at.

I: Hadde dere mange gjester også?

A: Ja, me va vel … me va no øve seksti.

I: Var ikke det i overkant av hva som var vanlig?

A: Ja-ja, da pleie no vera noke – ja-ja, da va no jedna litt mykje. Men da va masse folk. Di kom adle samne, kom og …

I: Hvor var det dere hadde det, da?

A: På Ådlands-hotellet. Da e jo `kje no, men da va då. Jah. Va fru Ystås so hadde da. Og henne kjente eg no so godt, og, for ho hadde … me va jo oppalen uti dar, døtter hednas og eg … Ho hadde hotell dar ute … her ute på Tøsse, ho, ei stonn. So ho hadde stelt da so *veldig* fint te - gjort seg so føre. Ho sa: "Nei, Anna, Anna," sa ho, "osso sku da brenna, men da bere … da betyr bere lukka!" sa ho, når eg kom idn dar (småler) – ho va so …, skulle liksom trøsta meg so fælt. Ho va no so kjekk at … Da gjekk fint. Men so måtte me bu idne hos famelien te man`n min då i nokre daga, før di va so redd før dan muren, nedste muren, at dan skulle detta ne i høve på oss. Me fekk `kje bu i huset då, men me fekk no vera på Haga, og dar fekk brør`na mine vera og dar va søster mi og adle samne – hos hans famelie.

I: Dere reiste ikke på bryllupsreise?

A: Nei. Ein doktar Tangen so va i brølløpet, han sa da då at: "Nå må dere ta dere en riktig god ferie," sa han. "Nei, da kan me `kje no," sa eg. "No e da so mykje å orna med no," sa eg, " so no lyt me no vera dar ute. Og so kan me no `kje reisa ifrå no når brør`na mine e her og alt. Da kan me `kje". "Det var det dere skulle gjort," sa han. Han va doktar her og va blitt so godt kjent i heimen hos oss. So desse brør`na mine, dei hadde bedt han te brøllops (…?). Nei, datta gjekk fint, da. Og so når di va no sikre på muren, då me fekk fløtta ut att, og då va huset lika fint da. Men di hadde no ramponert idni huset, so møbla og alt sånt da va jo ødlagt. Di va no vel galne når di sko redda .. Eg sei da eg at di snakka om at di ska redda, men di hadde knust og knørpa alt so fanst. Da va heilt ramponert. Men me fekk jo da på assuransen, da, veit du. Da va godt assurert og … Da va søster mi, da, da va ho so hadde huset…

I: Ja, bodde dere i huset der nede etter dere var nygifte òg?

A: Me budde dar, ja. Ei stonn - te me fekk detta huset heilt klart. Da va `kje so lengje …

I: Ja, hadde dere begynt å bygge på det før dere giftet dere, da?
A: Her?
I: Ja.
A: Men far min eigde detta huset òg, han. Han hadde filial her idne før dan forretningjen dar ute – ei stonn. So … da va liksom da e so trongt dar ute. Og so va da da far min sa at: ”Me har so mykje sånn herreartikla, og desse ongdomane dei va flaue å koma idn dar og sjå på hue og hatta når da va so mykje dame.” So sa papen da han at me sku ta å stella te kjellaren dar i da huset so me har i Vikjæ. So fekk han folk med seg og stelde te kjellaren her te butikk. So fløtta di inn me adle herreartikla her då. Måtte da … her var jo testelt – so me fløtta inn her, me og … Og so veit du … då slutta dei med denne forretningjen her nere då di tok da ut dar alt sama. So bjønte me med kolonial her.
I: Var det straks etter dere var gifte det?
A: Ja, da va `kje so lengje ettepå, da. Da va da `kje.
I: Det har alltid vært handel for deg, altså?
A: Jah. Gå ifrå dan eine og te dan andre. Eg har fått stått i ein butikk, ja. Og her nere sto eg i tredve år. Jah.
A: Ja, da gjekk i mitt navn. Da va no eg so hadde handelsbrevet og … Men han hjelpte no te, *selfølgelig* gjor han da. Han måtte jo hjelpa te, da va no mykje å orna med so ikkje eg kunne greia. So … Ja.
I: Men dreiv han med snekring og sånt ved siden av, òg?
A: Da gjor han òg. Da gjor han – han va med på mykje sånt. Snekerte og sementerte og greidde ut. Jah! So me greidde oss godt. me, hadde da godt – me hadde unøjes tå alt. Og masse kunda hadde eg, eg hadde so mykje kunda at …
I: Det lå vel forholdsvis sentralt dette her?
A: Ja-a! da gjor da. (…?) koma idn og setja seg ne på benkjen dar og preika og forlanga da di sko ha, veit du, og … Da e arleisna no. No e da `kje rå te gå på ein butikk for gamle folk – fint ikkje noken ting og … (småler). Nei, eg lika `kje denne handelen so di no bala med. Nei, då va da so greitt, då fekk du da øve disk. Men so hadde me no mykje fôrmjøl og sånt, og da greidde no `kje eg ta - han so måtte orna med.
I: Nei, det var mye annerledes handel da?
A: Å-jah. Da va da.
I: Det var et kontaktpunkt også, det, mellom folk …
A: Å-ja! Nettopp! Di samlast. Og so … fekk di prata litt med kvarandre – og so va da so koseleg, veit du. So da va veldig kjekt. Jah.
I: En plass å høre nytt, kanskje?
A: Ja-a! So visste ein noke og ein an noke, og so ”har du haurt da og har du haurt da” og so (småler) blei da sånn.
I: Du har vel fått hørt mye du alle de åra du har stått bak disken?
A: Å-ja, da e sa-ant. Da va ei koseleg ti, da va da.
I: Ka tid slutta dere med forretningen, da?
A: Ja, me slutta i … to-og-søtti. Då va eg søtti år. Då slutta eg, og reiste te Amerika. (Ler) Og va dar i eit år.
I: Du hadde holdt på lenge, da.
A: Ja. Da hadde eg.
I: Syns du det var godt å bli pensjonist?
A: Jah. Eg va trøtt. Eg må seia da at eg syns da va veldig godt. Da va … da va mykje strev og mykje te halda orden på. Og so va da so nøye med kontorarbeid og då med adla bøk og alt, veit du. Eg hadde no ein revisor so hjelpte meg litt av og te, men helles so greidde eg da no – sjøl. So eg va verkelæ trøtt då – da va eg.
I: Gikk butikken greit hele tida, eller …?

A: Ja.

I: … var det stor konkurranse, kanskje?

A: Nei, konkurransen va no `kje noke sånn – eg hadde fullt opp, eg, men da vesta so va da va so mykje *kriting* – di skreiv so mykje. Da va litt bale månge gongje. Fekk ikkje inn pengane – allti. Da e no adle plass (…?).

I: Kanskje det var særlig ille da i tredve-åra?

A: Ja! Da va da. Då fabrikken brente og datta dar, da va no `kje noke her, då. Veldig elendig. So då va da … va da `kje spøk før forretningane. Men …men sånn so … eg må seia eg veit ikkje kor da hadde seg, men eg kan ikkje klaga dan tiæ me dreiv – (…?) me klarde oss godt. Da gjor me.

I: Var det mange som var lei da når du måtte legge ned?

A: Ja … du veit, di syns da, liksom … månge tå desse eldre syns da va so mykje kjekkare med ein sånn butikk, so me desse her selbetjenings … derfor savna di ein sånn butikk so detta her. Å-å di sa da: ”Du måtte då helle på,” sa di. (Småler) ”Da kan no bli nok for meg òg,” sa eg. ”Eg er so gammal at me lyt byta på”. ”Ja-ja,” sa di…?)

I: Det er godt å få hvile seg, òg.

A: Ja, da va da. Da va da.

I: Hadde du tenkt det da du var ung at du skulle drive med handel hele livet?

A: Nei, eg hadde `kje tenkt *på* da. Da hadde eg ikkje tenkt på. Men eg likte meg godt i forretningslivet, eg gjor da. So di sa her ein gong – då eg va åtti år, da va so mykje folk her, so kom og besøkte meg … da va no sånne gamle kundara – og di sa da at: ”Å-nei, å-nei, å-nei, so kjekt da va då *du* handla,” sa di. ”Ja, då hadde me da kjekt,” sa di – ”ja, da e sant,” sa di, og di kom her og (…?). Nei, no ska eg laga ein kopp kaffi te deg.

I: Nei du trenger ikke det …
Det var vel en ganske stor overgang for deg å få dine egne barn?

A: Ja, da va stor øvegong. Da e sant at da va. Men da va koselæ. Da e kjekt å få bødn. Da e sikkert.

I: Åssen greide du det da med butikken og … alt det som skulle gjøras?

A: Ja, du veit, me måtte leiga då, veit du. Da va `kje noke an`t å gjera, da.

I: Dere hadde tjenestejente da …?

A: Da va ei søster te man`n min (…?) so va so veldig kjekk og va her hushjelp, ho va her (…bildur …) va flink i butikkjen, og ho, og fekk hjelpt meg so mykje – med butikkjen sånn. Og då når eg gjekk sånn i omstendighet, so va eg no ikkje so sterk so eg va, i alminneleg. Ho hjelpte meg mykje. Ho va veldig grei og flink, ho va ikkje jeft. *Ho* va eneståane, also, Johanna Haga. Ho va svær – ho va *ene*ståane. Ho va her mykje, då. Ho va i butikkjen `og, ho – kunne klara seg dar med alt og …

I: Ja, mens ungane var små … var det sånn at du var her og ho var i butikken, eller bytte dere litt på det?

A: Bytte litt på da. Sånn at då va ho oppe mykje, og so va eg nere og so, sånn.

I: Og så var det `ke så lang vei så dere kunne gå til og fra…

A: Nettopp! Ho budde straks dar idne, veit du, so da gjekk no fint, da. Da måtte gå på dan måten.

I: Det var ikke snakk om å slutte med butikken og være hjemme hos ungane?

A: Neih. Kunne `kje da. Me tjente sopassa at … me hadde bruk for da.

I: Du var jo vant med det hjemmefra også, du?

A: Ja-ah. Men da gjekk veldig fint, da. Ho Johanna va eneståane, ho då. Men ho dø jo so tilæ, ho dø tå (…?) Ho va veldig grei. Ho va … ho va meira før meg so ho va før mann`n min … ho skjende på han månge gongje, at ikkje han gjor nok. Men meg hjepte ho also so mykje. Ho va so snell at – gå kor snell ho va.

I: Bodde ho her sammen med dere, da?

A: Nei, ho budde heima. Da e bere eit lite stykkje inn te Haga, veit du. Ho gjekk utøve, ho.
I: Tenkte du på det at det var vanskelig å få til å ha stor familie samtidig med at du skulle kunne drive butikken?
A: Tenkte visst ikkje nåke på da. Eg tenkte ikkje nåke på da, eg tok da liksom ein dag før seg.
I: Det var ikke sånn at du helst ikke ville få for mange barn for at da hadde det blitt for mye arbeid?
A: Nei. Da tenkte eg ikkje på. Nei, da tenkte eg ikkje på - da va koselæ med bødnæ. (Me hadde?) åtta år imydlo di.
I: Å, var det det? **Slutt på bandet**

Anna Nygård (1900-1988), 07.03.83

Band I
A-sida

I: ... på Holdhus i Hisdalen. Blei du født der oppe?
A: Ja-a. Di had`kje nåke ... Da va gamle kåne so va joramoræ då (ler). Di had`kje nåke sånn at di reiste på klinikk elle nåke sånt.
I: Nei, så alle søskena dine og du også blei født hjemme på gården?
A: Ja, da e di.
I: Dere hadde ei utdanna jordmor, hadde dere ikke det? (Tek spørsmålet oppatt fleire gonger før A oppfattar det.)
A: Ja, seinare so va her no jordmor her. Men ikkje då når eg vaks oppøve, trur eg. Ja, eg veit kje, kanskje ho va komen då, men ... Di hadde no bere ei gammal kåna dar oppe so tok imot (småler).
I: Var det ei kone som bodde på en av nabogårdene det da?
A: Ja, det var det.
I: Og det var ei fast kone som gikk til alle som skulle føde?
A: Ja, ho gjekk te no visst månge ho.
I: Var ho flink til å hjelpe til ved fødsler ho da?
A: Ja-a, di vart no ... di vart no almindeleg folk tå dei òg (ler).
I: Dersom det var vanskelig fødsel eller sånt no, hadde dere dokter da da? (Tek oppatt spørsmålet utan at A heilt oppfattar det.)
A: Ja, her va ein dåktar. Men, eg veit ikkje, da va no kje so ofta me va te dåktar, trur eg. Da måtte no vera alvorligt då visst di reiste te dåktar. Da va no sånne kjeringaråd me brukte.
I: Kan du huske noen sånne kjerringråd?
A: Nei, eg kjem ikkje på da no akkorat.
I: Hva var det dere gjorde hvis noen blei forkjøla, for eksempel?
A: Ja, då va da no å drikka nåke varmt, veit du. Solbærsaft og førsjelligt. Men ... dravle og sånt ... surmjelk so di kokte opp, den va og god før førkjølelse og sånn. Da måtte vera nåke varmt.
I: Det tok vel lang tid å få dokter også til bygda kanskje?

A: Nei, di hadde no hesta og sånn, månge. So di måtte no ha hestasjyss då, veit du, når di sku ha dåktar. Da va kje bila elle nåke sånt. Eg huska den føsste bilen. Eg va ... eg veit kje kor gammal eg va ... ein åtta-ti år kanskje. Den føsste bilen so kom, da va ein innpå Ådland so bjønnte med bila, han va komen or Amerika og so ... Dei hadde sånn sjyss-stasjon, der. So dei sjyssa folk når di ... når da va sånne so reiste.

I: (Snakkar i munnen på kvarandre.) Blei de brukte (...)?

A: Da va hestasjyss mykje før. Eg huska godt te da når da va hestasjyss, då ... dei hadde sånn sjyss-stsjon då òg dei, på Ådland. Då kjørde di med hest ifrå Norheimsund og *te* Norheimsund, og tebakars te Trengreid, te toget.

I: Var det i Os doktoren bodde? (Tek oppatt spørsmålet.)

A: Presten budde i Os, men dåktaren, da huska eg ikkje no, han ... Da va eit prestegjeld sammen med Os då, Samnanger, men dåktaren han budde no på Tysse når eg huska te. Men presten han budde i Os. Eg huska ein gång ... bror min, han sku kjøra te ... kjøra te Ådland, sku henta ei søster mi oppi Frølandsdalen. Og so va da vel litt ... eg veit kje om da va hålt elle kor da va, men hesten kom borti ... elle vognæ kom borti ein stabbestein, og hesten vart redd og språng ut. Og bror min og dei andre to so sat i kjerro, dei vart slengde ut, og bror min han braut armen sin. Og då måtte han følgja presten te Os te dåktar. Da va visst ikkje dåktar då, nei. Det huska eg.

I: Det var et stykke vei til doktor det.

A Nei, her va kje dåktar då antagleg.

I: Måtte de reise med båt da når de skulle til Os. (Tek oppatt, oppfattar ikkje heilt.)

A: Ja, di reiste mykje med båt. Da va med båt , ja, utigjøno.

I: Er du eldste søster du?

A: Ja, eg e nommer fem eg. Eg hadde fira so e eldre so meg. Dan eldste ho va øve nitti ... ho va einognitti år då ho dø. Da e kje so lengje sio ho dø. Og nommer to ho va femogåtti. Og nommer tre ho va sjuogåtti, og nommer fira ho va niogseksti – ho fekk kreft.

I: Så det er bare søstre du har da – eldre?

A: Ja, da e bere søstre, bror min va yngre enn so meg. Me hadde bere ein bror. Og han venta di lengje på. Da sku vera odelsgut då, veit du, på ein gar. So di venta lengje på han. Og han va also nommer fem ... nommer *seks*. Eg e nommer fem.

I: Kan du huske at han blei født, han broren din?

A: Nei, eg huska kje te han vart født, men eg huska øngsta søster mi. Det huska eg. Ho va ettepå han, also. Da e tre år imydlo oss alle. So då va vel eg ein seks år omtrent. Så det huska eg. Huska te dan gamla kåno so va dar ...

I: Hvor var dere da mora di fikk den siste da? (Høyrer ikkje.) Fikk dere være hjemme da mor di fødte det siste barnet? Om dere var hjemme i stua da ...

A: Ja, det va me no. Eg huska ikkje om di va heima alle. Di reiste no ut av og te ... desse eldste reiste no ut på ... Da va kje so mykje å tjena på ein går då. Me fekk no mat, men ikkje nåke løn elle nåke sånt te kle elle sånt. Da måtte me ut og tjena te sjøl. Ja.

I: Var det noen andre enn den gamle kona som hjalp til da (.... blei født)?

A: (avbryt) Nei, da va kje andre. Den yngste søster mi ho kom for tileg ho – ein sju veke, før tileg. Og ho huska eg di sa ... Di hadde sånne to-kronara so va tå søll då i dei daga. Og ansiktet va omtrent so ein sånn to-kronar, sa di – so liten va ho.

I: Var de redde for å miste ho da, eller gikk det bra?

A: Ja, ho låg liksom ... ho va heimadøpt, huska eg. Ho låg liksom heilt i dvale då dei føsste vekena te dess den tia va ho sku vera født. Då skreik *ho* òg. Da huska eg.

I: Så det var ikke sånn at dere ... at ho måtte på sykehus eller noe sånt fordi dere var redd for at ho skulle ...?

A: Nei, nei-då, ho va kje da.

I: Hvor lenge var det vanlig å ligge barsel og sånn da? (Tek oppatt:) Hvor lenge var det vanlig å ligge når en hadde født?

A: Nei, da va no visst ikkje so lengje. Mor låg no visst ikkje so lengje, ho va no visst ... Ho måtte no oppatt, veit du, tileg. Ein to-tre daga, veit eg, so ... måtte di oppatt.

I: Var det vanlig at nabokoner kom med barselgrøt og sånt til ... Hadde dere noen sånne skikker?

A: (avbryt) Ja, det va vanleg. Det va rømmagraut då di kom med, so di sku ha. Det va kje so lengje før di putta i di små litt rømmagraut òg (ler).

I: Å-å? Var `ke det sterk kost for ungene det da?

A: Jau, det va det sekkert (ler). So di hadde sekkert magaknip rett so det va. Skreik gjor di visst mykje. Og so surra di di so voldsomt i samen.

I: De reiva de altså?

A: Ja, di va heilt, heilt ... Di hadde nåke sånne - eg veit kje ka di kalla di eg no - so di surra rundt so di va ... fekk ikkje røra seg omtrent! Di låg heilt. Di kunne kje få sparka elle sprela elle ... Nei, da va .... Røyva, kalte di da. Di røyva di.

I: Det var bare beina di surra, det var `ke armene også?

A: Ja, da va visst alt. Armane og beinæ og alt ... eg huska no kje so akkorat kor da va, men ... Di såg ut so ein lång ... ball, når di va ferig røyva. So va da to gångje før dagen då di vasste di og ... Da va kje meir. Kvell og måro.

I: Blei de `ke bytta på heller i mellomtida?

A: Ne-ei, det kun di kje. Di låg sånn.

I: Men blei de `ke mye såre og sånn når de blei liggende så lenge?

A: Nei, eg huska kje te det. Di hadde vel kanskje inkvart so di smørde på di. So di va kje såre elle sånn, eg huska kje te det.

I: Du har `ke noen forklaring på hvorfor de reiva de?

A: Nei, di trudde det va fårleg at di sparka og spente og sånn, trur eg. Kifør di gjore datta dar, eg veit kje, men da va sekkert før at di ikkje sku få røra seg før mykje, før da trudde di va farligt, also.

I: Det var vel en skikk som alle fulgte også det?

A: Ja, det va sameleis hos alle det. Og so hadde di då ei vogga so di la di i. Ei vogga med meia onna so di ... di brukte mykje å vogga di i søvn og sånn.

I: Hvem var det som hadde jobben med å vogge ungene?

A: Det va no helst dei eldre søsjenæ da so måtte vogga. Eg huska elste søster mi, ho budde heima litt ette ho va jeft, og ho fekk no ... hadde no ein gut med ho va heima, hadde to guta, trur eg. Og då va da min jobb te vogga på di, huska eg. He-he. Da va kje akkorat so intresant te sitja sånn og vogga.

I: Du hadde mer lyst til ut å leike? (Høyrer ikkje spørsmålet?) Var det mye skriking på de også at de ...?

A: (avbryt) Ja, di skreik mykje. Og da va no kje so rart at di skreik når di surra di te so fælt.

I: Så det blei mye vogging da?

A: Ja, det vart mykje vogging.

I: Hvor lenge kunne de ligge sånn da? Hvor gamle var de når de slapp ut av denne reivinga?

A: Nei, eg veit ikkje eg kor gamle di va .... det va no kje so voldsomt lengje, det va no (i) føsstningjen detta der at di reiva di. Seinare so brukte di kjola på di då, både guta og jente – hadde kjole.

I: Ja, når de var begynt å gå?

A: Ja-a, kjole hadde di (ler). Det va no stas då når gutane fekk boksa, då syns di di va store. Men di gjekk i kjola ein tre år, trur eg – te di va ein tre år.

I: Så det var ingen forskjell på gutter og jenter før de var en tre år gamle altså?
A: Ja. (Høyrer ikkje spørsmålet.)
I: Når guttene fikk bukser i 3-årsalderen, var det da lange bukser eller var det korte bukser?
A: Nei, det va no sånne hall-lange, veit eg, di rekk eit stykkje ne på leggjen. Det va no vel litt førsjel på modane då òg gjedna, eg veit kje eg. Dei so va no innpå det so hadde di no vel sjekkeleg bokse.
I: Så det var `ke noen sånn regel at guttene ikke skulle ha lange bukser før de var konfirmert altså?
A: Nei, eg veit kje ... Di hadde vel helst ikkje lange bokse før di va konfirmert, trur eg. Di gjekk i sånne korte te di va ... Har du lese eit stykkje i Samningen tå han dare .... Eg veit kje ka han skreiv ... fjedlahedning, elle ka da va han skreiv seg før? Han skreiv om da at då når di va konfirmerte, då kunne di gå i siboksa og då kunne di gå på dans, skreiv han.
I: Jeg har ikke sett det stykket. Både buksene og det å få gå på dans det markerte overgangen til å bli voksen på en måte?
A: Ja, når di va konfirmerte, då kunne di gå på dans – ikkje før. Ja, da e mångslag.
I: Den gården du vokste opp på, var det en stor gård det eller var det en liten gård?
A: Nei, han va no ... Me hadde ein sju kjyr, men då måtte di gå ... måtte di slå på fjellet og ... hadde sånne utløe oppå fjedlet, og dar va me og slo. Og so måtte di skjera løng te ... om våren når da vart litt knipe med høy. Skjera løng og sånt.
I: Skava dere også?
A: Ha?
I: Skava dere bark av selje og sånt også?
A: (Oppfattar ikkje spørsmålet.) Å-ja, me va på fjellet. Det gjekk omtrent ei veka der oppe då. Far, huska eg, han gjekk te fjells og ... Han låg i ei utløa, og so var han tileg om mårån`n og slo, og so kom me seinare om dagen med ... oppøve og sku brøya og og sånn. Og viss da va styggavêr, so slo han gjedna månge daga. Og viss da då va fint vêr ein dag, so hadde me sværa arbeid te få da i hus då. Og då va me dar oppe adle. Hadde med oss spikjeflesk og flattbrød og sånt so me hadde te nista, og so kokte me kaffi på ei grua (småler). Lagde te ei sånn grua so me kokte kaffi. Da va voldsomt fint og kjekt å vera dar oppe då når da va fint vêr.
I: Det blei nesten som en sånn ferietur nesten det, eller var det så mye arbeid at ...?
A: Å-ja, mykje arbeid då når me hadde adle brøysl`na utøve. Da va mykje arbeid før å få da i hus. Somme måtte raka og somme måtte bera. Da va ofta lång vei te utløo òg. Me hadde tre sånne utløe dar oppe, huska eg.
I: Som bare deres bruk hadde, eller delte dere de med andre bruk?
A: Nei, da va fleire bruk ... Naboen òg hadde utløe, men di va kje i samen also. Nei. Di hadde kvar sine. Og so hadde me ... og so va no ... hadde di beite dar oppe te kjydna og sånn. So då hadde me no nærare ... når me va dar oppe, so hadde me nærare vei te stølen då.
I: Så dere hadde stol også, ja?
A: Ja, me hadde kje nåke seter elle nåke sånt. Måtte gå heim kvar dag med mjelk. Va oppe tileg om mårån`n klokko fira, og heimatt i åttatiæ – om dagen. Og so hadde di då eit lite meieri der oppe, so di separerte mjelkjæ og laga smør og sånn.
I: Oppe på stølen?
A: Nei, ikkje på stølen. Heima. Nei, på stølen hadde di kje nåke, måtte gå heim med da, me ofta tong børa. Di hadde ... di hadde sånne trebøtte då so di hadde mjelkjæ i, og so hadde gjedna eit sjidn øve. Da va litt tongt. Det va verst å gå neatt før da va so bratt at ... Neatt med børa det va i grunn vansjeleg. Tongt.

I: Bar dere på ryggen da?
A: Ja, bar det på ryggjen.
I: Hvor lang vei kunne det være å gå til stølen da?
A: Nei, det gjekk no vel ein hallan`n time viss di va langt vekke kjydna. So då gjekk da ein tre tima, og so gjekk da no ei stonn te mjelka, gjekk ein times tid te da òg.
I: Hvor gammal var du når du begynte å gå på stølen du da?
A: Nei, eg va no ... ette eg va konfirmert datta dar. Eg va no kje ... eg va no kje so aldeles ong eg, før eg hadde no eldre søstre. Eg huska den eine søster mi, ho måtte gå på stølen det året ho gjekk te presten. Fjorten år, og då va mor sjuk, huska eg, ho låg den sommaren. Og då måtte ho gå og bera denna tonga børo i fjorten-årsalderen, so ho tok no nesten skae tå denne ...
I: Var det melk ifra syv kuer som skulle bæres ned? Var det så mange ... (snakkar i munnen på kvarandre)?
A: Ja, ja, det va no vel ikkje so mange kanskje alltid, men det va ofte sånne so kalva seint på året, og det va mykje mjelk. Di mjelka godt når di kom der oppe på fjellet, det va godt beite. So di hadde mykje mjelk, huska eg.
I: Når mor di ikke var sjuk, var det ho som hadde ansvaret for å gå på stølen da, eller var det de andre søskena?
A: Ja, di va no oftaste to, to og so byttest. Men ho va bere fjorten år da året, sa di. Og so hadde me no ei so va eldre, so va tre år eldre, da va dei to so byttest då.
I: Hadde dere andre dyr enn kyr på gården?
A: Ja, me hadde saue. Me hadde ofta mykje saue. So dei va no te fjells om ... om sommaren og ...
I: Brukte dere ulla sjøl da, eller solgte dere det?
A: Udlæ, di spadn og ... Om vinteren so va da mykje spinning og veving og sånn. Di kara, me ongane måtte kara, og so va da desse vaksne då so spadn. Ja, me måtte sitja ... vera flittige å kara. Me fekk ikkje gå å leika so mykje.
I: Det var mest arbeid?
A: Det va mest jobba, ja.
I: Brukte dere å veve og sy klær sjøl?
A: Ja, vevde gjor di no alt so di trong omtrent, ullteppe og kle te gå i. Kjola hadde me ... vadmål, so me sa. Ja, me hadde kje nåke ant, me fekk ikkje kjøpa. Da va no seinare da, sånn i konfirmasjonsalderen då kjøpte di gjedna litt - ein blusse elle sånn, men skjørtet da måtte me gå i (...) vadmål.
I: Dere trengte ikke å kjøpe verken garn eller tøy eller noe da?
A: Nei, nei-då, da va te veva og ... Eg huska mor ... Di sa at når ho sku få eit tå desse her bødnæ, då hadde ho søte oppe te klokka va to om nattæ og spudne elle vevd. Og då fekk ho badnet då om mårån`n. Jah.
I: Og det var altså garn fra deres egne sauer? (Tek oppatt spørsmålet.)
A: Ja, det e rett, det va ... Finaste ullæ den måtte di bruka te sånne kle, og så va det no sånt so va mindre fint, det brukte di te ullteppe og sånn. Og so sende di då ... detta her vev... vadmølet sende di vekk te farging og stamping og sånn.
I: Solgte dere noe av det dere fikk fra sauene da? (Tek oppatt spørsmålet.)
A: Nei, di selde ikkje nåke tå det. Di selde ... det va smøret, ja, so di kjidna i meieriet, det selde di no.
I: Var det bare smør dere solgte fra gardsbruk da altså?
A: Ja, da va bere smøret di selde. Det andre ... skummamjelkjæ den tok me igjen sjøl, ette so mykje so di hadde levert, (...) di tok igjen. Og når di kjinna, so vart da sånn ... saup, so me sa, og den tok me òg igjen, og den kokte me prim tå. Store gryte i kjellaren, i ei grua, huska eg, me kokte med prim. Og den hadde di oppi sånne store tre ... trebutta so

di ... og stod lengje, hadde lengje tå den. Di kokte kje prim anna kvar gång di ... di byttest om å kjinna i meieriet. Og kvar gång di kjinna, då måtte me ta igjen detta der. Kjernemelkjæ. Og då kokte me prim.

I: Var det prim som var det vanlige pålegget, da kanskje?

A: Ja, det va alminneleg pålegg, prim og sirop. Prim og sirop, det va kje so mykje smør me fekk ... bruka ... i kosten.

I: Var det for det dere skulle selge smøret det?

A: Ja, di sku selja smøret, måtte selja inkvart før å få penga, veit du. Og so lagde far litt tresko, so han selde. Kvar gång te jul so huska eg di sa ... han sa at han måtte selja tresko te julastomp (ler). Eg førsto kje detta her - eg va liten – eg førsto kje at di kunne ha treskona te julastomp. Men då måtte ... det var for å få penga, also. Og då hadde di ei kjipa då so di bar ... so han va te handelsmann`n med og kom heimatt med ... brød i den kjipo. Det va sånne julajeit, so me kalte, og førsjelligt.

I: Hva var det for noe da - julageit? (Tek oppatt spørsmålet.)

A: Det va skapt so ei jeit, also. Eit brød so va laga te sånn so ei ... Og det syns me va so stas når me fekk dette her. Og når me gjekk te ... va hos naboen og sånn, so fekk me gjedna ein julastomp. Og so jøymde me di då og sku sjå kor lengje (kor) me hadde ... før di va nåkso hare før me fekk eta di opp (ler). Me åt ikkje med sama. Måtte liva og sjå kor månge me fekk.

I: Å-ja! Så det var sånn treskolaging han hadde som attåtnæring far din da?

A: Det va som attåtnæring, ja. Og så brukte me no sjøl ... han lagde no dei so me brukte sjøl. Me hadde kje nåke ant, me måtte gå i tresko. Og viss me va te fjells og sånn, so gjekk me børrføtt.

I: Ja-vel.

A: Ja. Nei, eg trur kje me hadde nåke vondt tå da at me gjekk børrføtt.

I: Nei, det er vel bare sunt det, hvis en ikke fryser da.

A: Eg huska eg va te dåktar med beina mine no ette eg va vaksen, og då sa han at ... han spørde om eg hadde gått mykje i skog og mark. Ja, da hadde eg no gjort og ... ”Han hadde sterk og god fot,” sa han.

I: Hadde han noen andre attåtnæringer far din, eller greide dere dere på gårdsdrifta?

A: Nei, me måtte greia øss med det so me hadde tå går`n. Me hadde kje nåke attåtnæringa me iallfall, dar oppe. Det va desse her storbønderne det, me kalte, dei so va nepå Ådland, dei hadde no sjyss og sånn ... sjysstasjon og førsjelligt. Me hadde kje nåke.

I: Det var storbøndene det (småler)?

A: Det va storbønderne det, me rekna.

I: Ja, var gårdene på Ådland større da enn oppi Hisdalen?

A: Ja-a, det va di no sikkert, større og finare gåra. Det va no mykje bratt og sånn der oppe hos oss. Men det e nåke flata òg. So no driv di visst ... sjikkeleg no.

I: Var det mange som bodde i den grenda der du vokste opp da?

A: Ja, me va tre gåra der på Holdhus. Og so va det no ein ti-toll gåra der oppi Hisdalen, tenkje eg.

I: Så det var nok av unger å leke med da egentlig?

A: Om da va ongdomma?

I: Om det var mange jevnaldrende som dere kunne leke med?

A: Ja, me va mange jevnaldringa (kremtar) ... litt hås i dag.

I: Kan du huske hva dere lekte med og sånn når dere hadde litt fritid?

A: Ja, me jippa, huska eg (ler litt). Me hadde to steina, og so la me ein liten tvers øve, og so hadde me ein lenger då so me sprette med. Og so sku dei so va ute, dei sku prøva å treffa denne so låg oppå. Og då vart me ute, also – viss di trafte. Ja, og so sku di .... Da va førsjellige ... føsst va da sånn at du sku spretta, og so sku di halla han då, sånn, og

då va da ette so långt ... Ja, då sku di kasta han tebakaras då ette so långt so di kom ifrå målet, og so måtte me mæla kor månge mål da vart. Det va på den måten. Og treie gångjen då va da slek at han sku liggja nepå her, og so sprette di han opp i loktæ, og so sku me sjå kor månge gånge me trefte han ette han kom i loktæ. Og so .... då kunne me måla med den minste då, og då fekk me månge mål ofta, viss me va heldige (ler). So da leka me mykje med.

I: Var det både gutter og jenter som lekte sammen da?

A: Ja-a. (Høyrer truleg ikkje spørsmålet.)

I: Om vinteren, hva var det dere gjorde da?

A: Nei, då va me no ... Viss da va is, so va det nåke tjødna dar oppe, og då va me der og sjeiste då, elle skreidde på treskona.

I: Hadde dere skøyter?

A: Ja, me hadde nåke gamle skøyte, da va no kje nåke særleg te skøyte, men me hadde nåke gamle skøyte, huska eg, so me batt på skona. Da syns me va no moro. Da va no helst med heljena, me fekk ikkje lov å gå kvar dag, me måtte no arbeida då. Heljena ... når laurdagskvel`n kom, då fekk me gjedna gå. So måtte me vaska oss i håret då om laurdagskvel`n, og då huska eg me va våte i håret og ... og då når me kom heimatt, va flett`na so stive so pinn. ”Får da no ein gång igjen,” sa far, huska eg.

I: Så det var lørdag som var vaskedagen altså?

A: Ja, da va vaskedagen då når da va laurdag. Då sku me vaska oss i håret og ... Og kvar julafta då gjekk me i stamp og ... Hadde ein stor stamp då so me vasste oss i.

I: Hadde dere innlagt vann?

A: Å-nei, å långt ifrå. Vask, nei? Nei, (det va) ei kjella so me va og bar vatn or. Og viss da va is om vinteren, at da va is på, so måtte me hogga vekk den isen då før me fant vatn. Og te ... i fjøs`n òg måtte me bera vatn or kjello. Me hadde ei stor stempa inni fjøsen so me bar i, og den måtte vera full. Og so vermde di gjedna vatn te kjydna òg. Di vermde vatn og so hadde di nåke høy oppi stampa då, og so slo di på detta der, slo di varmt vatn på so vart da sånn løg, so me sa. Og da drakk kjydna.

I: Det var mye vann dere måtte bære da?

A: Ja, mykje vatn me måtte bera. Me hadde vassel, og to bøtte so me bar i, so då va det kje so tongt når me hadde den vasselen.

I: Hvem var det som hadde jobben med å bære vann da?

A: Nei, det va no helst ongane ... me ongane so måtte bera vatn. Ja, og so va det no ei elste ... ei tå dei so va med i fjøsen, me va no ofta te ei fjøsen, med mor, huska eg. Og då måtte di bera vatn i den stempo.

I: Var det sånn at det blei regna som kvinnfolkarbeid å bære vann?

A: Kvinnfolkarbeid det, ja. Me va no so mykje jente me, at me måtte vera med på mannfolkarbeid òg. Me hadde kje hest elle nåken teng te bjønna med, so me måtte ... dei elste jent`na dei va med i markjæ ette ved og ..., og om vinteren so tridla di heim detta høyet so me hadde i utløena på fjedlet. Då tridla di da heim i sånne store balla so va laga tå tråd, elle sånn ... hampa ... tøg, also. (Det) va so bussig når di kom tridlane nerijøno, me sto og såg på når di kom tridlane, det va so moro syns me. Da va mykje arbeid før da kom so långt. Eg huska dei elste jent`na, søsjenæ mine, dei måtte vera med te fjells om vinter`n òg ette detta høyet. Da va helst sauena so fekk detta høyet, so di hadde på fjedlet.

I: Mente de at det ikke var godt nok høy for kyrne, eller var det ...?

A: Nei, da va no ikkje so godt so da so va heima, veit du. Kjydna måtte no få da so va best, dei sku malka.

I: De hadde melk om vinteren også kyrne?

A: Ja-a, me hadde no mjelk oftaste.

I: Dere hadde ikke sånn løpestreng da som dere sendte fôr med? (Tek spørsmålet oppatt.)
A: Nei, ikkje dar oppe. Me hadde ein løypestreng lenger nere, men den brukte di bere om sommaren elle når da va ..., ikkje om vinter`n brukte di den. Det va no helst te ved og sånt, di brukte den.
I: Hadde dere lang vei for å hente ved da?
A: Ja, da va no ... nåke, so måtte di no ... Me hadde kje hest so di måtte dra da i ei kjerra då, når da va i nere-markjæ. Men når da va på fjedlet elle dar oppi liane, då hadde di da på løypestrengjen.
I: Hadde dere skau som hørte til gården? (Tek oppatt spørsmålet.)
A: Det va kje so mykje skog på de gårene der oppe, det va litt older og sånn. Det va helst det, ask og older. Det va mykje ask oppijøno liane, og so måtte me petla asjelau då te sauena, tå den asjen. Og det likte di veldig godt.
I: Var det om høsten dere gjorde det?
A: Ja, høsten, ja. Når det lei på sommaren, før då løste da veit du då. Da va mykje sånne tomme, snaue asjestua då, om hausten når me hadde petla alt asjelauet.
I: Var det bedre ... var det best fôr det askelauvet?
A: Ja, det va godt da te di. Sauena va veldig glad i da.
I: Var det bare det treslaget som dere brukte å plukke lauv av, eller var det andre slags trær også?
A: Nei, (det e) ask. Det va bere asjen, ja. Elles so bjørk kunne di no òg ... hadde di sånne løsta, so di sa. Di lagde sånne knytte, lauknytte, men det va kje so mykje sånn bjørk dar oppe.
I: Men aspelauvet, brukte en ikke det altså?
A: Nei, da va kje nåke sånn asp helle, det va ask, ask. Det va bere den me brukte also.
I: Det var mange forskjellige ting som blei brukt til fôr da? (Tek oppatt spørsmålet.)
A: Ja. Lyng og sånn, huska eg, di va og skar lyng. Om våren helst, då når det vart lite med høy – i vårknipa. Då måtte di skjera lyng.
I: Du fortalte at dere henta vann fra en kilde? (Tek oppatt spørsmålet.)
A: Ja, det va nett frammed huset det me hadde den kjel...
I: Så det var `ke så veldig lang vei å bære?
A: Nei, da va kje so långt. So vatn va da no. Me hadde godt vatn.
I: Kan du tenke deg omtrent hvor mye vann som det gikk med i løpet av en dag?
A: Nei, det e kje godt å seia, det gjekk no mykje i fjøsen. Eg veit kje kor mykje ei sånn tynna tek, ho tek no vel hondra liter den. Me brukte no vel ikkje alt på dagen.
I: Det gikk vel en del inni huset også vel, til vasking og ...
A: (avbryt) Ja, me måtte bruka det te alt. Måtte bera vatn inn, ja, te mat og te vask og alt.
I: Klesvask og sånn, hvor ofte var det det blei gjort da?
A: Hm?
I: Hadde dere spesielle tider for klesvask?
A: Om me hadde spesielt vask?
I: Ja, klærne ...
A: Ja, kle vasste di no av og te (ler litt). Eg veit kje kor ofta di vasste kle. Da va no ... me måtte no vaska kle, ja.
I: Det måtte vel være en sjau det når en skulle bære inn alt vannet?
A: Ja, me hadde ... det va no i kjellaren, me hadde ei sånn grua i kjellaren so me kokte kle i og ... Eg huska i krigen, når da va krig, då hadde me ... då lagde me lut, av oska, og den brukte me òg te vaska kle med. Det va kje råd å få nåke vaskepulver elle såpa og sånn.
I: Kan du fortelle litt hvordan huset så ut der som dere bodde?
A: Hm?

I: Kan du fortelle litt hvordan barndomshjemmet ditt så ut, om hvor mange rom det var og ...?

A: Me hadde to stove, og so ein lem oppå då, loft oppå, og me låg no ofta oppå det loftet – me ongane iallfall. Og far og mor dei låg i støvo. Ja, og so va da eit kjø..., me hadde eit kjøkken òg, ja.

I: Var det sånn at den ene stua var bestestue da eller?

A: Ja, da va slek. Den eine støvo sku vera bestestøva.

I: Og den brukte dere kanskje ikke til vanlig da?

A: Nei, brukte kje den so mykje. Det va no bere den eine me va i.

I: Var det på søndager og julaften og sånn som dere brukte ...? (Snakkar i munnen på kvarandre. A oppfattar ikkje spørsmålet.)

A: Te seng ..., me hadde kje nåke madrasse elle sånt, me brukte halm - halm i sengjena. Og den hadde no me på går`n, me dyrka litt korn, havre. Og då når di skar den havren so vart da ... når di tresja ... når di tresja då fekk di den halmen. Og den brukte di no mykje ... den brukte di te å ha i sengjena te madrasse. Kvar måro det so va da te å reia opp sengjena med å rista i den halmen då, so det ikkje vart so hardt.

I: Så det var å legge laken og tepper og sånt rett på halmen da?

A: Ja, og so la di då ullteppe oppattpå – halmen, me hadde kje laken og sånn. Da va ullteppe, so di vov sjøl.

I: Var det ullteppe dere hadde over dere ...?

A: (avbryt) Ja, me hadde ullteppe øve, og so hadde me no ei dyna, men det va no helst sånn vattdyna. Me kunne laga sånne dyne tå ... di kara udl og sånn, lagde di sjøl òg dei. Og so stoppa di då, stoppa di da te og ... So dei va varme og goe dei.

I: Ja, hvis det var ull i de så var jo det varmt og godt.

Slutt på A-sida

B-sida:

I: Åkle, hva var det for no`?

A: Det e sånne teppe so di vev det med førsjellig mønster i. Det hadde me òg oppå sengjena, når det va kaldt, om venter`n, oppattpå dei andre dyn`na.

I: Var det kaldt i huset altså?

A: Ja, da va ofta kaldt, da va kallare då so no ofta. Det va ofta snø og is og sånn, det va mykje is. Eg huska når me ..., me hadde i grunn`n lång skulevei, og so va dar ei elv so kom ne, og der ... øve den elvæ gjekk det ein to stokka so di hadde lagt te bru. Og der måtte me gå øve. Eg huska når det va is og sånn so va da ofta klakje oppå dar, is oppå dei stokkane. Eg huska far va med somme tie og høgde vekk isen før me kunne gå øve. Da va no ofta litt farleg da. Og viss da va mykje regn og sånn, so gjekk gjedna elvæ lika opponna dei stokkane. So då va da no nesten endå farlegare.

I: Hendte det at dere datt uti noen gang da?

A: Nei, ikkje eg, men da va ei so hadde døtte uti ein gång. Ho hadde kje døtte uti, men ho hadde helle seg i stokkane so di fekk ne no oppatt igjen. Nei, hadde ho døtte uti, so hadde da vel ikkje vøre nåke ... håp – te berge ne då. Det e mykje straum og sånn.

I: Men var det kaldt inni husene også at dere måtte spare på veden og sånn, eller hadde dere nok av brensel og sånn?

A: Nei, me hadde da no varmt ... bra varmt inne. Men før å spara på ved`n, so kokte di gjedna inne òg, i støvo, huska eg. Di hadde sånn stor ovn, sånn etasjeovn med to rom nere, og so ... Og der kokte di mat òg, potete og ... og graut og sånn. Det va no mykje da gjekk på. Det va no graut te kvells og ... Om mårån`n då va da no ofta potetekake

og ... Sjeve hadde me ikkje so mykje. Men di bakte flattbrød sjøl og ... og lefse og sånn.

I: Dere brukte ikke så mye vanlig brød sånn som vi bruker nå?

A: Nei, det va kje mykje. Det va no kje so dyrt brøet då, da va førti øre før eit almindeleg langebrø. Det va no vel ikkje da helle i føsstningjen. Og eit egg køsta fira elle fem øre. Da va kje ...

I: Hadde dere høns sjøl?

A: Nei, ikkje me. Me hadde ikkje høns.

I: Du fortalte at dere dyrka litt havre. Dyrka dere noe ant korn?

A: Nei, da va bere havre, *me* dyrka.

I: Hva brukte dere havren til da?

A: Brukte det te flattbrød, og kunne koka graut, havragraut. So i grunn`n va det nokså sunn mat.

I: Dere måtte kanskje kjøpe en del korn og mel da?

A: Det va kje mykje di kjøpte ... ja-ja, di kjøpte vel kanskje litt kveitemjøl. Men då kjøpte di gjedna ein heil sekk, om gångjen. Det varde no lengje då.

I: Så dere prøvde å bruke mest mulig av det dere lagde sjøl?

A: Ja, ...

I: Dyrka dere potene sjøl òg?

A: Å-ja, potete det hadde me mykje. Di ga ofta ... viss di hadde kalva og sånn, so ga di ofta dei òg nåke potete. Me sjilde di då når me tok di opp og hadde småpotete og desse her ..., viss da va sånne so va litt røte på, so brukte di di te beistæ.

I: Dere hadde nok poteter da?

A: Å-ja. Kjøpte aldri potete.

I: Brukte dere mye poteter òg?

A: Å-ja, mykje potete. Det va te ... te middag so va da oftaste bere sill og potete – og flattbrø, havraflattbrø.

I: Men sild måtte dere kjøpe? (Tek oppatt spørsmålet.)

A: Ja, den måtte di kjøpa. Me kjøpte ofta heile ... heile, store tydne med sill, spikjesell - sånn go nordlandssell. Da va ister i ne, huska eg, og so ..., da va kje sånn at me hadde nåke stuing elle nåke sånt te, men me hadde havraflattbrø, og so tok me eit lite stykkje sell og so la me på ein bite, og so potete oppatt på det igjen, og so åt me. Men det va veldig godt.

I: Det høres godt ut òg.

A: So hadde me surmjelk då te ette... attåt. Me hadde kje nåke desær elle supa elle nåke sånt. Det va surmjelk.

I: Så det var den vanlige middagsmaten?

A: Ja, det va vanleg, ja. Det kunne vera at me av og te hadde raspeballa og sånn - og litt flesk. Gris hadde me no ofta, ein gris so di slakta. So då hadde me no spikjeflesk og sånn, og flesk (sjøl). Og då, viss da va litt byte på maten då ein dagen, so hadde me gjedna raspeballa då. Og so hadde me sånn … smalahove so me røykte og … (Når) me kokte dei so vart da so mykje godt feitt, og det hadde me te raspeballane. Da va veldig godt da. Da va no fest då når me hadde da, syns me.

I: Smalahove det var vel festmat?

A: Ja, me kokte smalahove og hadde … Men da va no helst søndagsmat.

I: Det var så mye arbeid også med det da?

A: Da va mykje arbeid.

I: Mye stell.

A: Ja.

I: Jeg har vært med og spist smalahover, jeg òg. Det er veldig godt.

A: Ja, det e godt.
I: Men jeg syns det måtte være mye arbeid med de i forhold til så lite mat som det er i de egentlig, det er mye bein og …?
A: Ja, det e mykje arbeid.
I: Var det sånn i slaktetida det at dere skulle utnytte alt som var …?
A: (avbryt) Det va om haustane det me … svei smalahøve. Me hadde ein …, me lagde te ei grua ute, og so hadde me ein påk so me stakk inn i nasabøro te høve, og so helt me det øve, og so måtte me skrapa tå ettekvart te dess håræ va vekke. På den måten me …
I: Brukte dere mye sauekjøtt og sånt ellers, eller solgte dere kjøttet?
A: Nei, me måtte no selja nåke sauakjøt. Me brukte no … hadde no om søndagane litt, suppekjøt og sånn. Men elles so fekk me no kje so mykje kjøt, nei. Da va no søndagsmat da.
I: Så på hverdagene var det mest spekesild og potete?
A: Då va det spikjesell og potete, ja.
I: Fikk dere søtsaker dere ungene noen gang da? (Tek spørsmålet opp att. Mistyder likevel.)
A: Kjøtkake. Det va visst ... Nei, det trur eg aldri. Det va no seinare ette me va no vaksne og ... då hadde me no gjedna kjøttkake av og te. Men eg huska aldri te me hadde kjøttkake når me va små.
I: Åssen var det med frukt og grønsaker og sånt da?
A: Nei, da va kje mykje ... kålrabe hadde di gjedna litt, fekk di gjedna litt, men da va kje so mykje – sånt, di hadde greia på, trur eg. Det va helst potete og ...
I: Kålrabi var kanskje fast tilbehør til smalahovene det? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Nei, da va helst potete då òg, og litt kålrabe kanskje. Da va no helst visst da va suppakjøt og sånn, då hadde me no gjedna litt kålrabe. Men elles so va da kje nåke grønnsakje me dyrka heima hos oss. Men seinare.
I: Da du vokste opp, bodde det andre i huset hos dere enn foreldrene dine og søsknene dine?
A: Nei, eldste søster mi budde der lite grann då ette ho va jeft, huska eg, fössta. Man`n henna va lærar, og han hadde ... han hadde post uti Rollsvågen og so der i Hisdalen, elle i Trengrifjor`n. So han budde ... so dei budde der lite grann då fössta di va jefte.
I: Dere hadde aldri besteforeldre som bodde ...?
A: (avbryt) Nei, dei budde i ei lita støva på sio, huska eg. Dei hadde vilkår, dei, bestemor. Eg huska kje bestefar, han va no dø tileg. Men bestemor huska eg. Ho budde i ei litæ støva på sio der – vilkårstøva. Og so va da no ei døtter henna so va mykje der òg. Ho hadde ... dei hadde also vilkår. So di fekk nåke mjelk so me tok av i meieriet te dei.
I: Var det sånn at de hadde egne beist de òg?
A: Hm?
I: Det vilkåret, var det ... kan du huske hva ...?
A: (snakkar i munnen på kvarandre) Det va (ein ting) so far sku ... Det va sånn at di sku ha vilkår di gamle på ein går. Det va kje nåke alderstrygd då.
I: De hadde `ke egne dyr?
A: Ja-a. Nei, di hadde kje egne dyr, ho hadde kje egne dyr ho, men ho fekk also mjelk. Ein par liter, eg veit kje kor mykje da va før dagen. To liter, trur eg da va, både kvell og måro, eg (e kje sekker), eg huska kje. Da va kje so lite. Og so sku di ha ved og sånn.
I: Så de fikk det de trengte på det vilkåret da?
A: Ja-a, det gjor di. Eg huska me ... me va voldsomt gla i bestemor. Me va ofta borte dar, og ho ... hadde ein jyngestol so me sat i, huska eg, og jynga, det syns me va moro (ler litt). Og so va ho so fæl å førtelja, om gamle daga og ... Men so førtalde ho mykje so

me vart so grueleg mørkredde (ler). Ho førtalde mångsla løye, om huldra og tussa og sånt. Eg trur ho trudde på da sjøl òg. Ja-a. So va me so mørkredde når me sku gå heimatt, bortatt te oss om kvellane, at då måtte di følgja oss. Ho hadde førtalt so mykje.

I: Kan du huske noen sånne historier som ho fortalte deg?

A: Ja-a, eg huska no førsjelligt, og so va da no litt sånne (mykje) religiøse, om himmel og helvete og alt datta dar, det huska eg no godt. Ho førtalde so me vart vetskremde me tå alt detta her, kor fælt da va.

I: Var religionen veldig viktig for dere der oppe?

A: Ja-a. Far han, huska eg, leste i huspostel`n kvar einaste søndag, so va da ein huspostel so han leste or. Og då hadde me ... song me salme og ... sånn, huska eg. Me hadde ein sånn huspostel so va so voldsomt långe ..., då syns me gjedna me ongane da vart litt lengje å sitja roleg. Men me sat no roleg, huska eg, me va no ... Far va nokso flink å lesa, so eg syns da va kjekt å høyra på. Og so hadde me no lampalys, me hadde bere uljelampa. Da va kje nåke elektrisk. Eg huska når far va litt gammal so han såg litt dårleg, so sat han gjedna ... sto han gjedna frammed lampalyset og stirde, og les. Han va flink å lesa, han les - mykje.

I: Var det sånn at dere lærte å lese før dere begynte på skolen?

A: Ja, måtte læra å lesa før me bjønte på skulen. Kunne godt lesa når eg bjønte på skulen, huska eg.

I: Hvem var det som hadde lært deg det da?

A: Nei, det va no han man`n te søster mi so budde heima, det va han so lærde meg. Men dei andre, eg veit kje eg, di lærde vel litt tå far og mor og eldre søsjen og sånn.

I: Det var `ke ho bestemor som lærte dere (noe av det da)?

A: (avbryt) Nei, eg huska kje te da at ho lærde oss å lesa. Nei, eg kunne godt lesa når eg bjønte på skulen, og utenatleksa hadde eg andre dagen, huska eg. Eg hadde om ”Jesus stiller stormen”, det huska eg. Og det kunne eg godt.

I: Så det var `ke så greit å begynne på skolen uten å kunne lese da?

A: Nei, eg trur kje da va nåken so kom ... ja-ja, da va no vel somme so va litt ... hadde tongt før å lesa, dei kunne vel ikkje so mykje, men ... Nei, då måtte no læraren sitja med di då, arbeia med di. Men di flestre so kunne di visst lesa når di kom på skulen. Eg huska da va ein fameli so ... va dår..., dei va so dårleg te lesa, og so sa kåno: ”Eg kan ikkje forstå at ikkje di ska læra å lesa,” sa ho, ”eg kan då lesa og Lias`n kan då lesa. Eg kan kje forstå detta at ikkje deira bød`n sku læra å lesa!” (Ler) Nei, da e kje so greitt.

I: Var det sånn at alle gikk i samme klasse uansett hvor gamle de var?

A: Ja, di hadde to klassa då når eg gjekk i skulen. Det va småskule og storskule. Me gjekk tre år i småskulen, og to år ... og fira år då i storskulen. Men eg gjekk bere to år i småskulen, huska eg. So sku eg fløtta opp.

I: Kunne du så mye på forhånd du da, at du ikke trengte å gå tre år?

A: Eg kunne lesa, va flink å lesa ette alderen.

I: Var det mange som gikk i den skolen?

A: Ja, me va no vel ... eg veit kje kor mange me kunne vera. Det va no tre årskull i småskulen og fira årskull i storskulen, so me va ... me va ... me va to ... me va kje anna to so bjønte det året eg bjønte. Ein seks-sju i mensteklassen, og ein seks-åtta elle nåke sånt i støssteklassen, kanskje. Det va kje nåke meir.

I: Så det var `ke så stor skole du gikk på da? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Nei, han va no kje so stor.

I: Var de gjerne så små alle skolene rundtomkring eller ...?

A: Nei, eg veit ikkje eg. Da va no ... på Tysse va no vel litt meira, kanskje.

I: Da må det ha vært ganske mange unger, til fabrikkfolket og sånn?
A: Ja-a.
I: Hadde du lang skolevei?
A: Ja. Da va no sånn jøno utmarkjæ me måtte gå, also. Da va no ofta litt snø om vinteren, da va mykje snø ofta då. Og då ... va me no ofta ... me hadde ofta ... me hadde kje nåke ... me gjekk i tresko, mykje og ... Da va kje so godt når da va stor snø. So va me våte på beinæ då og so måtte me ... hadde me gjedna med oss eit byte ... sokkabyte so me bytte. Og so hadde me nåke sånne utslitne tresko so me hadde på oss idni skulestøvo (ler).
I: Å-ja. Så dere skifta både sokker og sko når dere kom dit da?
A: Ja, det måtte me gjera.
I: Så dere hadde ikke andre støvler om vinteren og sånn altså?
A: Å, nei-då. Ikkje nåke støvla. Eg va no litt stor, seinare, so fekk eg no eit par støvla. Eg va no .... men ... (stoggar opp).
I: Hvordan syns du det var å gå på skole da?
A: Jau, eg syns da va kjekt å gå på skulen. Me hadde ... me fekk no leika litt og ... friminutta, veit du, og ... Men di va streng ... læraren va streng. Måtte kunna utenatlekso te punkt og prikk.
I: Hva skjedde hvis dere ikke kunne den da?
A: Nei, då fekk di no straff då, veit du. Skamkrånæ somme tie og (småler) ..., og sitja inne, kanskje, ette på i ... "sitja attpå," so di sa, og lesa. Eg huska søster mi, ho hadde .... ho kunne kje so godt tabellen, ein gong. Og ho og ei an`n, dei va jamgamle, dei kunne kje tabellen ein gong, då måtte di sitja attpå – og lesa på den. Men om di lærde han med da, da veit ikkje eg.
I: Så det var det som var straffemåten altså?
A: Ja-a, da va straffemåten – te sitja attpå. Og i skamkrånæ viss di ikkje oppførde seg sjikkeleg.
I: Hendte det ofte da? (tek oppatt spørsmålet.)
A: Hende no somme, veit du.
I: Men det var `ke snakk om fysisk straff?
A: Ne-ei, nei.
I: Var det sånn at ungene stort sett synst det var kjekt å gå i skolen tror du?
A: Nei, dei fleste so va gla di va ferige. Da va no dei fleste so va gla når di va ferige med skulen, trur eg. Da va kje so voldsomt ... da va kje nåke sånn ... Da va kje slek so da e no at di kan ...ha mykje te ... intressant no, veit du. Men di e skuletrøytte no òg.
I: Ja, det er de. Men det var ke sånn at dere hadde lyst til å gå videre på skolen da, når dere var ferdige?
A: Ja-a. Eg gjekk no på lærarskulen ette på.
I: Ja, det har jeg sett av bygdeboka.
A: Men eg va no ... da va no i dan tiæ da va vansjeleg om plassa når du va ferig. So da va no (ikkje so heldig) ... (Veggklokka driv og slær 11.) Eg va no einogtjue år då når eg bjønte på lærarskulen. So va da tre-årig.
I: Kan du fortelle litt om hva du gjorde i de åra før du begynte på lærerskolen – fra du ble konfirmert og ...?
A: Før eg bjønte då va eg no heima, men so va eg i tjenesta hos ein ... ein tå lærarane so va dar oppe, han ... Eg va vel ein seksten år, tenkje eg, når eg ... eg va dar eit år omtrent te han – hos han. Og so gjekk eg ein folkehøgskule, på Voss. Eitt år. Elles so va eg no heima, da va kje nåke ant, da va ...
I: Du var hjemme og hjalp til med gardsdrifta?

A: Ja, måtte vera heima. Måtte no liksom bytast om å vera heima. Me va no månge jente, me, og då måtte me bytast om å vera heima og hjelpa te.
I: Fikk de andre søstrene dine noe utdanning?
A: Nei, da va kje nåken so ... ja, gjekk ein husmorskule, trur eg, to tå søstrena mine gjekk husmorskule. Og so hadde di no ... elste søster mi ho va på ein syskule, so ho lærde no å sy litt og ... sydde te adle gutane sine. Ho vart no ... fekk no so månge guta, ho, hadde sju guta. Sydde bokse te adle gutane sine når dei va små. So ho gjekk bere ein elle da va to år og gjekk på ein syskule, om vinter`n, eit sånt sykurs. So då ... so ho lærde mykje å sy. Og da gjor no dei andre òg, dei gjekk på syskule, sykurs. So di sydde no te seg sjøl litegrann.
I: Gikk ikke du ...?
A: (held fram) Eg huska søster mi sydde eit forkle te meg, det va julapresang sku vera. Eit forkle med sånn kappe rondt nere og ... Eg syns da va so stas ... Eg sat oppe om kvel`n når ho sydde på da forkleet, eg kunne kje leggja meg før da va ferigt. Da va kje so store krav, den gongjen.
I: Det året du var i tjeneste, hva slags arbeid gjorde du da? (Tek spørsmålet oppatt.)
A: Nei, da va no husarbeid, og so hadde .. og so hadde di eit lite gårsbruk, og då va me no ute om sommar`n. Om vinter`n so va da no idne og kokte og vasste opp og sånn. Da va da te gjera ... og so hadde di nåke små onga. So måtte eg høgga litt ved, og so måtte eg vaska kle og ...
I: Det var allslags arbeid det altså?
A: Ja-a, allslags arbeid.
I: Var det lange arbeidsdager da, eller var det ... måtte du være på plass hele tida?
A: Ikkje nåke sånn særsjelt fritid elle nåke sånt. Fekk no reisa heim ein og an gon... søndagen og sånn. Men helles so va da no ikkje nåke sånn fritid.
I: Hvordan kom det seg at du begynte på lærerskolen da?
A: Nei, eg veit kje eg kor da hadde seg, eg hadde no løst te få ein utdannelse, men ... So då vart da ... da va no kje so mykje ant te velja då. Da va no da di treiv te når da va nåke di ville gå på skula, so da va lærarskulen elle nåke sånt.
I: Du måtte vel ta gymnas på forhånd da?
A: Nei, ikkje nåke gymnas på forhånd. Nei, me hadde bere ein folkehøgskule og ... og so folkeskulen. Da va alt ... adle forberedelsene me hadde. Men da gjekk no. Kom no ijøne.
I: Hvor var det du gikk på lærerskolen hen da?
A: Elverum.
I: Det var langt hjemmefra det?
A: Ja, da va långt heimafrå. Det va no litt vansjeleg å komma inn på lærarskulen. Stord va no nærare, men litt vansjeleg å komma inn, da va fæla søknad då ei stonn. Og da va da no dar borte òg, men da va litt bere å komma inn dar.
I: Var det noe opptaksprøve eller noe sånt?
A: Ja, da va opptaksprøve. Me hadde opptak i alle fag ... (tenkjepause), i religion og historie og geografi og alt datta dar hadde me opptaksprøve i – og i rekning.
I: Var det de samme faga på lærerskolen som du hadde hatt på folkehøyskolen også?
A: Ja, det va dei same fagæ, eg hadde kje nåke språk elle nåke, *då*. So da va no litt domt, eg trur eg hadde hatt anlegg før språk. Eg likte so godt grammatikk og sånt. Men da hadde me kje, nei.
I: Du var enogtyve da du begynte på lærerskolen?
A: Ja. Og firogtjue når eg va ferig. So då hadde eg no litt vikariat og sånn, eg hadde kje nåke fast post før ette på eg ... eg va gammal (ler litt).
I: Nei-vel. Hvor var det du hadde vikariater og sånn da?

A: Da va no her i bygdæ det, (hadde) vikariat. Du sjønna det va no ein lærar so va sjuk og sånn. Og so ... da va no ette eg va jift, og ette eg hadde fått mine bødn vaksne, da va då eg reiste ut, igjen. Då reiste eg ... eg va tre år i Brekken, eg va borti Sør-Trøndelag. Der va eg i tre år. So va eg i... to år borti Ask... elle i Her(d)la. Og so søkte eg no her på Tysse då og va her i bygdæ då dei siste åræ.

I: Var det vanskelig å få lærerjobb da du var ung også?

A: Ja, da va vansjeleg ei stonn, men då ... ette eg va ... då kunne eg no fått jobb lengje før, men då vart da kje eg reiste ut. Da va no godt å få jobba då ei stonn. So då tok di no folk so ikkje hadde utdannelse, tok di no te lærara mykje. So då hadde eg nok fått plass hadde eg søkt, men då vart da kje eg søkte, eg hadde bødnæ mine små. Eg har no bere to. Eldste ho va edleve år ho då nommer to va fødd. So dei e no ... Ho bur i Austevoll, helle dar ute, no, og sonen min han bur i Holmestrand.

I: Så de er et stykke unna begge to.

A: (held fram) Han e sånn lærar elle sånn inspektør dar borte – på ein sånn ongdomskule.

I: Var det fordi du ville tilbake til hjembygda at (... snakkar i munnen på kvarandre)?

A: Nei, eg sku no hjelpa son min litt, da va no økonomisk, veit du, då når han ... han va no nokso flink og ville på skule han. Han gjekk på Universitetet i Bergen, han. Og so måtte han no ha litt hjelp, veit du, då.

I: Jeg tenkte på da *du* var ferdig med lærerskolen, ...

A: Nei, då va da vansjeleg å få plassa.

I: Var det over alt i landet det, eller var det ...?

A: (avbryt) Ja, da va øve alt. Det va mange tå dei so gjekk på lærarskulen i lag med meg so ikkje fekk nåke plassa før mange år ettepå. So da va kje so greitt då. Du va i sjyld, veit du, og ... So da va kje greitt.

I: Så du måtte ta studielån du òg ja? (Tek spørsmålet oppatt.)

A: Ja, eg hadde lån. Eg hadde no vel ein tre-fira tusen, tenkje eg, i lån. Da va no kje so fælt mykje di brukte då, måtte no vera sparsomme, veit du. Eg lånte lite grann privat, og dei har eg no ... betalte eg no tebakars – då når eg vikarierte.

I: Var det såpass vikariater at du kunne leve av det, eller måtte du bo hjem..., bodde du hjemme hos foreldrene dine?

A: Ja, eg budde heima då. Vikarierte litt ette eg va jift òg. Då budde eg no her ... her i nærheitæ tå Tysse.

I: Det tok noen år fra du var ferdig på lærarskolen til du gifta deg, gjorde det ikke det – en seks års tid?

A: Ja, eg va ... eg va ... eg hadde eit vikariat ... (Det ringjer på.) No e da inkvan so kjem. (Pause i opptaket.)

I: Jeg lurte på om du kunne fortelle litt mere fra ungdomstida di?

A: He. Ja, eg veit ikkje. Da va no kje so mykje å gå på då når eg va ong, men ...

I: Det var et ungdomslag, var det ikke det?

A: Nei, me hadde kje det der oppe. Det va det kje. So det va no kje so mykje, me hadde no vel av og te ein sånn ... korgaleik, (småler) korgaleik so di laga te sånn ... Og so kjøpte di då, mannfølkjæ kjøpte da so kvinnfølkjæ hadde laga te. Og damed so va da uklart ken si korg di fekk, also.

I: Å-ja.

A: Ja-a. Da brukte di no mykje då.

I: Så jentene hadde laga mat ...

A: (avbryt) Dei hadde laga mat i ei kørg. So hadde di liksom auksjon då, og so kjøpte gutane detta her, og so visste di ikkje ken si kørg di fekk, also. Nei, da va no ... Datta der hadde me på lærarskulen òg det ein gong, huska eg.

I: Dro dere ut på tur da eller sånn ...

A: Ha?
I: Var dere ute på tur da?
A: Nei, det va me kje, me va heima. Det va no liksom ... liksom høve di hadde te komma samen, og so hadde di gjedna litt dans og sånn, ettepå då.
I: Men nede på Ådland var det vel et ungdomslag, var det ikke det?
A: Jau, det va kanskje det..., eg e kje sikker om ..., men oppå Tveit, dar hadde di ongdomslag. Dei ... det va mykje sånne oppvakte ongdomma oppå Tveit. Der hadde di diskusjon og ... førsjelligt.
I: Hva slags diskusjoner og sånt hadde de da – var det sånn forskjellig ...?
A: (avbryt) Nei, eg veit ikkje, eg va no kje der oppe på datta dar eg, men ... Ho so va inne her i stad, ho e derifrå. Ho e jift med ein son te bror te man`n min – bur her nere.
I: Var det for langt unna for dere å gå til ...?
A: Ja, da va før långt før oss. Me hadde kje nåke sånt.
I: Så den korgaleiken det var en måte som de unge kom sammen med der som du var da?
A: Hm?
I: Hvordan kom de unge sammen der som du bodde da?
A: Nei, eg veit kje eg. Di gjekk no ette veien, veit eg, og so traftest di vel då. Det va kje nåke sånt særsjilt, di hadde.
I: Kan du huske om det var noen skikker med nattefriing og sånt da du voks opp?
A: Ja, det va det visst. So di lurde seg vel på lofte te jent`na òg (ler). So ho skriv ho der, ho der Marie Widnes. He-he, da va nåke sånt – då.
I: Ja, var det noe som (snakkar i munnen på kvarandre).
A: Det va no kje so ofta, di låste no igjen heima (ler). Far va redd før jent`na sine, kan du veta (ler).
I: Han hadde nå så mange å passe på også.
A: Ja-ha-ha.
I: Ja, hadde han noen grunn til å låse ...
A: Eg trur kje di kom inn der so mykje, nei. Di va no gjedna uti veiena og gjekk litt om laurdagskvellane og sånn, og då traftest di no, veit du, dasse ongdomane. Eg va kje so mykje med på datta dar, da va no helst dei so va eldre, eldre søstr`na mine. So eg va no kje so mykje ute og gjekk – før eg kom *ut* på andre plassa, då va eg no gjedna litt meira ute.
I: Var det noen an`n lagsvirksomhet eller noe sånt som dere kunne være med på da?
A: Nei, det va kje nåke sånn særleg da då.
I: Det var `ke noe religiøse møter eller sånt som var heller?
A: Ja, sånne kristelige møte va da no ofta, sånne so reiste, emissæra og sånn. Men ... nåke ant va da no visst ikkje so mykje. Eg huska ein gong da va ein so reiste kringom og spelte grammafon. Det huska eg. Da va ... det syns me va svært, veit du. Ein tå desse gamle sveivegrammafonane. Ja-a. Men elles va da kje so mykje te gå på, nei.
I: Hvordan var det vanlig at folk traff den som de skulle gifte seg med da?
A (ler) Nei, eg veit kje, eg. Di gjekk no te kjørkje, og då såg di di no gjedna ut, eg veit kje eg. Eg veit kje kor di fant da ut desse her mannfølkjæ.
I: Pleidde dere gå i kirka hver søndag? (Tek spørsmålet oppatt.)
A: Ja, me gjekk ofta te kjørkje. Da gjor me. Da va no einaste plassen me hadde å gå då, søndagane. Ongdommane gjekk meira te kjørkje då so no – går ikkje so mykje no, trur eg. Ho so e i Amerika, ho skriv at dar borte går di i kjørkjo kvar einaste søndag. Ein sånn religiøs familie ho e visst hos.
I: Men det var vel brylluper og sånt som dere traff hverandre kanskje?
A: Ja, då va di no ... Då hadde me no oftaste bryllupet heima då. Da va kje på nåke hotell og sånt. Di hadde brødløp, so hadde di i to daga, oftaste. Og då hadde di no heima.

I: Da søster di gifta seg, var det bryllup hjemme hos dere da?
A: Ja-a, det va brødløp heima, beggje dei to eldste søstr`na mine.
I: Hvor gammal var du da?
A: Eg, då når eg jifte meg, då va eg tredve år – omtrent, ikkje fullt tredve. Men me hadde brødløpet her, also, hos *hans* foreldre. Far min va sjuk då, han låg. Han hadde fått slag og låg te sengs mykje.
I: Hvordan var det dere traff hverandre da?
A: He-he, nei, da va no i eit brølløp føsste gångjen. Og so va no eg mykje her når eg vaks opp. Eg va hos søster mi, han ... man`n te søster mi va lærar her og so va eg mykje der og passte bødnæ deira og sånn. So eg kjende no han ifrå før.
I: Var det her du var tjenestejente òg?
A: (oppfattar ikkje spørsmålet) Ja, det va no ... det va no i eit brødløp me vart kjende føsste gångjen, det va brødløpet te bror te man`n min. Det va der borte på Kvernes, og so ... Då gjekk no eg på lærarskulen. Det va no liksom føsste gångjen me vart kjende. Og so kom eg no her og vikarierte før svogeren min då, og då vart me no meir kjende. Ja-a. So gjekk no da.
I: Kan du fortelle åssen det var i bryllupet deres?
A: Det va mang... mykje folk i bryllupet. Di ba no granna og slekt og sånn, då. Søsjen og søsjenabarn og ...
I: Var det sånn at dere bad alle som bodde i grannelaget?
A: Ja-a, det va som regel slek, ja, at di ba naboa og slektninga og sånn, so da vart ofta månge. Og so hadde di da i to daga.
I: Begynte det samme dagen som dere blei vidd da?
A: Ja, bjynte same dagen. Di hadde ... di hadde mat før di gjekk te kjørkje, og so hadde di mat når di kom igjen. Middag då når di kom igjen. Og kvells og sånn, rømmagraut va da no mykje, di brukte.
I: Var det rømmegrauten en pleide å bruke alltid når det var fest?
A: Ja, di hadde ... da va ... (stoggar opp).
I: Bryllupsmiddagen, hva var det for noe da?
A: Nei, da va no kjøt da, helst. Sosakjøt og sånn, steik elle sosakjøt elle nåke sånt. Da va no sånn ette so di fant ut. (Pause.)
I: Du var lærervikar da dere gifta dere, var du ikke det?
A: Om eg va ...?
I: Var du lærervikar etter at dere hadde gifta dere?
A: Ja, eg va lite grann. Ifrå ... det va no so av og te her ... vikar ... eg va no vikar på Tysse – ein gong. Brita Stue, va lærarinda, ho va på sykehus og då va eg vikar dar inne. So eg va no ... månge plass i bygdæ då. Og so ... han so va lærar der heima hos oss, han hadde so lång vei, so eg va ofta vikar før han (i) småskulen. Men da va no helst før eg va jift, men litt ettepå òg.
I: Blei det mindre da altså?
A: Hm?
I: Fikk du mere arbeid med å stelle hus og sånn da?
A: Ja, hadde no arbeid då når .... (det) hadde eg no. Man`n va no mykje ute, han gjekk i ruta her han då, va rutebåt. So dei hadde da no travelt, og so måtte di ta ekstratura ...

Slutt på band I.

Band II, A-sida

I: Du skulle få arbeide i skolen etter at du hadde gifta deg òg?

A: Ja, eg va no i grunn ... då ifrå ... Eg va jift i tredve, so da bjynte å bli litt bere med lærarjobba då. Seinare ifrå niogtredve elle førti, då når krigen va, då kunne eg visst fått jobb, men då vart da kje eg søkte på nåke.

I: Var det fordi du hadde fått små barn det da?

A: Ja, eg hadde ... døtter mi ho va konfirmert i seksogførti, og guten min han va fødd i treogførti - nei, i ... treogførti, ja. So då hadde eg no små barn då, veit du. Da va kje før i seksogfemti eg bjynte på nytt igjen.

I: Hadde du lyst til å være hjemme og stelle barna, eller var det det at det var vanskelig å få barnepass?

A: Ja, eg likte godt å vera heima, eg likte godt husarbeid og sånt.

I: Så det var kjekt så lenge barna var små?

A: Ja. Det va i grunn kjekt då.

I: Den første tida dere var gifte, hvor bodde dere da?

A: Då budde me her idni nærheitæ tå Tysse. Barmen heite da.

I: Var det der mannen din hadde vokst opp det eller?

A: Nei, han e vokst opp her han. Her oppe e hans barndomsheim. So bygde me då her. Han fekk ein grunn her og bygde - (i seksogtredve). (Snakkar i munnen på kvarandre.)

I: Så dere bodde aldri hos svigerforeldrene deres?

A: Nei, ikkje nåke sånn. Va dar litt då når ... når me bygde på huset her. Då va me lite grann dar, men ... da va no kjekkaste å få vera før seg sjøl, syns me.

I: Var det sånn at en helst ikke ville gifte seg før en hadde fått sitt eget hus og sitt eget hjem?

A: Da va no mykje sånn, ja. Hadde no helst løst å leita te me hadde vårt eie. Me leigde hus dar idne also, fössta. Det va no kje so stor husaleiga, me betalte femten krone mån`n, trur eg (ler litt).

I: Det var `ke så mye mot nå det.

A: Da va husaleigo. Me hadde kje so mykje husholdningspenga helle, me hadde ... me hadde ti krone veko, so me sku leva tå. Det va kje so mykje.

I: Men elles så var det vel ikke så uvanlig i bygda at unge nygifte flytta inn hos gamlefolket?

A: Nei, da va no helst på gårane. Der va det no oftast slek at dei onge flytta inn. Då hadde di no ofta ei vilkårsstova elle slek dei gamle då. Og so hjelpte di no te mykje dei gamle òg, veit du, på går`n – so lengje so di va go te. Men helles so ... dei andre, dei so ikkje hadde går, dei hadde no kje nåke ... Dei fløtta kje inn te føreldræ, trur eg, so mykje.

I: Så det blei mest på gårdane det altså, hvor de hadde arbeid og sånt ...?

A: Ja, (det va) på gårane.

I: Syns du det var en stor overgang for deg da du fikk egne barn?

A: Ja, det va no kje so ... Eg syns det va no kjekt å få mine egne.

I: Stelte du barna dine omtrent på samme måten som det som var vanlig hjemme hos foreldrene dine?

A: Nei, me hadde kje den der ... ikkje slek so når eg va liten also. Me hadde da kje sånn, da va no bjønt å verta anderleis då. Me brukte kje den der reivingjæ og detta her.

I: Nei-vel.

A: Nei, eg va no på klinikkjen eg, då eg fekk beggje. So der va det no kje nåke sånt. Di hadde ei skjorta og ... bleie og sånt so almindeleg, slek so di bruka no mykje.

I: Tenkte dere kanskje mere over hvordan barna skulle stelles og sånn da på den tida?

A: Ja, gjor no det. Va no meira ... kun`no lesa og følgja med mykje òg då.

I: Var det i Bergen du fikk dine?

A: Ja. På Kvinneklinikken.

I: Men fremdeles var det vel ganske vanlig at barn blei født hjemme, var det ikke det?

A: Ja-a, eg trur kje da va (so vel) so mykje då. Di reiste no helst på klinikken, trur eg, dei flestre, men det hende no di fekk heima òg. Det va no jormor då, veit du, og greier, so ... det gjekk no visst. Det hende no at di ikkje kom seg te byn, og at di vart fødde på veien.

I: Ja, det er jo lang vei.

A: Det hende no det òg. Det va no ei her borte, ho kom seg no ikkje anna opp i Hisdalen. So der fekk ho sitt. Eg trur det e (...).

I: Ellers så var det vel ikke så vanlig at barn døde lenger?

A: Nei, det va kje ... Det va no kje so vanleg. Det hende no visst, ja. At di dø på bar... at moræ dø på barnseng hende no visst òg. Det va no ei her oppe so dø på barnseng. Det va no på den tiæ når ..., det va no ette eg va jift. Dei hadde visst ikkje henta jormor, ho blødde seg i hel, sa di.

I: Men da hadde dere jordmor som var fast her i bygda altså?

A: Ja, her va jormor so va fast då.

I: Det var gjerne kommet dokter òg da? (Tek opp att spørsmålet.)

A: Ja, doktar va her *då*, so da ...

I: Men det vanlige var altså at en skulle reise på klinikken og ...?

A: Ja, di gjor no det, mykje då.

I: Syns dere det var tryggere det å føde på klinikken enn hjemme? (Tek opp att spørsmålet.)

A: Ja, eg trur da, di syns no da va tryggare. (Pause)

I: Du og mannen din, dere hadde `ke noe dyr eller noe sånn gardsbruk ved siden av?

A: Me nei? Nei, me hadde kje nåke. Me hadde no bere lite grann her so me hadde ein par saue og sånn, føssta me va jifte. Men helles so har kje me nåke går, nei.

I: Det var mest huset og ungane som var arbeidet ditt da?

A: Ja-a, det va no det.

I: Hadde du aldri lyst til å dra ut og arbeide ved siden av husmoryrket mens ungane var små?

A: Nei, eg va kje ute nåke, særleg. Ikkje uten det va no ein liten vikarjobb av og te. Det va kje so mykje.

I: Var du med i noe slags lagsliv eller organisasjoner eller noe sånt, mens ungane var små? (Tek opp att spørsmålet.)

A: Nei, det va eg ikkje. Ikkje då. Seinare so va eg no gjedna med i litt sånn misjonsførening og sånn. Men ikkje då når me hadde barna små.

I: Hvordan tenkte du deg at familien din skulle bli før du gifta deg? Hadde du tenkt å få mange barn og ...?

A: (ler) Ne-hei! Nei, det hadde eg ikkje tenkt nåke på. Det va kje so ... det va kje so go rå då, so di kun`kje få so mange barn.

I: Nei, var det sånn at en ville forsøke å begrense antallet ...?

A: Ja, laut no begrensa da visst, litt. Det va no ... det va kje so go rå då te få mange barn, men det va no dei som fekk (nåkk) mange då òg.

I: Ja, det var vel mere vanlig kanskje å få en fem-seks enn det var få to, var det ikke det?

A: Det va no førsjelligt. Somme fekk no månge då òg, og somme fekk no få. Da va no vel ... Eg veit kje kor da hadde seg eg.

I: Tror du folk bestemte seg for om de ville ha mange eller om de ville ha få barn?

A: Nei, eg trur kje det. Eg trur kje det di hadde noe bestemmelse om det, men ... det va vel somme so va meira ... hadde meira ansvar kanskje og ikkje syntes det va kje so greitt å få so månge.

I: Ja, ansvar, mener du at det var, det å ha ansvar for ...?

A: (avbryt) Ansvar før levemåten, veit du, og sånn. Jah. Og so e da no kje adle so va so intressert i te få so månge barn helle. Det va kje alle so va lika intressert i barn. Somme likte no ...

I: Hvis en skulle hjelpe barna fram, så var det vel kanskje viktig òg ...?

A: Ja, hjelpa di fram og sånn so ... kunne kje ha rå te ha so månge.

I: Var mannen din på sjøen hele tida?

A: Ja, han gjekk mykje sånn i ... Føsst ... ei stonn gjekk han i rutefart, og seinare so va da no fisje og sånn og ... Førde sill og sånt ifrå ... då når da va no so mykje godt sellafisje.

I: Ja, var han med og fiska han òg?

A: Nei, han va med og førde bere. Ja, han va no med og fiska litt då, men då va da dårlige tie so di vart ikkje åv med det, det som di fiska eingong. Far hans han va notabas. Og han gjor da no godt ei stonn, men då på slutten, då når man`n min va ... Og so gjekk han no litt på skule han òg. Han va kje heima so mykje, han gjekk no ein ongdomsskule innpå Framnes, og so gjekk han folkehøgskulen på Voss, eitt år, og so bjynte han på gymnaset på Voss. Men so blei han so sjuk, han fekk sånn ... han fekk sånn ...han hadde hatt sånn ... operasjon, og so hadde visst doktaren teke altfør mykje ut, og so fekk han sånn førferdeleg verk oppi håve. So då måtte han slutta på gymnaset. Og so va da dårlige tie før dei so hadde gått skula, so di fekk ikkje nåke jobba, og so vart da kje han bjønte igjen – på nåke. So bjønte di no med danne dar båten då. Rutebåt føsst, og so seinare so ... Da va no i krigen, då vart da slutt på dan dar ruten. Og då va da han bjønte på dan dar sellaføringjæ og sånn. Di hadde no i grunn altfør liten båt, so da vart no kje ... Di arbeidde tongt.

I: Han kjøpte en frakteskute sammen med broren sin, var det `ke sånn?

A: Ja, han hadde båt sammen med broren.

I: Det var de to som arbeidet på den båten?

A: Ja, det va dei to. So hadde di no som... ein par guta med seg so ... om vinteren. Men det va eit hardt liv. So han har no kjystsjipparskulen, han man`n min, han tok kjystsjipparskulen då ..., men likavel da va ikkje nåke arbeid å få, ikkje nåke, elles so hadde kje han vørte her, trur eg, han hadde ...

I: Så den eneste råda var å starte for seg sjøl, var det derfor da?

A: Ja. Han ... då ette han hadde gått kjystsjipparskulen då gjikk han på alle kontor so va og søkte om plass, men ikkje tal`om. Det va bere dei so hadde kjennskap og..., det va dei so fekk plass, endå han (e) flink sjømann, men ...

I: Var det i mellomkrigstida det?

A: Hm?

I: Va det i tredveåra det?

A: Det va i tredveåræ, ja. Nei, det va ei sørgjeleg ti.

I: Var det mange sjøfolk særlig som gikk ledige eller? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Ja, det va det visst.

I: Eller var det all slags? Var det vanskelig å få jobb over alt?

A: Ja, det va vansjeleg øve alt. Det va månge so hadde styrmannsskuleeksamen, di fekk ikkje plass på båta helle. So det va ei vansjeleg ti, ja.

I: Og det var etter dere var gifte òg det?

A: Nei, det va no før ... ja, det va no ettepå òg, ja, sameleis. Men då va han no bjønt på den der båten so han hadde sjøl då, han og broren, ette me va jifte, men det va no helst *før* han ville kome seg ut. Men ikkje tal`om, det va kje nåke å få. Han va so sikker ... viss han føsst hadde fått kome inn, so va han sikker om at han sku kome seg lenger, men det va det at han fekk ikkje tjangs.

I: Det var vel mange på den tida som ikke fikk de sjansene de hadde håpt på?

A: Ja, det va månge.

I: Følte du det også på samme måten, at du ikke fikk sjangs? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Ja, det va på samme måten det òg. Va kje rå å få ein huspost eingong. Ikkje tal`om.
I: Tror du at det var ekstra ille her i Samnnager på grunn av fabrikkbrannen og det som skjedde her?
A: Ja, det va no gjedna det. Verre her ... men det va no visst ... det va no lika gale øve alt.
I: Eldstejenta di er født i nittentoogtredve ... (Tek opp att.)
A: Ja, ...
I: Var det sånn at mannen din var arbeidsledig noen gang da etter at hun blei født?
A: Nei, han va kje arbeidsledig. Han gjekk no med båten han då, den båten so di hadde. Nei, arbeidsledig, han måtte arbeia seg mest i hel han (ler litt). Det va kje ... (han) va just ikkje nåke arbeidsledig. Men viss di sku tjena litt, so måtte di ta ekstrajobba utenom den rutetrafikken so di gjekk med. Og då va da mykje nattevaking og ... So han sleit hardt.
I: Det var vel ikke så mye du så til mannen din da de første åra?
A: Det va no kje so mykje, nei ... ja-ja, han va no heima ... di kom no heim som regel om fredagen, då løste di, men so va da ofta da di måtte ta ekstratura. Di gjekk mykje tura før elektrisitetsverkjet oppi Frølandsdalen.
I: Var det frakting av materialer og sånt da?
A: Ja, det va det.
I: Så det var bare i helgene at de var hjemme da? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Ja, det va bere i heljena di va heima. Det hende no at di bytte dei to òg, brør`na. Broren han va no ofta mykje sjuk tå asma, so måtte han vera heima. Og då måtte no min mann gå åleina og ... hadde no nåken guta med seg. Det va bere sjuårig skule då, so då hadde ein ofta desse smågutane med seg. Når dei va fri skulen og sånn, so likte di å tjena litt penga dei ...
I: Var det sånne som nettopp var ferdig med skolen altså?
A: Ja-a. Det va kje nåke niårig skule då. Han va bere sju år.
I: Når mannen din var vekke så mye, så var det du som fikk hovedansvaret for ungen da?
A: Ja, det va no det.
I: Så det var ditt ansvar med oppdragelsen og ...
A: Ja, det vart no helst det.
I: Ønskte du noen gang at du kunne ha delt ansvaret mere med mannen din og sånn?
A: Ja, det e no sant, ... det e ... iallfall for gutane so trur eg det e godt at faren e med og ... tek ansvaret.
I: Men det bodde vel ganske mange folk i nabolaget rundt her, så du hadde vel kontakt med en del andre?
A: Ja, det va her no. Det va no ... di budde no rondtomkring her, det e no helst slektæ hans, so va her då., i nærheitæ. So va her no naboa, ja, men det va kje so mykje me gjekk te kvarandre. Stakk no gjedna innom stonno viss di hadde eit ærend, men det va kje sånn elles at me hadde nåke samkvem.
I: Nei-vel. Så det var ikke så mye sånn selskapelighet eller sånn heller da kanskje?
A: Nei, ikkje so fælt mykje.
I: Dersom du blei sjuk, for eksempel, var det noen som hjalp deg da med å stelle ungene og huset og sånn?
A: Nei, ein måtte no ty te inkvaslas slektninga då, kanskje. Det va kje sånn at di hadde nåke heimahjelp elle nåke sånn – husmorvikar elle nåke sånt då. Men di hjelpe no te viss da va nåke sjukdom og sånn, ja.
I: Hadde du noen gang ansvar for noen eldre i slekta? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Nei, det hadde eg ikkje. Svigerføreldræ budde no her, men ... ja, me hjelpte di no lite grann av og te, men helle so hadde me kje nåke ansvar før di sånn. Svigermor ho dø no

gansje tileg – ja-ja, ho va no firogsytti år, veit eg, når ho dø. Svigerfar han vart no åleina då. Men so fløtta no døtteræ hans opp te han då. Ho va no jift og ..., det va no ho so fekk ... ho so har øvetekje huset dar. So ho sku no ha ansvar før han då.

I: Før du gifta deg og sånn, tenkte du på det at det var om å gjøre å bli gift?

A: Ne-ei (ler litt), tenkte no kje so mykje på da.

I: Du tenkte det var `ke så viktig om du blei gift eller ikke, du skulle nå greie deg likevel eller?

A: Eg veit kje eg, eg tenkte no på at eg ville no ha ein stilling i tilfelle eg inkje vart gift (ler).

I: Men tror du det var viktig for ungdommen i det hele tatt at en skulle gifte seg?

A: Eg trur det, det var no mykje slek då at di gjekk ... at di tenkte på ... at di gjekk og venta på at di sku verta jifte, trur eg. Trur kje di tenkte so mykje på te få nåke stilling, månge, og klara seg sjøl. Men det førandra seg no litt ette kvart. No e det no meira sånn at di må ha eit yrkje alle, enten di e guta elle jente.

I: Enten en gifta seg eller ikke.

A: Enten di jifta seg elle ikkje, ja.

I: Men dere tenkte at det blei enten et yrke eller å gifte seg da?

A: Ja, det va gjedna nåke sånt.

I: Så det var `ke så aktuelt å tenke seg begge deler?

A: Nei, eg hadde i grunn`n ikkje det.

I: Hvordan tror du det ville vært å være ugift etter at en var voksen?

A: Ja, det hadde vel gått ... hadde vel vorte ei rå då òg.

I: Var det noen av søskena dine som ikke gifta seg?

A: Ja, eg hadde ... to søstre so ikkje va jifte. Dei va no heima på går`n med bror min. Men dei andre va no jifte, ja.

I: Tenkte en på det at en måtte skaffe seg et levebrød før en kunne gifte seg?

A: Nei, tenkte visst ikkje so mykje på det, trur eg.

I: Det var noe som kom av seg sjøl det da, kanskje, ...?

A: Ja, ette so intress`na va, veit du, so ... Trur kje di tenkte so mykje på te få eit levebrø. (Pause.)

I: Jeg lurte på om du kunne fortelle litt mer om tredveåra og hvordan dere opplevde de jeg?

A: Det va no ei trasig ti, veit du, når det inkje va arbei å få. Det va da.

I: Men mannen din hadde arbeid etter at han fikk den skuta?

A: Ja, han hadde arbei. Voldsomt mykje slit, men han hadde arbei so dei ... Di arbeidde no meir ... da va no umennesjeleg ette so di arbeia no, iallfall. Mykje slit og nattevaking og ... Men di va no sterke og greidde no mykje då di e onge, veit du. Men det kjem vel igjen når di e eldre – har slite før mykje.

I: Dere hadde vel gjeld og greier på den båten å slite med, da kanskje? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Nei, di hadd`kje gjeld. Di va so redd å setja seg i gjeld (ler litt). Ville kje ha nåke gjeld. Di syns da va ei skam å låna penga.

I: De greide seg uten det?

A: Ja, di måtte det. Di hadde no ... di sku no hatt ein større båt, men det va da at di va før redd å setja seg i gjeld. Elles so hadde di no gjort da bere viss di hadde fått ein større båt og arbeidt mykje lettare, veit du. So dei hadde den dar sjøyto, ho va no kje so stor.

I: Men det var vel mange andre her i bygda som hadde vanskelig for å få arbeid og ...?

A: Ja, da va visst ... da va vansjeleg før månge. Det va da.

I: Kan du huske nå hvordan det var med de som ikke fikk arbeid, hvordan de klarte seg, var det kommunen som måtte stille opp da?

A: Eg veit kor di klarte seg. Det va no ... di måtte no vera sparsomme, veit du , og ... Det va no ein og an jobben gjedna di fekk, og so ... Det va kje so greitt før månge, trur eg.

I: Det var kanskje en del som måtte flytte ut av bygda?

A: Ja, det va månge so reiste ut or bygdæ då når fabrikken brann. Då va det no månge som måtte reisa ut or bygdæ.

I: Kan du huske den brannen? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Ja, eg huska godt den brann`n, me budde då ... me budde her idni Barmen, me då, og såg brann`n, òg. Og søster mi ho va ... ho tjente hos ein ... ein so va næraste naboen te brann`n. Di trudde no sekkert at det huset hadde brent opp, men ... Og då kom ho ut te oss, also, om nattæ – elle kvel`n.

I: Men det var ikke noen andre hus en selveste fabrikken som brant ned da altså?

A: Nei, det va kje andre hus so brente opp. So da va no mest rart at ikkje da gjekk meira. Før den førretningjen dar so søster mi va, den va no so nære at di trudde no det hadde tekje fyr i den, men di fekk no berga det slek at (det) brant ikkje opp.

I: Visste du noe om hva som var årsaken til brannen da?

A: Nei, eg veit ikkje eg ka det va. Eg veit kje om di fant ut ka årsakjæ va elle (ka det va).

I: Var det samnangerfolk som arbeidet i fabrikken mye, eller var det innflyttere?

A: Ja, det va no samnangerfolk, ja, det va no litt utenbygds òg.

I: Du eller familien din har aldri vært med å arbeide der altså?

A: Nei, eg har kje hatt nåken dar. Men det va nabo ... nåken av naboane der oppe frå Hisdalen, dei arbeidde i fabrikken der.

I: Hvordan var det å være husmor i mellomkrigstida da? Var det vanskelig å få endene til å møtes og?

A: Ja, måtte no vera førsiktige. Kun`kje gjera nåke store innkjøp. Nei-då.

I: Var husarbeidet for deg mye annerledes enn det hadde vært hjemme der du kom fra?

A: Nei, det va no ... Hadde no gjedna litt bere rå so me hadde heima, si` han arbeidde so hardt og ... So me hadde det no gjedna litt romslegare enn det va heima hos oss.

I: Hadde dere fått innlagt vann og strøm og sånn i huset her? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Ja, det har me hatt heila tiæ ette me bygde her – hatt innlagt vatn og straum.

I: En del av husarbeidet må jo ha vært lettere da når (...)?

A: (avbryt) Ja, det va mykje lettare. Men fössta ... me hadde ein brønn, den heldt no kje so lengje, so me måtte kjøra vatn likavel. Men seinare so fekk me no ein ny brønn, og den ... då har me no plenty vatn. Og so går det no mykje no, me hadde kje vannklosett og sånt te bjønna med. Det e no sånt so me har bygt på seinare. Han har gjort mykje sjøl. Bad og sånt det lagde han no te sjøl ette ... ettepå me bygde.

I: Dere hadde et par sauer, (...)?

A: Me hadde ein par, då te bjønna med. Når eg reiste ut, so måtte han no slakta dei sauena då. Det va kje nåken so stelte di.

I: Var det i seksogfemti du reiste ut, sa du?

A: Ja, og seinare ... seinare va eg i jobb då te niogseksti, då slutta eg. So då hadde eg ... ja, med alt ... med heile skuletiæ so hadde eg vel ein cirka nitten-tjue år. Men eg fekk ikkje pensjon før adle. Eg fekk ikkje godkjent anten femten, so eg har bere hall pensjon, ette den skuletiæ. Men da e no nåke hjelp i det òg. Mykje hjelp i det. Me klara oss no godt no med pensjonen – og alderstrygd og sånn.

I: Så da var yngstegutten din tretten år da du reiste ut, var det så?

A: Ja, han va med meg, guten min, han va med meg han då. So han e konfirmert der oppe i Brekken han, so eg va. Og so ettepå so reiste no han på skule, på gymnas og ... gjikk på Voss landsgymnas. Og so ettepå so reiste (han) på universitetet. Ja, so va han eit år før han bjønte på universitetet so han va lærar i ... her nor ein plass. Og so bestemte

han seg no før å gå på universitetet då. Det va no helst insjinør han ville vørte, sånn ... men han hadde kje so mykje poeng at han kom inn der. Men han klara seg no.

I: Var det økonomiske årsaker til at du ville ut i arbeid igjen, eller syns du at du hadde lyst til å bruke utdanninga di?

A: Ja, eg hadde no lyst å prøva meg litt. Eg hadde no kje hatt nåke fast jobb nåkesinne, eg hadde no lyst te å ha min eien klasse og prøva kor da gjekk. Og det gjekk no fint det, eg likte meg godt der borte so eg va. Eg va so långt vekke, veit du, heimantifrå at eg måtte no søkja meg nærare ... prøva å søkja meg nærare.

I: Var du hjemme i helgene da?

A: Å-nei. I heljena va kje eg heima når eg va der borte, i Sør-Trøndelag, det va långt det, veit du.

I: Å-ja, det var *så* langt, ja. Da blei det vel bare i skoleferiene da?

A: Det va bere i juleferie og sommarferie eg va heima då.

I: Syns du at forholda i skolen var mye annerledes enn da du var barn? Når du jobba, syns du at skolen var blitt mye annerledes enn da du var barn?

A: Om han e blitt anderleis no?

I: Ja, og da du arbeidet ...

A: (avbryt, men har mistydd spørsmålet) Ja, di har no mykje meira masjine og greier no, veit du, og ... driv no på ein an`n måte so då. Di har kje nåke sånne utslåtte og sånt so me hadde.

I: Men jeg tenkte på skolen.

A: Å, skolen?

I: Ja.

A: Ja, den har no førandra seg mykje, ette so han va då når eg gjekk. Skulen har førandra seg mykje, ja, det e sant.

I: Dere gikk kanskje ikke hver dag på skolen dere?

A: Hm?

I: Dere gikk kanskje ikke hver dag på skolen? Var det annenhver dag da eller?

A: Når eg gjekk i skulen, då gjekk me ikkje kvar dag, nei, då gjekk me ankvar dag. Og so ei ti me hadde ... me hadde fira veke skule, og gjekk ankvar dag dei vekena. Og so va læraren vekke i fira veke, og hadde ein an`n krets. Men no ... no har di no sleie i samen no, veit du, når da e vørte niårig. So no går di te Reistad, dei so va i Hisdal`n, dei går te Reistad no. Og her går di te Tysse. Ongdomsskulen den e no på Tysse.

I: Det var vel kortere skoletid da for dere enn det som er nå?

A: Kortare skuletid va da då, veit du.

I: Syns du det er annerledes med disiplin og sånne ting da?

A: Ja, det e det no visst òg. Det va no ei fæla disiplin då føssta, når eg gjekk i skulen. Då va da streng disiplin. Men ... kan no ... di må ta da på ein an`n måte no, veit du. Di hadde kje ... hadde kje ... har kje lov å ta i di, men då tok di gjedna og lugga di og mångt då (ler), i dei daga. Det va no litt *tor*tur då òg, kanskje.

I: Ja, var det sånn på skolen der du gikk også – i Hisdalen?

A: Å-ja, da va da.

I: Hva lærte dere om sånt på lærerskolen da?

A: Hm?

I: Hva lærte dere om disiplin og sånt på lærerskolen? Hva slags råd var det dere fikk da?

A: Me lærde no kje so mykje om det, trur eg. Det va kje so ... Me hadde no litt praksis, det va i sista året me hadde litt praksis. Men eg huska kje at me lærde nåkenting om disiplin (ler). Det huska eg kje. Måtte no ta da so da kom, og ta da ette vårt eie ... syn, trur eg, helst. Me va på ... me va på eit førtiårsjubileum dar borti Elverum, og då trafte eg no somme tå desse lærarane, desse so eg hadde gått i lag med på lærarskulen. Og då

veit eg di snakte om detta der – med disiplinen og detta der. Eg huska da va ein so sa, det va ... det va no gjedna litt sånn *mo*bing og sånn då òg. Og då huska eg at det va ein tå dei so hadde sagt at ... sagt med han dar so vart moba at han måtte gje han igjen (ler litt). Måtte prøva å ta han igjen, ikkje ... ikkje lata seg kua. Og da syns han at da va bere. Men han hadde no lært at han ikkje sku ta igjen, han visst. (Pause.)

I: Hva slags fag var det du underviste i? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Nei, det va no adle dei fagæ so va i skulen, det då. Det va no rekning og skriving ... rekning og norsk og sånn ... historie og heimstadlære og ... det va no i småskulen.

I: Var det mye annerledes fra da du var barn?

A: Å-ja, det va no litt anderleis, men ... Når eg va barn, då va det no sånn ... fleire kull i kvar ... fleire årskull i lag, då veit du – fira årskull i storskulen og tre årskull i småskulen. Men no va da no meira eitt årskull i kvar ... So då e da no lettare. Det e no lettare når det e bere eitt årskull imot det ska vera månge i same klassen.

I: Ja, det er klart. Det er kanskje blitt mindre utenatpugg også?

A: Ja, mykje mindre utenat. Det va kje nåke sånt pugging so mykje no. (Det va kje) mykje pugging då når eg va lærar hell. Nei, ikkje slek so da va før – at di sku pugga utenat salmevers og alt datta dar. Men *litt* e no kje so gale om di pugga hell, syns eg, lite grann, det e no bra å ha litt ... litt so di har lært ... sit no gjedna bere fast når di har lært da i barndomen.

I: Ja, noen ting kan jo være godt å huske utenat.

A: Ja, det e kje so gale med litt pugging, trur eg.

I: Men det er kanskje ikke nødvendig med så mange bibelhistorie-fortellinger som det dere hadde kanskje?

A: Nei, det e det no ikkje. (Pause.)

I: Da ungane dine vokste til, syns du at det var viktig at de skulle få skolegang og ...?

A: (avbryt) Ja, eg syns no det at det va litt .... Jento ho gjekk no kje so mykje på skule, men ...Det va no helst ... ho likte no bere arbei ho – arbeia. Ho va kolljomfru, va ho mykje – før ho va jift. På hotell og sånn. Guten han va no meira intressert i skulearbei og sånn. Realfag helst – rekning og matematikk og fysikk og sånn.

I: Syns du det var viktig at de skulle få lov å gjøre det som de hadde lyst til?

A: (..., snakkar litt i munnen på kvarandre) Ja, at di fekk lov å gjera det so di hadde intressa før, ja, (...).

I: Følte du sjøl at du ikke fikk anledning til det så mye som du ville i ungdommen din?

A: Ja, hadde da vøre tid, so hadde eg vilja tekje litt meira utdannelse i ... sånn so i hannarbei og førsjelligt. Eg hadde intressa før hannarbei og sånn. So ..., men det va kje rå, veit du, når eg ikkje hadde ... penga.

I: En kunne ikke få oppfylt alle de planene og ønskene en hadde da?

A: Nei, ...

I: Syns du mye blei annleis enn det du hadde tenkt da du var ung?

A: Nei, eg ... Det vart no gjedna litt annerleis enn eg hadde *tenkt*, men det e kje nåke rå med. (Pause.) Det går ikkje allti so me *meina* her i veræ.

Slutt på A-sida

B-sida

I: Dersom du skulle hatt intervjua meg om gamle dager – viss jeg hadde vært 80 år – hva syns du da det hadde vært viktig å spurt om?

A: Ja, viss eg sku vøre ...

I: Hvis du skulle få velge hva du ville fortelle om fra gamle dager, hva var det da du ville syns var viktig?

A: (ler litt) Nei, eg veit ikkje ... Det e no den førsjelen so det e no og den tida eg vaks opp, veit du, det e no so stor førskjel.

I: Hva syns du den viktigste forskjellen er da?

A Nei, ... eg veit ikkje eg ... Eg syns folk e ... di e litt for kravstore no, syns eg.

I: Syns du det?

A: Ja, di førlanga altfor mykje. Syns di måtte ... Sånn so ...da e no dårleg økonomi no i landet og sånn, so syns eg alle måtte gå inn for å spara litt og prøva å få landet på fote igjen. Det synes eg.

I: Syns du at det er de materielle kåra som har blitt bedre de seinere åra, er det den største forskjellen?

A: Ja, eg trur at det har være altfør goe ... di har hatt det altfor godt no ei stonn. So folk e so kravstore. Di må prøva å klara seg med litt minder og vera litt minder kravstore, syns eg.

I: Mener du at dere blei lært opp til mere nøysomhet og (mere arbeidsomme og sånn)?

A: (snakkar litt i munnen på kvarandre) Ja, meir nøysomme, ja. Måtte vera ... da va kje nåken so tenkte på før at di ... at stat og kommune og detta sku hjelpa te, di måtte prøva å klara seg sjøl so mykje so mauleg. Det e so lite no, no førlanga di bere at staten ska gjera alt før di. Og det syns eg ... eg syns di må ... prøva meira å vera litt ... ikkje krevja all verden.

I: Du mener det var viktigere før at folk syns de skulle klare seg sjøl da?

A: Ja, eg syns det.

I: Men dersom de blei arbeidsløse eller viss det var vanskelig å få arbeid eller viss en ikke tjente nok til det en trengte, ...

A: (avbryt) Ja, det var kje nåke arbeidløysetrygd då i min oppvekst. Måtte klara seg ... måtte prøva å klara seg so godt so di kunne. Men det va no vansjeleg då òg, men ... det kunne vera bra at di hjelpe te nåke, men noe da altfor mykje, syns eg – med detta her offentlige, stønaden.

I: Det fantest vel en form for offentlig stønad da du vokste opp også? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Ja, di hadde fattigkasse då, veit du. Dei so ikkje greidde seg sjøl, so måtte di på fattigkassen. Og da va no dei fleste so kvidde seg før.

I: Var det viktig for folk å unngå den?

A: Å-ja, det va viktig.

I: Var det sånn at en følte det som et nederlag da ...?

A: Di følte det no som ei skam (viss di...). Og sånn so eldre folk so måtte di ... det va no ... di måtte gå ifrå ... Det va no vel før mi tid, men di måtte gå på legd, so me sa, ifrå den eine te den andre, og di hadde det kje godt. Folk so ikkje kunne klara seg sjøl, di hadde det neimen ikkje godt.

I: Men du kan `ke huske at det har vært legdfolk der hvor dere bodde?

A: Nei, det huska eg ikkje, det va kje det, det va kje slek då når eg va liten. Di hadde no ein plass so di hadde dei gamle, og viss da va fattigkassen so måtte syta før di, so hadde di no vel litt so di levde, men det va no vel kje so rart.

I: Var det mange som måtte ty til fattigkassa da?

A: Nja, eg veit ikkje, det va no vel somme. Det va no ein og an då òg, so ikkje kunne greia seg. Og viss di vart no sjuke og sånn, so ... va det kje so greitt.

I: Nei, da var det vel slektninger som måtte hjelpe til?

A: Det va no slektningane, ja, so måtte hjelpa te.

I: Men de som var ugifte og sånn som ikke hadde barn som kunne sørge for seg, hvordan greide de seg da, tror du?

A: Nei, ...(tenkjepause). Det måtte no vera inkvan so tok seg tå di, men ... di hadde det vel ikkje so godt alltid.

I: Så du syns at det er en stor forskjell i de materielle vilkåra til folk da, fra den gangen du vokste opp sånn som det er nå?

A: Å-ja, det e no stor førskjel no, ja. Stor førskjel ette so da va *då*.

I: Hvordan syns du det er med barnas oppvekstvilkår og oppdragelse og sånt da?

A: Å-ja, di har da no friare no, veit du, so me va små. Di ... e no kanskje før mykje fritt no, di ...

I: Mener du at ungene nå har mindre ansvar, er det derfor ...?

A: Di har litt min..., di har altfør lite ansvar, trur eg no – ongane. (Snakkar i munnen på kvarandre.) Eg trur det va greitt at di har litt ansvar.

I: Dere måtte arbeide mye da dere var små, dere fikk ansvar både for både det ene og andre?

A: (avbryt) Å-ja, me måtte arbeia, ja. Men no e da no helst slek at ongane ska gjera kje nåke (ler litt). Di ska no helst få leika og sånn, men litt arbei syns eg e godt, at di lære å arbeia. Da trur eg e bra.

I: Trur du det at en er redd for å gi ungane for mye ansvar for en syns det blei for mye arbeid på barna før?

A: Ja, da kunne no vera litt før mykje gjedna – før, men som regel so trur eg kje di tek skae tå arbeia litt. Men det kan no bli før mykje, ja, det kan da no.

I: Da du var lita, så var det kanskje for lite anledning til å leke seg og for lite fritid?

A: Ja, hadde no da. Hadde no kje so mykje anledning ... Men det va no sånn at ... det va no kje so voldsomt strengt heima at ikkje me fekk leika, men det va no helst med heljena og sånn – og laurdagskvellane og sånn. Men helles so va da kje so voldsomt strengt heima hos meg. Me va no ... kunne no stela oss te å leika litt òg – jippa og sånn, so me sa. Me hadde no trong før å leika, ongane då òg. Huska når me gjekk på skulen so syns me da va no veldig kjekt i friminuttane når me fekk leika, slå ball og førskjelligt.

I: Da var det vel dere flere å være sammen med også?

A: Ja, me va fleire, veit du, so vart da no meira ... Tikkjen ... tikkjen ... springa ette kvarandre og nå di då so ... Da har di vel enno, kanskje, eg veit kje eg.

I: Jo, det tror jeg nok. Det er vel det samme som vi kaller (...)?

A: (avbryt) Og mykje balleika har di no no, fotball og mångsla so ikkje me hadde, veit du.

I: Hadde dere ikke noe særlig leketøy og sånn?

A: Å-nei.

I: Hadde dere ingenting? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Nei det hadde me kje nåke leiketøy, trur eg. Me hadde ... ja-ja, me fekk no ball, ein liten håndball, ein liten ball so me leika med, oppette veggjena og sånn. Da va no kjekt. Og so slo me ball, veit du, med sånn ... Og so når di då heiv ... dei so hadde sleie då, dei sku springa, so va da om å gjera å treffa di då, veit du. So da va no nåke leika då òg.

I: Hadde dere noe leiketøy som dere brukte inne da?

A: Ha? Nåke me brukte idne? Eg huska kje te at me hadde nåke leika idne.

I: Hadde dere noe dokker eller noe sånt? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Om me hadde godta?

I: Dokker. Dokker! (A oppfattar framleis ikkje.) Det var `ke sånn at jentene stelte med dokker...

A: (avbryt) Å-ja, dokke hadde me! Det huska eg me hadde. Me lagde dokke sjøl, sånne tå fidle, so me sa.
I: Ja, filledokker.
A: Filledokke, ja. Da huska eg søster mi, ho so va elder ... litt elder so meg, ho va so flink å laga dokke, syns eg, ho fekk di so fine og so strame (ler). Akkurat so ho va sjøl, ho va so stram i figuren sjøl, og då fekk ho dokkena lika fine (ler). Eg veit eg beondra dei dokkena ho lagde. So dei va so fine so.
I: Sydde dere klær og sånt til dokkene også da?
A: Ja, å-ja, klypte ut og lagde te – kle og ... Me leika mykje med dokke me, eg og ho. Men øngste søster mi ho brydde seg aldri om dokke. Ho brydde seg ikkje nåke om dokke ho. Men eg va so voldsomt ... likte so voldsomt godt dokke.
I: Dere var jo så mange jenter også, så det blei ...
A: (avbryt) Me va seks jente.
I: Det blei vel mye sånne jenteleiker da?
A: Ja.
I: Broren din, lekte han med dokker da?
A: Nei. Eg huska han hadde ... eg hadde ei dokka so va sånn so kunne knusast, høve, høve va ei sånn kjøpe... Og då hadde han knust denna før meg ein gong eg va te kjørkje (ler litt). Da huska eg igjen. Han va øvegøven då.
I: Så han lånte dokka di og lekte med den mens du var i kirka han da?
A: Ja-a. Han hadde antageleg ... eg veit kje kor han hadde fått da te, han knuste ne med ... Da va heilt løye at han knust`ne. Elles so va da no kje sånne kjøpedokke me fekk då. Me måtte no laga di sjøl tå fidle.
I: Det er vel mye annerledes enn nå? Nå har ungane ...
A: Ja. No har di sånne fine, fine dokke so kan sova og ... Det hadde kje me.
I: Da du vokste opp så var det vel mere nødvendig at ungane var med å arbeide også?
A: Ja-a. Da va no ... eg huska me måtte ... ette me kom ifrå skulen, so måtte me gå i liane og jaga sauena heim. Långt oppijøno, di va so fæle å fara so långt desse våre, huska eg heima. Og då måtte me ... Da va ofta mørkt før me kom heimatt, viss me ikkje fant di. Da va so mykje plassa di kynne jøyma seg vekk dar oppe. Hildra so di gjekk innonna, di ville kje heimatt, di ville vera ute. Da va om haustane ette di hadde kløpt då va da me måtte jaga di heimatt om kvellane. Då va da me ongane så måtte gjera da, veit du.
I: Ja-vel.
A: Eg huska di ... me va ... da va so lengje før eg fant di stonno, eg syns da va so sørjeleg at di sku verta liggjane ute. Eg huska far sto heima og ropte, ropte at me måtte koma heimatt. Då va da vørte mørkt og di va redde før oss, veit du. Men da hende ofta da at di vart liggjane ute sauena, før me fant di kje att. Eg trur kje di lei nåke *nø*, før da va so mykje hildra di so kunne gå innonna i styggavêr og sånn.
I: Men det var ungane sin jobb altså – å gå og hente dyrene?
A: Ja, da va ongane sin jobb.
I: Så de hadde vel kanskje ikke klart gårdsdrifta så godt hvis ikke de hadde hatt ungane til å hjelpe seg?
A: Nei, di måtte gjera mykje ongane. Kun`kje greia da dei vaksne alt.
I: Så barn var egentlig mye mer nødvendig den gangen enn de er nå?
A: Jah.
I: Hvor gamle kunne dere være når dere måtte begynne å hjelpe til da?
A: (me va visst) ikkje so gamle. Vaska opp og sånt da måtte me no gjera tileg. Eg huska me hadde ... når me sku vaska opp so hadde me ein sånn stripsel, so me sa, sånn so di pussa knivane. Og da måtte me skava liksom tå litt og so ha på ..., og so pussa knivane då, da va kje nåke so va rustfrie. Nei. Og di va so blanke og fine, syns me fekk di so

blanke og fine når me ... Me gnidde di te di va varme, me hadde di attåt her og kjende kor varme di va. (ler). Men di vart so fine då når me hadde danne dar stripselen og pussa di. Først pussa di og so vasste di då ettepå, og so tørka me di blanke. Di va so fine, syns me.

I: Så det var viktig å holde alt reint og blankt?

A: Ja, og so kaffikjela og sånn ... so hadde me ein kåparkjel, og den måtte pussast blank. Det va no helst te heljena me pusste di. Da va kaffikjel. Eg huska bestemor mi, ho hadde sånn blank, fin kaffikjel.

I: Ja, det trengtes vel å pusses så ofte òg, for det var vel vedkomfyr dere brukte og sånn?

A: Ja.

I: Blei det lett sota da.

A: Me pussa med ... me hadde øska og surmjelk og pussa kaffikjelen med, og den vart so blank og fin so. Øska ifrå sånn ... ølderved. Og so hadde me litt øska og so surmjelk ...

I: Og så blanda det sammen da?

A: Ja. Og då vart di so blanke og fine so ... Da va veldig godt da, (å) pussa med. Da huska eg godt.

I: Brukte dere det både til kobberkjeler og til alt slag?

A: Ja, me hadde kåparkjele, te kaffikjele.

I: Ellers var det kanskje mindre sånn utstyr dere hadde i huset enn det som er vanlig?

A: Nei, me hadde kje so mykje utstyr, akkorat – i dei daga.

I: Er det noe slags utstyr som har gått ut av bruk, som det ikke er vanlig å bruke nå, som dere hadde den gangen?

A: Nei, det va no detta her ... hadde no kje nåke, so mykje utstyr. Når me sku vaska hus og sånn, då hadde di ... da va kje nåke malt og nåke sånn, det va tømraveggje og tak og alt, og då hadde di sand so di skurde med.

I: Så det var sånn hvitskurte golver, ja?

A: Hvitskurt. Fint!

I: Det var vel mye arbeid å holde det (i stand)?

A: Ja, det va mykje arbei. Og stola og sånt, dei va òg kvite, og det huska eg me ongane fekk te jobb å vaska dei – å skura di kvite. Og golv, dei va kvitskurde. Golv. So da va mykje tongt arbei. Husavask da va tongt da, veit du, te skura adle veggje og ...

I: Men det var vel ikke sånt som dere kunne gjøre så ofte?

A: Det va no ..., nei, det va no bere ein gong før året me vasste ... hadde sånn husavask.

I: Men golvet måtte skures oftere?

A: Ja, golvet, det va kvar veka da. Kanskje to gongje før veko, men da va no helst te heljena me skurde.

I: Ja, hvordan var det dere gjorde det da med sand og ...?

A: Me hadde ei fidla so me hadde sand på, og kanskje litt såpa, grønsåpa i lag med. Og da va veldig fint, da vart so fint og kvitt so.

I: Var det også unganes arbeid?

A: Ja-a, det va no ... eg haur`kje ka du sa no.

I: Om det var unganes arbeid å skure golvet også?

A: Ja-a, nei, det va no helst dei vaksne so skurde golvet.

I: Det var for tungt det kanskje?

A: Det va litt tongt, ja. Det va no stola og sånt, me ongane fekk no lov å skura. Men helles so va da no dei vaksne so vasste golvet helst.

I: Hendte det at far din gjorde det, eller var det kvinnfolkarbeid?

A: Nei, det va kvinnfolkarbei. Nei, mannfolkje(n) gjor kje nåke sånt (ler litt). Det va kvinnfolkarbeid.

I: Hvorfor gjorde `ke mannfolka noe sånt da?

A: Eg vei kje eg, di hadde no nok likavel, veit du, med ved og førsjelligt.
I: Det trengtes vel mye ved? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Ja, me trengde mykje ved. Sku verma vatn både te fjøsen og te heima, so me måtte ha mykje ved. Me måtte vera med å bera ved me òg, me ongane.
I: Måtte dere langt av gårde for å få tak i ved da?
A: Ja, da va no ofta litt långt.
I: Fjøsarbeid, hvem var det som hadde ansvaret for det da? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Fjøset? Å-nei, det va no kvinnfolkje det òg. Det va dei so ... mor ho va oppi løo og lagde te da so di sku ha, kjydna. Og so hadde di ei luka då so di ga da ner, og der måtte di vera ei nere og tok imot og la da te kvar og kvar.
I: Og det var ei av jentene det da som ...?
A: Ja, da va jent`na. Me va no bere jente, so da va sjølsagt at (...) (ler litt). Ja-då.
I: Var du med og melka også da du var lita jente?
A: Ja, mjelka måtte me gjera sjøl, med hand det, veit du. Og det va no litt tongt òg. Det e kje adle so e lika lette å mjelka, veit du. Somme e so tonge te ..., og då e da tongt. Somme gjekk no lettare før dei va so ... lettmjølkte.
I: Hvor gammal kunne du være da når du lærte å melke?
A: Nei, det huska eg ikkje sikkert, kor gammal eg va. Bjønte no å læra i ... toll-årsalderen, veit eg.
I: Begynte du å gå på stølen også da?
A: Nei, da va no litt for tileg. Bjønte no vel ikkje ... eg gjekk kje på stølen, trur eg, før eg va ... ettepå eg va konfirmert.
I: I de seinere åra så har det vært så mye snakk om generasjonsmotsetninger og sånn. Kan du huske at dere opplevde det som noe problem da du var ung? (Tek spørsmålet opp att.)
A: Ja, det var det vel kanskje – litt, men ikkje so mykje so no, trur eg.
I: Tror du det er forskjelig nå fra den gangen?
A: Ja-a. Det e no vel litt førskjel, ja.
I: Hvorfor tror du det er forskjellig da?
A: (veikt) Nei, eg veit kje. Det va no meira respekt før dei gamle, trur eg, i dei daga, so no. Di hadde meira respekt før det so føreldræ sa, da va lov det, di måtte lya. No e da no meira slek at di ska vera med og bestemma dei onge òg no.
I: Hvorfor tror du det var viktigere at ungane var lydige før da?
A: Ja-a, det e no viktig, trur eg, at di lære å lya og høyra litt på dei eldre òg. Di har no meira erfaring dei eldre. So ..., men det kan no verta *før* mykje. Di har no ... di utvikla seg no vel gjedna meira når di får tenkja sjøl og ...
I: Tror du at de eldre sin erfaring var viktigere den gangen for at samfunnet forandra seg seinere?
A: Ja, eg trur det at det va viktigare den gongjen at di haure på føreldra, trur eg.
I: Da dere var unger og lærte å arbeide og sånn, så var det kanskje for di det var en måte å lære hvordan dere skulle leve livet på – å arbeide?
A: Ja, det va det nok. Og so va da no vel mykje før at ..., da måtte hjelpa på økonomien òg, veit du, at di ... at me va med og arbeidde. Di hadde kje greitt da uten.
I: Men var det kanskje nødvendig at noen av ungane hadde arbeid utafor også eller – så de fikk skaffa penger til hjemmet?
A: Ja-a. det va det no, ja.
I: Hendte det hos dere at noen av dere var ute og arbeidde?
A: Ja, det har no ... va no bra, trur eg, at di va ute og arbeidde litt.
I: Var det nødvendig for at familien skulle få penger og sånn?
A: Ja-a? (Er visst ikkje heilt med under dette temaet.)

I: Du fortalte at faren din dreiv med tresko,at han lagde tresko. Var det mye han dreiv med det da?

A: Nei, det va no kje so mykje, men det kunne vera om vinteren, når det ikkje va so mykje utearbeid, at han lagde no det som me trong te husbruk og sånn.

I: Men det var `ke så mye han lagde for å selge altså?

A: Nei, det va no då te jul, men ... lagde litt og selde.

I: Var noen av dere ungane med på å lage tresko da?

A: Nei, da va me kje med på. Du veit me so va jente me hadde no kje ... kunne no kje detta der. Det va no mannfolkarbei da, veit du, te laga tresko.

I: Det var ingen av dere som hadde lyst til å lære det da?

A: Nei, eg huska kje te at me ... Det bjynte no å verta bere tie, veit du, so brukte di kje so mykje tresko. Men ... eg huska han hadde ein sånn ... jadn so han grov utor med. Treskojedn, so me sa. Og so smørde di litt tjøra på, rondtom. Tjøra frabmi tånæ og so rondtom dar so di gjekk idn te foten, also her – rondt her og so rondt her smørde di litt tjøra. Eg veit kje ... eg trur da va før da at di ikkje sku sprekka sonn.

I: Å-ja, for at det skulle bli mere smidig treet kanskje?

A: Ja. Og likeeins her baki hælen og sånn.

I: Men ellers var det ikke noe såle på de eller sånn, det var bare tre hele veien altså?

A: Det va bere tre, ja.

I: Og så var det sånn som var feste bak da?

A: Ja, det va omtrent so ... (stoggar opp).

I: Men hvis dere ikke hadde så mye arbeid utenom gården, hvordan greide dere da å skaffe de pengene som trengtes? Hadde dere mye å selge fra gården?

A: Me hadde ... hadde no litt kjøt og sånn tå sauena, og kanskje litt kalva og sånn, so di selde – og førsjelligt. Og so va da no mjelk ... mjelkjæ so di separerte og fekk smør, det va no det di selde.

I: Det var bare smør de laga, det var `ke ost?

A: Nei, det va bere smør. Og so kokte me prim sjøl, veit du. Det va nåke so me lagde. (Pause.)

I: Mor di fikk en del flere unger enn det du fikk. Tror du at ho ønskte at hun ikke hadde fått så mange – eller tror du de var glad for alle de fikk?

A: Ja, det va di sikkert. Di hadde no ... søster mi, elsta søster mi, dei hadde ni. Og so hadde ho so va føre meg also, dei hadde sju. Ja, og nommer to, dei hadde fem. So da va visst bere me so hadde to, bere.

I: Tror du det var viktigere å ha mange barn når en hadde gård?

A: Ja, di hadde no meir å setja di på dei, veit du, so hadde går. Di kunne no vera med og hjelpa te litt - ute.

I: Dere produserte visst mesteparten av det dere trengte på gården sjøl?

A: Ja, det gjor me. Det va no litt mjøl, måtte kjøpa litt mjøl, veit du, og litt førsjelligt. Helles so hadde me ... (frå går`n). Dyrka havre og lagde havraflattbrø. Og ... kjøpte no gjedna litt mais, stonno.

I: Hva brukte dere maisen til da?

A: Maisen te graut og sånn. Ja, og so hadde di grisa, og då kjøpte di no gjedna nåke mais te dei, so di sku verta feite (ler litt). No vil di kje ha sånt feitt grisakjøt no.

I: Det var mere om å gjøre den gangen å ha fett da?

A: Ja-a, spikjeflesk, so syns eg da e godt med litt feitt - litt sånn flesk, ikkje bere kjøt. No òg, syns eg. Det e kje rå å få sånne grisa no so ...

I: Var det vanlig at gårdane byttehandla seg imellom ting de hadde eller? (Tek opp att.)

A: Nei, det huska eg kje te.

I: Så dere greide dere med det meste sjøl og så trengte bare å kjøpe litt?

A: Ja, ja, me gjor det. Og so kjøpte me no på butikkjen då, det som me ikkje hadde. Det kunne henna me kjøpte litt sirop, og ... litt margarin, kjøpte me no gjedna litt.
I: Dere brukte ikke smøret sjøl?
A: Nei, me brukte no nåke. Før ... då når me gjekk i meieriet, so gjekk ikkje me om søndagen, so den mjelkjæ hadde me heima og sette opp rømmakolle og sånn. Og so tok me tå då den rømmen og lagde smør. So mjelkjæ den hadde me no te drekka sjøl.
I: Så dere lagde smør av søndagsmelka og hadde det sjøl?
A: Ja, det hadde me sjøl. So me hadde litegrann sånn godt smør, huska eg. Men ... det va no mykje prim og sånn, det gjekk på te pålegg, og sirop. Prim og sirop, uten smør. Helles so hadde me no smør og so litt prim oppatt på igjen. Da va no godt òg. Det syns me no va godt.
I: Hva slags framtid var det en ung jente kunne vente seg da du var ung?
A: He-he. Det va no ikkje so mykje di kunne venta seg. Det va no ... (viss) di vart jifte då, veit du. Det rekna di no vel med dei fleste, kanskje – at di sku verta jifte og få ein førsørjar på den måten (ler litt). Men det va kje so månge so tenkte på nåke utdannelse, trur eg, og sånn.
I: Men det var vel ikke vanlig å gifte seg så veldig ung?
A: Nei, det va no kje so veldig onge di jifte seg. Di jifte seg no yngre no i grunn – so då.
I: Det gikk vel en god stund fra en blei konfirmert til en gifta seg?
A: Ja, det va det no. Nei, di gjekk no ... di måtte no ut å tjena, kanskje, elle i fabrikk elle nåke sånt, viss her va nåke sånt å få.
I: Var det ganske vanlig å dra ut og tjene?
A: Ja, det va ... før jent`na.
I: Var det bare jentene det?
A: Ja, det va jent`na det so reiste ut og tjente. Gutane, eg veit kje eg, di måtte no finna på nåke ant. Inkvasla jobba kringom, veit eg.
I: Var det mere vanlig at guttene blei hjemme på gården etter konfirmasjonen også?
A: Ja. Det va no den elste guten so hadde rett på går`n. Og dei andre måtte no finna på inkvasla ant viss di sku ... te levemåte. Men den elste hadde ... det va no alltid elste guten so sku ha går`n, då.
I: Så det var `ke vanlig at eldstegutten reiste ut på noe arbeid da, etter konfirmasjonen?
A: Ne-ei, det kunne no vel henna at han va ute litt, å tjena litt ekstra kanskje. Viss da va rå å få nåke då. Men helles so va han mykje heima, trur eg.
I: Så det var `ke sånn at han reiste ut for å tjene, for å lære seg til ting og sånn? At det blei oppfatta som en læretid å være ute i tjeneste?
A: Nei, at da va læreti, nei? Nei ... det trur eg ikkje. Det va no før å tjena litt penga, veit du, di va ute.
I: Var det ofte at foreldrene ikke hadde råd til å ha ungane hjemme etter at de blei konfirmerte også?
A: Ja-a, di hadde no kje rå te ha di heima adle, nei. Di måtte no ut, prøva å få seg nåke ute. Da va kje ... di kun`kje vera heima adle når di va månge søsjen.
I: Var det sånn at de hadde bare så mange hjemme som det de hadde arbeid til?
A: Ja. Di hadde no kje arbei te so månge, veit du. Måtte no arbeia hardt dei so va heima.
I: Skjedde det noen forandringer i gårdsdriften mens du vokste opp? Fikk dere noe maskiner eller noe sånt?
A: Nei, me fekk ... me fekk no hest, huska eg, bror min va no so glad då når me fekk den hesten. Me kjøpte eit føl og ol da opp sjøl og ... den e no mykje hjelp i, veit du. Sånn so te kjøra heim høy og sånt. Men me hadde kje slåmasjina elle nåke sånt te bjønna med, men so fekk me no ei slåmasjina då når han vart åleina.
I: Det var etter at bror din overtok det da?

A: Nei, da va før han øvetok, men han va no ... far han vart no dårlig, fekk slag og vart no liggjane mykje. Og då måtte no ... og då kvilte da på han mykje med slått og alt sånt. Så då fekk me slåmasjin, huska eg. So det hjelpte no på nåke, men so va da det at når me kjørde heim høy og sånn då måtte me kjøra heim, men di hadde kje sånn låvebru og sånn. So då va da litt tongt, veit du, når du sku lessa tå igjen og få da inn i løo. Tongt arbei.

I: Hvordan var det løa så ut? (Tek opp att spørsmålet.)

A: Løo? Den va no ... almindeleg hus da, og so hadde me sånn braka... brakabortak, huska eg. Me hadde sånn brakje elle einer, elle eg veit kje ka du kalla det. Det hadde me te bortak.

I: Til vegg altså?

A: Te vegg, ja.

I: Å-ja.

A: Det hadde me. No har di no tekje da vekk og lagt sjekkeleg bortak, men då hadde me sånn brakabortak, huska eg. Og so hadde me kje låvebru. No kan di no kjøra inn øve låvebrunæ og so få det bort i høystålet, men det hadde me kje då. So då måtte me bere ta da tå og lempa da inn i løo, og so måtte di då rista da opp i stålet seinare på dagen. So da va eit fæla slit, arbei.

I: Hadde dere løa og fjøset hver for seg? (Tek spørsmålet opp att.)

A: Me hadde fjøset onna og løa oppattpå. So hadde di ei luka då i gølvet so di leverde ne når di sku gje kjydna mat og sånn. Men no har di da no mykje lettvintare, no har di drikkekar og førsjelligt, veit du, i flo... i fjøsen. Di har visst melkemasjina òg no, dar heima på min går.

I: Ja, den blir drevet fremdeles den gården da?

A: Ja, den e det. Det e ein sonason te søster mi so har den går`n no. Han, bror min, han ga den går`n te han – mens han levde. Da e no nåken år sio han fekk han.

I: Bodde broren din på gården helt te han døde?

A: Ja, det gjor han. Han va åtleina no te slutt.

I: Han blei nesten vilkårsmann han òg da?

A: Nei, han hadde kje nåke vilkår no. Han hadde trygd no, veit du. So no hadde di kje bruk for vilkår. Det va bere at han tekje onna at han sku ha det huset sitt so lengje so han levde, og so søstrena hans sku ha da so lengje so dei levde elle so lengje so di ønskte å vera dar. Men so dø no den eine søsteræ og den andra ho vart ... kom no på sykeheimen her inne før han dø also. So no va han åleina no te slutt. Men han hadde sånn heimahjelp, so gjekk og vasste te han og lagde no gjedna litt mat te han, før han va kje vant med nåke sånt. Han hadde hatt søstrena so hadde gjort bestandigt. Han va kje vant med det. Det vart litt stussleg før han no på slutten.

I: Så det var skarpe grenser det på hva som var kvinnfolkarbeid og hva som var mannfolkarbeid?

A: Ja, det va litt grense før det, ja. Det va kje mykje mannfolkjæ gjore med sånt husarbei då. No e da no mykje anderleis, no kan di no ... Og det e no domt at di ikkje ska læra seg litegrann husarbei so di kan hjelpa seg sjøl når di e ... når da trengst. So han bjønte no ... måtte no bjønna no og laga litt, koka kaffi og sånn litt. Men middagsmat da vart det minder med.

I: Da du vokste opp, var det mere vanlig at kvinnfolk gjorde mannfolkarbeid enn at mannfolk gjorde kvinnfolkarbeid?

A: Ja, eg veit kje eg, måtte no gjera ... måtte no vera med på kvinn... mannfolkarbei heima, huska eg. Elsta søstr`na mine va no mykje med far. Di slo òg med långørven. Ja, da huska eg di gjor.

I: Men det var `ke vanlig altså, at kvinnfolk slo?

A: Det va kje so voldsomt vanleg, da trur eg, men ... måtte no ... da va no månge so gjore det. Va med og ... og somme likte da òg.
I: Men hvordan tror du det ville vært hvis dere hadde vært seks gutter og en jente?
A: (ler) Det hadde vel ikkje vørte mykje husarbeid då. Hadde vel ikkje vørte nåke husarbeid di hadde gjort, trur eg.
I: Tror du ikke de hadde gjort det da viss det var nødvendig?
A: Nei, eg veit ikkje, eg veit ikkje te seia kor da hadde vørte.
I: Kjenner du noen andre familier hvor det var få jenter og mange gutter?
A: Søsteræ mi, elsta søsteræ mi, dei va no sju guta, og bere to jente. Men ... ja, di måtte no hjelpa te og passa desse her minste ong...

Slutt på bandet

Borghild Aadland 08.02.83

I: (Jeg tenkte vi kunne) begynne å snakke litt om barndom og sånn.
B: Eg va vaksen opp på ein gard, her i Samnanger. Ikkje *her*.
I: Nei, jeg har sett i bygdeboka at du er vokst opp på Nytveit.
B: Ja, på Nytveit.
I: Dere hadde mange søsken og …
B: Me va trettån søsjen, so me va månge. Og ifrå barndomen kan eg ikkje seia ant enn at me hadde da iallfall veldig gødt i heimen, da hadde me.
I: Det var en stor … ganske stor gård du vokste opp på?
B: Ikkje so stor i forhold te da so di kadla stort, men her på Vestlandet so va han vel sånn almindeleg. Me hadde iallfall … mykje flata, og brukte no slåmaskin og hest og … iallfall.
I: Ja, dere hadde begynt å bruke slåmaskin og …
B: Ja-då, da hadde me so lengje so eg kan huska. Ja, kan ikkje huska at me ikkje hadde da. Da hadde me. Og so måtte me no hjelpa te so snart so me vart so store at me kunne gjera nåke, då.
I: Ja, det var det.
B: Å-ja! Me måtte vera med.
I: Det tror jeg vi skal snakke ganske mye om sånn etterhvert … om det å hjelpe til å arbeide og sånn. Jeg tenkte vi kunne begynne med å snakke litt om hvordan det så ut hjemme hos dere, hvem var det som bodde der når du var barn og …
B: Då budde … min bestefar og bestemor budde i eine enden på huset, dei hadde ei litæ støva og eit lite kjøken før seg sjøl …
I: Var de liksom som kårfolk de?
B: Ja, dei va kårfolk. Da va fössta eg va liten, ja. So eg va mykje idne hos dei. Eg lærde førresten å lesa dar … bestemor so lærde meg å lesa, før eg bjønte på skulen, liksom. So da minnest eg gødt.
I: Var det stort hus dere bodde i – hadde dere mange rom?
B: Ja, forholdsvis ette so so husæ e her, so va da ikkje lite. Me hadde iallfall tre støve … liksom … med *ein* gong imydlo. To støve so va samanhengande og so ei stor støva då

so liksom va dagligstøvo vår. Men då sjelde da ein gong, also, so gjekk tvers ijøno huset, og so va da kjøken på baksio. Og so va da …

I: Det var gjerne bestestue …

B: Bestestua dan i midten …

I: … som kunne brukes bare en og annen gang i året.

B: Ja-då, ja-då, da va bestestøva, da. Da va da helst når da va stas me va dar, ja – med jul, før eksempel, va me dar. Hadde julatreet vårt dar og …

I: Dere var jo mange søsken så det kunne bli trangt selv om huset var …

B: Ja, og so va dar to store, goe lemma, so me kadla da, i an'n etasje. Da va da. Og elles so va da fleire rubm imydlo … da va litt långt detta huset. Du veit da vart långt med tre støve ette einan'n sånn. So da va eit heilt sort rubm, då, imydlo dei lemmane oppe.

I: Er det det som vi kaller hems på Østlandet det du kaller lem?

B: Hems, da e vel sånn hall-lem, e kje da da?

I: Jo, det er … jo, det er vel gjerne det.

B: Eg veit kje … me kadla da lem. Og dar veit du me hadde søverubme. Og måtte … månge sengje idnpå kvart rubm. Og far og mor dei hadde eit sideværelse te daglegstøvo nere so *dei* låg i.

I: Var det sånn at dere lå flere på hvert rom og i hver seng også kanskje?

B: Ja, me låg to-og-to i kvar seng, da va vanleg.

I: Ja, mor mi – de var elleve søsken – og ho fortalte at de også lå mange i samme rommet og flere i hver seng.

B: Ja-då, ja-då. Me va fira søstre so va liksom ette einan'n. Føsst so … dan elste tå øss adle, da va ei jenta, ho va søster, ja. Og so vart da fem guta, og so kobm da fira jente - og dar iblant va eg då. Og då låg me to-og-to på eit lite rubm bortpå loftet so me kalte liksom …

I: Så jentene hadde ett rom og så hadde guttane …

B: Ja-då, ja-då. Men da va to-og-to i kvar seng, va da, veit du, jamt øve.

I: Det hjalp da godt til å holde varmen også det om vinteren hvis det var kaldt.

B: Å-ja, saktens, da. Me hadde da gødt slek.

I: Dere følte ikke at dere bodde trangt eller ..

B: Me hadde alder førnemmelse tå da. Eg kan ikkje huska ein einaste gong at eg syns at me ikkje hadde plass nok (småler).

I: Og så var det gjerne ikke sånn at alle ungene bodde hjemme samtidig, heller?

B: Nei, du veit når me va so månge so va da no somme so vart vaksne og reiste ut. Men i grudn'n so va da kje … da va kje arbeid å få før … slek so no, no ska di ha arbeid med ein gong di e vaksne. Da tenkte kje nåken på, di gjekk no heima.

I: De gikk gjerne litt lengre …

B: Ja, di gjor da. Og so vart da no ein del då so bjønte å gå på skule, då. Elste bror min han reiste no te Volda og gjekk på lærarskule dar.

I: Det var vel flere av søskenene som ble lærere, var det ikke det?

B: Ja, ikkje tå mine søsjen. Elles so va da ein han … Ja, da bjønte no då i 1910, då va eg ti år elle nåke sånt, då bjønte detta anleggjet, Bergens Kraftanlegg so bjønte å arbeida. Og då vart da litt arbeid før gutane. Og litt førsjelligt.

I: Var det så de arbeidde der og så bodde hjemme da?

B: Ja, da gjor di.

I: For det var ikke så veldig langt unna, var det det?

B: Nei-då, nei-då, di budde heima. Som regel so vart da ikkje at di reiste *ut* so mykje. Men so hadde eg no ein bror då, so bjønte å gå på skule, ja. Han arbeidde no òg ei stonn på anleggjet, men so bjønte han på skule, middelskule so me kalte da dan gongjen, og reiste te Trondheim og gjekk då Teknikken dar og vart utdanna insjinør.

Og då han va ferig dar, so va da sånne vansjelege tie her at … da va i tjue-tredve-åræ … at da va vansjeleg å få arbeid, og so reiste han te Amerika. So han kobm aldrig igjen.

I: Å-nei. Var det bare den ene som reiste til Amerika,? Blei de andre igjen?

B: Jah. Da va (… veikt, støy).

I: (Ser) etter bygdeboka at gikk det syv-og-tjue år fra mor di fikk det første barnet til den siste kom?

B: Ja-ja, da stemme …

I: (avbryt) Det må ha vært veldig lang tid for mor din å ha hatt små barn.

B: Ja, da va lång tid. Du verden. Ja-då.

I: Jeg lurte på om du kunne fortelle litt om åssen det var… du var jo midt i flokken, du var nummer åtte, eller noe sånt?

B: Eg va nommer åtta, ja. Da stemme da.

I: Så du husker nå vel åssen det var med både småbarn og de her store?

B: Å-ja, ja-då.

I: Om du kunne fortelle litt om åssen dere stelte småbarn, hvem som stelte de og hvordan … klede de hadde til de og …

B: Elsta søster, Anna, ho va veldig flenk. Ho va ein tur oppå Voss på ein sånn handgjerningsskule dar oppe og lærde litt sying og litt førsjelligt, so ho va veldig flenk og sydde. Osso spadn me då og … Me va tilæ å læra å spidna og sy, adle. Og me vov, me hadde sånn gamledags vøvgøgn, so me sei. Me vov vadmøl og sydde kle tå da.

I: Dere brukte stort sett hjemmelagd …

B: Ja, me gjor da. Ja-då. So nåke problem akkurat med kle te øss, da trur eg ikkje da va. Me hadde sekkert nåkelonne bra med kle.

I: Hva slags klær brukte dere til de helt små ungene – brukte dere reiving sånn som …?

B: Ja, men ikkje sånn sjekkeleg reiving so di brukte i eldre tie. Då va da no so kollossalt då …

I: (avbryt) … da skulle det være så stramt og …

B: Ja, men da gjore kje me. Me gjore kje da. Da va no mor so stelte di, veit du, med di va bette små.

I: Var det alltid det?

B: Ka?

I: Var det alltid mor di, eller var det sånn at ho Anna fikk en del av ansvaret…?

B: Da va no mor so stelte desse små.

I: Det var det.

B: Ja, da va da. Ho likte veldig gødt å stedla. Eg huska di herma ette ne at … da va jormoræ … selfølgelæ so va di fødde heima i huset, adle. Da va kje slek so no at di …

I: … var inn på sykehus …

B: Å-nei. Og då hadde ho sagt - da va no då når ho bjønte å verta so gammal at ho sjønte at ho ikkje kunne få fleire bødn – då hadde ho sagt med joramoræ at ho grudde seg før dan tiæ når ho ikkje lenger kunne få stedla med småbødn. (Småler) Da syns me va no løye at …

I: (snakkar i munnen på kvarandre, litt uklart kva som vert sagt)

B: Jah. Men da hadde ho sagt at …

I: Det blei ikke sånn at det blei barnebarn og sånt som ho kunne …

B: Da bjønte no å … nommer to tå brør'na mine han vart jeft, og dei budde heima, ei stonn. Da brødløpet va heima i huset og, ja. Eg huska gødt da. Og då va … dan øngste tå brør'na mine, han va fødd strakst ette da brødløpet va ferigt.

I: Ja-vel. Så det var i nitten-ti det, da.

B: Ja, og då va kje da so lengje ette før da bjønte å kobma badnabødn also.

I: Var ho med og stelte mor di da?
B: Ja, …
I: (snakkar i munnen på kvarandre) (… hadde ansvar for de og …)
B: Ja, ho hadde no da. Da hadde ho. Di budde heima dei ei stonn, i nåken år, te bjønna med. Da gjor di, før di fekk seg hus sjøl.
I: Mor mi var også midt i flokken, og ho fortalte at (ho hadde til oppgave) å vogge de her små barna.
B: Ja, da gjor me òg.
I: Så det var ungene sin oppgave det, kanskje?
B: Å-ja, te vogga di ja? Og passa på di, veit du. Da va vel. So da fekk me øva øss gødt i. Eg kan iallfall huska når di va fødde desse her … ja, ikkje ho so va fødd strakst ette meg, då, men nommer ti … da huska eg når ho va fødd, ja. So då va da tre guta då te slutt, ette einan'n. Dei kobm gansje fort på einan'n og dei, i grudn'n.
I: Du fikk vel litt oppgave med å passe på dem, du da kanskje?
B: Å-ja, so dei passte me mykje på. Da gjor me.
I: Når ungane ble litt større og begynte å gå, da var det vel de større ungene kanskje, som hadde til oppgave å passe på …
B: Å-ja, me laut hjelpast åt adle då. Eg kan kje seia nåke sånt spesielt at me vart pålagde te passa di, men selfølgeleg so va me tesette te å ha ansvar før di òg. Da va me. Elles vil eg seia mor va veldig og hadde fæla kommando øve øss adle.
I: Det var litt å administrere …
B: Ja, men ho greidde da fint. Ho gjor da.
I: Det var vel sånn at når den ene begynte å gå, så var det ikke så lenge før nestemann kom da?
B: Nei, da va da da so va da.
I: Det var vel ikke mer enn et par år …
B: Eit par år imydlo, ja, so vanleg. Da va vanleg. Da va stadigt … stadigt nåke små.
I: Det var vel kanskje sånn at når den ene var vendt fra brystet, så kom den neste?
B: Ja, endå te … førtalde di når mor fekk dan føsste … fössta badnet, ja, då hadde bestemor ein liten.
I: Å!?
B: Ja, ho va kje kobmen lenger ho hell (småler). So dei vart omtrent på same alder.
I: Så mor di var ganske ung da …
B: Ja, ho va veldig ong. Ho va kje meir so atten år. Og då … bestemor va no selfølgeleg nåke gammal. So ho hadde liksom ikkje mjelk te han då. So då hadde mor tekje bestemor, moræ sin òg, og gjett han – brøst. So da va liksom bjønnelsen.
I: Var det mange søsken bestemor …eller hadde ho mange barn bestemor?
B: Ho hadde kje so månge.
I: For det var vel ikke vanlig å ha tretten?
B: Å-nei då, da va no usedvanleg da, i dei daga òg. Da va da. Ho hadde kje so månge Men detta va no dan øngste, ja. Han va fødd dar ette at mor va jeft. Da va han. So ho liksom tok seg tå dan òg. Men han reiste te Amerika, ja. Da gjore di førresten fleire tå bestemor sine.
I: Det var jo litt av en oppgave det for en ung jente, for ho var ikke noe mer enn en ung jente da, atten-nitten år, med to små?
B: Ja-ha. Ja, selfølgelig so stelte no bestemor han sjøl mykje ho òg, veit du, men iallfall so førtalde no mor datta dar, ja, at ho måtte gje han litt brøstmjelk av og te – før di synst da va so nødvendig, veit du.
I: Men det var det no vel sikkert også?
B: Da va da sekkert òg.

I: Ja, så lenge de var bitte små.
B: Jah. Da vil di no ha da te no òg, da, at …
I: Å-ja, jeg husker når jeg fikk min at det var så veldig mye snakk om (…?)
B: … måtte gje han, ja. So du har also ein …?
I: Ja, jeg har ei jente som … ho blir fem år i april.
B: Å-å!
I: Så ho begynner å bli stor, veit du.
B: Ja, da gjer ho då.
I: Men det spørs om det blir tretten på meg!
B: (ler) Nei, du hadde no løta bjønt litt … meir då, ettekvart.
I: Å-ja. Nei, du vet det er disse studiene en skal ha unna, og så en jobbe litt og …
B: Du har gått her i Bergen also?
I: Ja. Jeg har gått her på skole … på Universitetet i seks og et halvt år.
B: Å-å!
I: Det tar sin tid. (Det går) litt ekstra siden en har unge og skal stelle med ved siden av.
B: Kan sjønna da. Men då bur du i Bergen, då ja.
I: Ja. Jeg bor oppå Landås.
B: Å-ja. Ja-vel.
I: Like i nærheten av der Oldervoll har bilforretningen sin.
B: Å-ja. Ja-vel.
(Liten pause)
I: Nå har vi snakka om pass av små barn og sånne ting, om søsken og … Jeg lurer på om vi kunne snakke litt om hva dere lekte og hvem du lekte med og … om dere hadde sånn spesielle leker (…)?
B: Da va no … me leikte, eg hadde so ner sagt da va mykje da sama so di leika no da. Da va no sånn jøymespel og sånn … jipping og … Veit du ka da e?
I: Ja, å (…) pinne kaller vi det på Østlandet.
B: … når da vårast. Og ellest …
I: Slå ball og sånn …
B: Ja, da òg, da òg. Hoppa tau og …alt sånt.
I: Ja. Så det er mye det samme.
B: Alsla (smått) … mykje da sama. Da gjor me.
I: Var det sånn at alle lekte i lag da, både gutter og jenter?
B: Ja, da gjor me. Me gjore da. Og da va veldig månge bødn so vaks opp samtidig, på dan tiæ då eg va …
I: Så dere hadde mange kamerater …
B: Ja, da va månge. Me va månge. Naboane hadde månge bødn òg – dei flestre, iallfall.
I: Er det ikke sånn at det ligger tre bruk ganske nær hverandre?
B: Ja, har du vøre oppe dar?
I: Vi var … vi kjørte der for et par uker siden. Vi var en tur opp til Kvittingen, og så kjørte vi ned igjen … vi kjørte forbi Tveit og … Så jeg har så vidt sett åssen det ser ut.
B: Ja, nei da va mången bødn (…) adle hus … so me va veldig månge so leikte … Me hadde da ofta kjekt, da hadde me.
I: Var det noe forskjell på uteleker og inneleker? Lekte alle sammen inne ofte, eller var det noe mer forskjell på gutter og jenter …
B: Nei, da vil eg ikkje seia da va nåke særleg forskjell på. Ja-ja, da va no meira forskjel gjedna so no.
I: Var dere kanskje ikke så mye inne og lekte …?
B: Nei, eg vil seia da. Me va i grudn'n ikkje da. Me va helst ute.
I: Det var vel gjerne det med plassen og …

B: Ja-då, ja-då. Og so so om submaren … dei so va sopassa store at di kunne hjelpa te, dei måtte vera med og arbeida, veit du, òg, so da vart no ikkje so veldig mykje leiking - då. Om venteren då va da no te å vera ute og skreia …
I: Så da var dere på ski …
B: … ski og kjelkje og …
I: Pleide det å være mye snø … ja, det er såpass langt inne at det var vel snø …
B: Ja, da va no iallfall fullt so mykje snø dar oppe so her. Da ligg sopassa høgare at da va no iallfall allti snø, om venteren. Da va da.
I: Da var det vel alltids noe å holde på med.
B: Å-ja, da va da.
I: Så var det kanskje ikke så mye arbeide de skulle gjøre heller på vinteren?
B: Nei, ikkje før bødnæ iallfall. (Vert avbrotne av nokon (Svein?) som kjem i døra.)
I: Hadde dere noe sånn leketøy … dere hadde vel dokker og sånn …
B: Ja, me hadde fine dokke. Nåke ant særleg leiketøy, da va kje so veldig mykje da. Da va da kje. Ikkje nåke sånt spesielt då. Men adle me … me jent'na hadde dokke, litt store, fine dokke.
I: Ja-vel, som dere brukte å kle av og på og …
B: Å-ja då, ja-då.
I: Sånn som de gjør nå.
B: Ja-då, da hadde me.
I: Hadde dere vogn til òg kanskje? Dokkevogn?
B: Nei, da hadde me ikkje. Da kan eg ikkje huska at me hadde.
I: (Jeg syntes det var) kjekt å trille på de. Det kunne være enda kjekkere å trille på de enn å kle av og på.
B: Nei, men me leikte mykje med dokke. Da gjor me. Ofta te jul so fekk me nye dokkekle, veit du, so … Anna, elsta søsteræ sydde og lagde te åt øss.
I: Ja, ho var så flink til sy …
B: Ja, ho va flenk te sy. Og ho … ho hadde mesta arbeidet sitt med te sy og stedla med klena.
I: Ho bodde også hjemme ganske lenge.
B: Ja, ho va ikkje ong når ho va jeft. Men ho vart jeft og budde heima ei stonn ette ho va jeft, ho òg. Og hedna bødn … dei føsste bødnæ va fødde dar i same huset.
I: Var det sånn at det kunne bo flere gifte søsken på en gård samtidig?
B: Ja, da e utruleg kor di kan plassera seg når di ikkje e so nøye på da (småler). Di budde på danne lemmen oppøve daglegstøvo vår. Dar budde ho, og so hadde ho eit lite kjøken utpå dan … trappeoppgangen, elle ka eg ska seia. So dar budde ho *ei* stonn. Men so bygde no dei hus i nærheitæ, gansje nær. So ho budde nåkso nær heimen adle daga.
I: Dere hadde dokker å leke med, dere jentene, men guttane, hva lekte de med da?
B: Ja, da va no …(tenkjepause) førskjelligt da, pil og bøge og … lagde seg små børse gjor di og … di lagde seg endåte små sykla, tresykla, so di for …
I: Ja-vel.
B: Ja, di arbeidde …
I: (avbryt) Det var uteleiker alle sammen.
B: Da va uteleika, ja.
I: De hadde ikke noe de brukte inne?
B: Ikkje nåke spesielt da. Kan kje minnast da, iallfall, nåke særleg.
I: (… redskaper … bruke kniv og …)
B: Ja-ja-ja, litt sånt pøtla di no vel med, men eg kan ikkje seia eg huska nåke spesielt te da. Dan eine han … dan nommer to tå brør'na mine, han utdanna seg no so snekkar, ja,

so han arbeidde no, veit du, med førsjelligt – og hadde hevlebenk og … Han bjønte no tileg med da.

I: Var det sånn at dere jentene holdt dere mere inne i hus enn guttane gjorde, eller var dere mye ute alle?

B: Nei, me va mykje idne, da vil eg sei.

I: Mer enn guttene?

B: Ja, me va da. Nei, men me va no mykje ute òg, da va no førsjelligt.

I: Var det for det dere fikk arbeidsoppgaver som dere skulle gjøre inne : å vaske opp, passe barn og …(snakkar i munnen på kvarandre)

B: Å-ja, me måtte vaska opp og vaska og hjelpa te med … middagsmaten huska eg me måtte hjelpa te med, gå og henta potete og …

I: Det var vel litt arbeid det når det skulle lages mat (til så mange)?

B: Da va kje småtteri …

I: (snakkar i munnen på kvarandre) (… pille poteter og …)

B: Ja-då, ja-då. Da va eit heilt arbeid bere da. Og da va no iallfall vår jobb.

I: Guttane hjalp kanskje til ute litt mer (med dyra og)?

B: Ja, og so i skogen òg, då òg litt, med ved – te henta ved. Dei va med far, veit du …

I: Da måtte de vel være litt større. Kor gamle kunne de være?

B: Di va i grudn'n gansje små, eg huska no spesielt desse øngste. Dei va med far når di va gansje små. Da va di. Han hadde di med før han syns da va litt hjelp i di.

I: Kunne de være en sju-åtte år eller?

B: Ja, di va kje fullt … di va no ikkje meir når di bjønte å vera med han. I grudn'n so va da no arbeidet hovedsakleg so opptok øss mest.

I: Ja, det var vel …

B: (avbryt) Ja, da va da, da va da. Heila tiæ – da vil eg seia.

I: Da var det kanskje sånn at arbeidet ble gjort til leik på en måte også da, at dere …at dere gikk mere i hverandre?

B: Ja, da vart no te da at me … selfølgeleg so va me gla'e når me kunne få nåke te, veit du, og kunne vera te hjelp. Da va me. Og me va tileg å bjønte og læra øss te å malka kjyr, før eksempel. Da va no ikkje (alltid) so lettvint. Men me va ikkje so store når me bjønte og måtte malka, vera med.

I: Var det jentene sitt arbeid det?

B: Da va jent'na sitt arbeid, ja. Da va *kun* jent'na, da gjore ikkje gutane – i dan tiæ.

I: Var det sånn for de voksne også det …?

B: Ja-då, dei va ikkje med på da. Da va liksom spesielt jentearbeid.

I: Det var kanskje mannfolka som styrte med hestene?

B: Ja-då, da va da, veit du. Da va da. Elles so va me no litt borti da arbeidet me òg, me va kje fri før da. Eg og søster mi - ho so va elder so meg, ja – me brukte hestane litt me òg. (småler)

I: Var dere med å fore … og måkte og gjorde alt fjøsarbeid?

B: Ja, me va med, ja.

I: Dere måtte … dere kunne ikke være så reint små når dere begynte med det, for det er no tungt arbeid?

B: (stilt) Ja, da e (tungt) arbeid, men me fekk no prøva øss, ka me greidde.

I: Ja, det var vel sånn at dere gjorde det dere greide.

B: Ja, selfølgelig. Da va kje slek at me vart tvunge te å arbeida meir so me greidde. Nei, sånn va kje da. Men me fekk prøva øss, ka me greidde. Da gjor me. (Pause).

I: Jeg lurte på sånn som med arbeid ellers når dere var unge – var dere rundt på de andre gårdene for å hjelpe til …?

B: Da va kje me. Nei, da vil eg sei me va kje. Da so me gjore da va … sånn so når desse elste so va jefte fekk fleire bødn, veit du, og hadde gjedna litt mykje, då va me og hjelpte *dei*. Da har eg gjort, iallfall òg – fleire … hos fleire tå søsjenæ mine.
I: Var det vanlig på andre gårder at de unge dro ut og hjalp til andre steder, der hvor det var mindre gårder, kanskje, og de trengte (det …) eller …?
B: (dreg på det) Ja-ah, eg vil kje seia da va so vanleg dar oppe. Da va ein del famelia so hadde … so *ikkje* hadde gara, då, so bere hadde hus, før eksempel. *Dei* va gjedna rondt og hjelpte. So so me … eg her, me har hatt tenestejente dar oppifrå, *her*, frabmijøno tiena – fleire. Me hadde iallfall *tre* so va darifrå.
I: De var gjerne nokså store da, de var konfirmerte kanskje…?
B: (avbryt) Ja, då veit du di va vaksne, då. So her va da no mykje arbeid før di. So eg har hatt mykje hjelp tå onge jente darifrå, ja. Da har eg.
I: Du var ikke tenestejente sjøl noen gang?
B: Ikkje ant enn hos søsjenæ mine. Da va eg litt. Eg va no gansje ong når eg va jeft, eg òg.
I: Ja, det var *det*.
B: Jah, (småler) eg va kje meir so tjue år.
I: Jeg var jo bare nitten, jeg da.
B: Å-ja! Ja-ja. Eg hadde no iallfall fylt tjue, ja.
I: Nei, jeg lurte på om vi skulle snakke litt om skole, kanskje.
B: Å-ja.
I: Hvor gamle var dere når dere begynte på skolen?
B: Da va no sju år da.
I: Ja, så det var sju år den gangen også?
B: Ja, da va da. Eg bjønte vel då, eg òg antakeleg. Og me hadde da no veldig greitt slek, me hadde skulehuset tett frabm-med våre hus, nåkso nær.
I: Så dere slapp å gå lange veier.
B: Ja-a! Da skulehuset e vekke no, da e reve, veit du, di har bygt nytt på ein an plass.
I: Det er vel ikke så mange unger igjen oppi der heller?
B: Nei, da e da ikkje. No e da visst bjønt å veksa litt opp, meira, men da va fleire år no da ikkje va stort onge dar oppe.
I: Gikk dere på skole hver dag?
B: Nei, me gjekk ankvar. Da va bere to klassa.
I: Ja-vel.
B: Da va da. Lengsta tiæ iallfall (med eg gjekk) …
I: Og det varte fram til konfirmasjonen …?
B: Ja, ja.
I: Var det sju år?
B: Sju år. Da va da.
I: Kan du fortelle litt om hva dere lærte på skolen. Var det (lesing …)?
B: Ja, da va … føsste timane va da no allti religion. Seinare so va da no skriving og rekning og lesing og historie og litt sånn …Ikkje so mångsla so di no lære, sekkert ikkje, men me lærde no nett da so dan gongjen va nødvendigaste.
I: Ja, det var nå vel litt forskjellig, det … Syns du det var kjekt å gå på skolen?
B: Ja-då, eg synst da va kjekt heila tiæ. Eg har ikkje dårlige minne ette skulen, iallfall. Da har eg ikkje.
I: En hører nå så mye rart om spanskrør og sånne ting, men (…)?(Snakkar i munnen på kvarandre)

B: Nei, da vart ikkje me før, iallfall. Ikkje med eg gjekk i skulen. Men mor og dei fortalde mångsla fæle historier frå tidlegare tie – om sleke teng. Di va … førferdeleg hard disiplin. Men eg kan ikkje seia nåke sånt, nei.
I: Det kom vel mye an på åssen læreren var innstilt også?
B: Ja, ja. Selfølgeleg so førekobm da selfølgeleg ein no og an episode at da kunne verta litt krångel mydlo læraren og ein elev, men ikkje …
I: Det er nå sånt som alltid skjer …
B: Ja, da ville no vera rart òg uten … (I hostar og avbryt)
I: Var det en lærer som var fra plassen, eller (var han innflytter …)?
B: Ja, han va i grudn'n innfløtta, men han va jeft og hadde hus og heim dar oppe, ja – hadde stor famelie, han òg. Da hadde han. Men han va i grudn'n ifrå Sunnfjord.
I: Ja-vel.
B: Hadde navnet darifrå, han heitte Fitje.
I: Var kona hans fra Samnanger da?
B: Ho va ifrå Samnanger, ja. Da va ho.
I: Med religion i første time … begynte alltid med salmevers da?
B: Ja, allti. Og te slutt so va da allti … song me allti eit salmevers òg, og bad Fadervår. Da va slutten, kvar dag. Da va da.
I: Var det mye som dere skulle lære utenat?
B: Å-ja -då. Me laut læra mykje utenat. Me laut læra utenat bibelhistorie og … fekk lekse heima, veit du., te pugga og lesa på. Og salmevers måtte me læra utenat og …
I: Når det var sånn at det bare var to klasser, så var dere vel flere i søskenflokken som gikk sammen da … (snakkar i munnen på kvarandre ei stund)
B: Da va me òg, ja …
I: … (hadde) lekser og kunne hjelpe hverandre kanskje …
B: Ja-då. Da va sant da. Me va fleire i beggje klassane.
I: Var det annenhver dag alle åra dere gikk på skolen, eller…?
B: Ja, da va da. Før … da va … Du veit da va bere eitt skulehus, selfølgeleg, og eitt lærarrubm. Da va kje meir. Eine dagen va føsste klassen … og andreklassen, (tvikar) og so va da vel treie og fjere då. Nei, no tulla eg visst.
I: Var første klassen en dag og andreklassen neste dagen og så var det første igjen?
B: Ja, ja, da va slek.
I: Var det sånn at dere fikk fri fra skolen i onner og … viss det var våronn eller potetopptaking og …
B: Da trur eg ikkje da va snakk om. Da va da kje.
I: Det var ikke sånn at skoledagen kom i konflikt med arbeidet hjemme og sånn?
B: Me fekk ikkje ekstra feri, før sånne teng, iallfall.
I: Nei, så dere arbeidet de dagene dere ikke var på skolen (kanskje)?
B: Ja-då, da va da me gjore, veit du. (Pause) Me kan no setja på meira lys.
I: Nei, det er helt fint.
B: Ser du?
I: Ja-da, jeg bruker ikke så mye denne lappen heller, det er bare sånn liten … husk. Jeg tror vi har snakka om det meste som har med barndom og sånt å gjøre, jeg nå. Kanskje … har du noen meninger om åssen det har forandra seg? Syns det var annerledes å være barn sjøl enn da du fikk dine egne barn, eller annerledes da enn det er nå?
B: Ja, da e no selfølgeleg månge teng so e annerledes no, når me tenkje på alt detta her nya so e kobme te i denne tiæ. Du veit nåke sånn so …
I: (avbryt) (…) få barn …?

B: Da òg har di no, veit du, di adle flestre. Og so veit du no e di veldig opptekne med fjernsyn og radio. Da fanst ikkje, veit du.
I: Dere hadde ikke noen radio …?
B: Å-nei. Da va kje kobme da då. So da fanst ikkje. Ikkje va da telefon i huset, veit du. Va kje van med da. Me hadde selfølgeleg telefonsentral nepå Tøsse, og so so her hadde di òg … telefon. Men da va kje vanleg at nesten adle hadde telefon, so so no at di kan snakka med kvarandre. Damed so vart månge teng mykje arleisna so no, veit du.
I: Så dere var mer isolert kanskje?
B: Meir isolert, ja.
I: (… i dag er kanskje så mange ting farlig som ikke var den gangen, med trafikk og … Det var vel andre ting kanskje …)
B: Ja-då, ja-då. Du veit da fanst då kje bila, veit du.
I: Nei, den første bilen kom jo med mannen din.
B: Ja, da gjor an, da gjor an. Og da va i … (stussar) da va vel i nittjån-syttjån han bjønte. Han hadde være i Amerika nåken år, og då når han kobm igjen darifrå då bjønte han med bila her. Og da va dan føsste, ja, so va her på desse veiena. Men da va før me va jefte, iallfall ja.
I: Kanskje vi skal snakke litt om ungdom og konfirmasjon, og den tida fra dere var fjorten-femten år og fram til dere gifta dere.
B: Ja. Me hadde ongdomslag dar oppe, so me va med i, veit du. Og gansje månge ongdomma va da. Me hadde da nåkso kjekt. Me hadde sånn leik, folkeviseleik, og … faste møte om sonndagane.
I: Hadde dere … arrangerte dere danseleik og sånn på lørdagane kanskje eller?
B: Ikkje sånn at me arrangsjerte da, sånn so no di gjere. Men di kunde dansa når di hadde … før eksempel når di hadde hatt møte og kanskje ette på kunde di dansa litt då. So me va no med på *da* òg. Eg har no være med på da òg.
I: Hadde dere spellemann og …?
B: Ja, da va no allti inkvan so hadde eit lite trekkspel elle nåke, elles so spelte …
I: (avbryt) Det var trekkspell dere brukte. Det var'ke fele?
B: Da òg. Da va no trekkspell (…).
I: Hvor gamle var dere når dere kunne være med på det da?
B: Da va no ette eg va konfirmert. Eg va no kje med før.
I: Var det konfirmasjonen som liksom var det store skillet …?
B: Ja, da va da, da va da stora sjilje. Då va me vaksne, då, liksom, då me va konfirmert.
I: Da blei dere regna som voksne?
B: Jah (småler).
I: Det henger da i enda det.
B: Da heng no vel litt i, ja.
I: Iallfall i byene gjør det det.
B: Da va liksom ein stor øvegong, da ja. Då sko me bjønna å gå i sie kjola og …
I: Det var slik at klesdrakta forandra seg …
B: Ja, da forandra seg. Før jent'na – ja, gutane òg.
I: (De hadde kanskje hatt) korte bukser …
B: Ja-då, ja-då. Seinare so … Da va litt stor førandring på klena, ja, ette du va konfirmert.
I: Var det sånn at det blei flere oppgaver dere fikk hjemme også - at dere fikk større ansvar når dere blei konfirmert?
B: Da gjor me, veit du. Da gjor me. Me laut no …
I: (avbryt) Dere måtte gjøre arbeid som voksne da?

B: Me va meir vaksne då, og gjera da arbeidet so va te gjera. Da gjor me, elles so vil eg no seia me fekk gå litt på sk… eg va no på ein framhaldsskule. Da va no vel vinteren ette eg va konfirmert, antakeleg – nere på Tøsse. Og *so* fekk eg gå på folkehøgskule nepå Milde. Da va …
I: (avbryt) Da bodde du hjemmefra …?
B: Ja, du veit eg budde på skulen då – dan tid eg va dar. Da va ein venter, nittjån-attjån, da.
I: Så da var du sytten år.
B: Ja, eg va syttjån år då. (B må ha vore 18 år om ho begynte på Milde hausten 1917.)
I: Fikk alle søskena dine gå såpass mye på skole eller?
B: Ikkje adle, men Marto, søster mi, so e elder so meg, ho gjekk føsst – før meg, also – på Milde òg. So ho òg fekk gå. Og Sigrid, dan øngsta tå øss fira søstrena … nommer tre, ho so kobm ette meg, ho dø når ho va …
I: Sytten.
B: Syttjån år, ja. Fekk spansko.
I: Var det spanskesyken det?
B: Ja, spansko ….

Slutt på A-sida

B-sida:

I: (Var det på) Sigrid det?
(Her mistyr I og trur visst Sigrid og "nommer tre" av dei fire som kom etter kvarandre er den same søstera.)
B: Ja, ho òg fekk gå på Milde. Me va tre søstre so gjekk dar.
I: Var det der ho bodde da ho blei sjuk, eller bodde ho hjemme da?
B: Nei, ho va heima då.
I: Var det bare ho som fikk sjuken eller …?
B: Ja, me va … me fekk … me va låke fleire, men ikkje … me greidde da no iallfall. Da va månge onge so bokka onna då (…)
I: Var det mest de unge det gikk utover?
B: Da va i grudn'n da.
I: Var det om vinteren det eller om våren eller …?
B: (Tenkjepause) Da huska eg ikkje.
I: Da var du nitten var det så, eller… (du var litt eldre enn Sigrid)?
B: Ja, eg va nitten då. Men då … då når Kristina dø – då ho dø, ja - då va eg forlova also.
I: Ja, du gifta deg ganske snart etter det.
B: Ja.
I: Guttane, gikk de også på folkehøgskole?
B: Nei, dei gjekk ikkje på folkehøgskule. Men …
I: (avbryt) Var det det at de skulle ut og arbeide, de, eller gikk de på andre slags skoler?
B: I grudn'n so … Da va no Nils, dan elste, ja, han gjekk no på lærarskulen. Og so va da nommer to, han vart utlærd snekkar. Men han gjekk sånn snekkarskule, also, og va bygningsmann. Og nommer tre, han vart … han bjønte med kontorarbeid. Han hadde hatt ein middelskule, so me kalte … - da e vel da sama so gymnas no – og va ansatt på anleggskontoret i Bergen, kraftanleggjet. Han fortsatte med da, og reiste te Austlandet og va dar ei stonn, og dar vart han jeft. So dei fløtte òg heim og budde heima ei stonn. Og nommer fira, du veit da e Anna so e elst, han va på anleggsarbeid. Han vart ute før ei ulokka – og dø.
I: (…) på Ålvik det?

B: Ja, i Ålvik. Og so va da han so gjekk i Tronheim på teknisk høgskule dar og reiste te Amerika - han va nommer fem. Desse tre øngste, dei har i grudn'n ikkje gått mykje skula, nei. Men dei va (heima) og hjelpte far kvar venter, han va vørten litt gammal (og slek). So hadde han tekje på seg å kjøra adle desse mastrane på plass …

I: Å-ja, til anlegget, ja.

B: Te anleggjet. Adle desse so står, jadnmastrane. Og da va kje nåke likate arbeid. Hadde to hesta, og kjørde tospent. Og då hadde han desse … *to* gutane med seg. Og dei va kje store karane. Og da veit da va månge so sa at di trudde dei sleit litt før mykje, dan gångjen. Men dei bjønte no å kjøra bil og … kjøpte seg lastebila og dreiv lastebilkjøring og sånn.

I: Så det var bilfolk i slekta di òg?

B: Ja-då. Da vart da, då. Da va no bjønt å verta alminneleg med bila då, veit du.

I: Var det vanlig i bygda di, at dere fikk gå på skole hvis dere ville og … etter at dere var konfirmerte?

B: Da va kje veldig vanleg. Nei, da va da ikkje. Da va da ikkje. So eg førstår … eg har månge gångje lurt på da, at di kunne greia da. Før da køsta no penga å ha di på skula. Og so månge so me va, veit du, so … Da sku mykje te. Selfølgeleg so va da kje so … Men sånn so pengane va verd dan gångjen, so va da dyrt, då òg.

I: Ja, (….)

B: Nei, eg syns da va … fælt at di kunne synast di hadde råd te å ha øss på skule. Men me e veldig takknemleg før da, eg syns da e no …

I: De syns kanskje det var viktig foreldrene dine (…)?

B: Di gjore da, di va slek innstilt, at di syntes da va viktigt at me fekk læra, mest mauleg. Da gjor di.

I: Så du følte at de var mere innstilte på det foreldrene dine enn det som var vanlig ellers i bygda?

B: (stilt) Eg trur mest at eg kan seia da. Da va slek di va – beggje to.

I: Jeg husker du fortalte at de som ikke gikk på skole, de var stort sett hjemme og hjalp til hjemme. De var 'ke så mye de arbeidde ute …

B: Neih. Da va no då når – før gutane sin del, iallfall – då når di bjønte med detta anleggjet, då vart da litt arbeid før månge, veit du. Sånn at di tjente no litt penga, iallfall.

I: Når tid var det det begynte, var det rundt …?

B: Da va vel i nittjån-ni-ti, (føre ti) tenkje eg. (Da va sekkert da.) Og da va no spesielt dar i nærheitæ dar med Tveit, veit du, di arbeidde. Heile veien oppijøno lika te … Fisje, va da no te bjønna med.

I: (…)

B: Ja-då, da vart mykje arbeid før månge då. Og då bjønte følk å tena litt penga og fekk da litt romslegare, sekkert.

I: Ja, det må da ha vært litt romsligere i familiene (…)?

B: Å-ja, da veit me da va. Då veit du di bjønte å … kunna hjelpa te og betala litt før seg heima òg. Da gjor di òg.

I: Ja, for det var det neste jeg hadde tenkt å spørre deg om.

B: Ja, di gjor da. Ja-då, di gjor da. (Da e sant og visst òg, da.)

I: (De klarte) kanskje å spare litt til de skulle gifte seg seinere og …?

B: Ja-då. Ja, da bjønte no iallfall å verta litt bere, ja, på dan måten at di tjente litt penga. Og då va da kje so gale om di va månge.

I: Nei, da var det jo mange som skaffa inntekt …

B: Ja-då, di hjelptest åt. So da kunne no selfølgeleg vera nåke da òg so gjore at me fekk gå sopassa på skule so me gjore. Desse brør'na va no elder, veit du – dei fem so kobm ette-einan'n …

I: (…) at dere kunne takke anlegget for at dere (snakkar i munnen på kvarandre)

B: Ja, da e nåke … da e sant, da. Da e sekkert òg da. Og far tjente bra, sekkert, med penga før da arbeidet han gjor med mastrane, òg.

I: Kan du huske om dere ønska sjøl å komme i arbeid, eller syns dere det var kjekt å få bo hjemme så lenge som mulig?

B: Eg før min del kan ikkje seia eg har kjent nåke lengsel ette te få reisa ut. Men du veit når du ikkje e meir so tjue år so … so e no da ei forholdsvis kort tid, tå levetiæ.

I: Ja, (… tidlig nok i utviklinga …).
Når det gjaldt det å gifte seg, å finne seg noen å gifte seg med, kan du huske om det var noen spesiell måte … Hvor traff dere hverandre, var det i ungdomslaget eller …?

B: Ja, før min eien del so va da no tefeldigt i eit brødløp dar oppe – hos ein tå naboane. Då va min mann med i da brødløpet, also. So da va liksom føsste plassen me vart kjende. Da va liksom då da starta på ein måte.

I: Det var kanskje i forbindelse med sånne besøk folk traff hverandre, i bryllup og …?

B: Ja, da va mykje da, vil eg seia.

I: … barnedåp og kanskje …

B: Ja-då. Brødløp da hadde di allti heima i husæ. Og da varde i fleire daga – to daga va da no da mensta, allti.

I: Var det det, ja?

B: Da va allti to daga. Og då fekk di go anledning te å verta kjende med kvarandre. So eg trur da va … da hende visst ofta at di fadn kvarandre på dan måten. Ja, da trur eg.

I: Kom det folk fra hele bygda i bryllupet da, eller hadde dere spesielle bedelag som dere …?

B: Nei, di va bedde i brødløp, veit du. Da at han va dar oppe, da kobm seg vel te at brugommen va her ifrå Norbygdæ, og bruræ ho va dar ifrå Tveitæ, ja. So då va dei goe kamerata hadde vøre ifrå før, man'n min og han brugomen. So da va litt spesielt at han va dar. Da va kje vanleg at di reiste so långt i brødløp.

I: Nei. Hadde dere spesielle regler for hvem som skulle bli budt?

B: Ja, da va grennæ, di hadde spesielle grenne di snakte om. So dei so haure te same grennæ dei sku beast adle, uansett.

I: Enten de var slekt eller ikke?

B: Ja-då, ja-då. Måtte gå rondt i kvart hus då, og be di. Og da va uansett da, om da ikkje va slekt. Grennæ sku beast adle, also.

I: Skulle bryllupet som regel holdes hjemme hos foreldrene til bruden?

B: Ja, so regel. Viss da på nåken måte let seg gjera, so va da vanleg.

I: Så det var vanlig alltid at de hadde det hjemme?

B: Ja, allti vanleg. Da va da.

I: Hadde dere noe forsamlingshus som blei brukt til sammenkomst den gang – det var alltid hjemme hos foreldra?

B: I sånne brødløp og slektsla begravelsa òg, vil eg seia, so va da alltid i heimane. Di hadde … di hadde ikkje førsamlingshus dar oppe anten skulehuset og so fekk di – då når anleggjet va slutt, hadde eg so ner sagt, elle da bjønte å dabba åv med da arbeidet – då stod da førskjellige brakke kringom so dei hadde bygt opp te arbeidsfølkjet sine, veit du. Og då fekk di … ongdomslaget dar oppe fekk kjøpa ei sånn brakka so dei brukte te ongdomslagsmøte. Da va da einaste huset, dar oppe.

I: Det må jo være godt å ha et sånt forsamlingshus (….)

B: Ja-då, da va gødt. Dar hadde di iallfall festa og sånne samkomsta. Men da va faktis ei brakka so stod igjen ette anleggjet, so di fekk kjøpa.
I: Kunne du snakke litt mer om brylluper og sånne fester (som foregikk og) … Skulle de vare i flere dager, så var det mye stell på forhånd og …
B: Ja, kolossalt …
I: … mye mat og …
B: Kolossalt mykje matlaging, på forhånd, og … baking og … Selfølgeleg so hjelpte di te naboane og førsjellige sånne kåne so va spesielt flenke med mat, veit du. Dei hadde fast jobb te vera med og hjelpa te i sleke høve.
I: Ja, det var faste koner som gitt til alle …?
B: Ja, so va vanleg … dei so va spesielt *sjekka* te da, hadde eg so ner sagt. Dei hadde fast jobb te vera med på sånt. Mor va førresten ofta med på sånne … sånne lag og sku laga te mat. Da va ho. Ho va sekkert veldig flenk med maten, ho ja.
I: Ja, det må ho ha vært, da. Men hadde ho tid, ho som hadde så mange …?
B: Ja, du kan gjedna seia da. Da va kje spørsmål om ti …
I: (avbryt) Det var vel kanskje av og til noen andre som kunne være hjemme og passa ungane …
B: Ja, ho hadde da veldig gødt med elsta søster mi. Da hadde ho, før ho va heima lengje, ja – ette ho va vaksen.
I: Fikk ho noe hjelp av kårfolket?
B: Da gjor ho vel òg … da gjore ho òg te bjønnelsen. Elle eg vil seia at eg kan kje huska so veldig mykje te at *dei* hjelpte te so mykje, før …
I: Nei, de var kanskje gamle da?
B: Ja, di va vørtne gamle når eg huska te di, og so vart da te at dei fløtte … dei hadde fleire førsjellige bødn so va busette i Bergen …
I: Å-ja.
B: … og so vart da te at dei fløtte te byd'n og va dar på sine gamle daga. Di va kje so veldig lengje heima dei ette eg … ette at eg vart stor, iallfall. Di budde … hos Sæverud, eg veit kje om du kjedne Harald Sæverud?
I: Ja.
B: … elle har haurt om han gjedna?
I: Ja-da. Klart det.
B: Ja-a. Han va no son te ei døtter deira.
I: Å-ja?
B: So dei budde hos dei.
I: Ja-vel.
B: Da gjor di lengje.
I: Så Harald Sæverud er i di slekt han altså?
B: Ja-då, han e søsjenabadn med meg han.
I: Ja, nettopp.
B: Har kje hatt so mykje kontakt med han, men han har no vøre her … da e kje so fælt lengje si han va her, (…)
I: Ja, for du har ganske mange søskenbarn du?
B: Å-ja, da har eg no …
I: Så det skal litt til å holde i kontakt med alle.
B: Me hadde no ein sånn slektsfest her, slektsstemna. Då hadde me samla kolossalt månge. Eg veit kje kor månge me va i alt, eg, men me va no sekkert fleire hondra, iallfall.
I: Ja, da må dere fått med alt … alt som er da av smått og stort?

B: Ja, da va svære greie, da. Me samlast litegrann dar oppå Nytveit. Slek at me fekk gå rondt i husæ og sjå litt korleis da ser ut no og …
I: Jah. Er det di slekt som bor på garden fremdeles?
B: Ja, da e da. Da vil seia at kåno te elste bror min e da no so bur på garden no, og son deira e da so eig da og har da. Men dei e dar ikkje so veldig mykje, før kåno hans ho e ifrå Granvin, og ho har arbeidet dar på kommunekontoret i Norheimsund, og dei har leilighet og bur dar idne. So då …
I: (avbryt) (Så da blir ikke) jorda drive heller?
B: Nei, di driv … di har ikkje kjyr lenger, elle sånn. Di slær no iallfall, graset, og har kalva (…). Da har menka fælt åv, veit du. Når ikkje han e dar, so kan da kje gå da.
I: Nei, det er klart.
B: So di driv ikkje (…) garden so mykje no, nei.
I: Du sa at dere var flere hundre på det slektsstevnet. Hvor mange kunne det være som var med i brylluper og begravelser?
B: Da va no litt førsjelligt, veit du. (Tenkjepause) Eg trur no nærmast at da va kje so långt ifrå hondra mennesje.
I: Det må ha vært (stubb) fullt i stuene da?
B: Kolossalt. Da va dekka i adle tre støvena. Da va da.
I: Det var vel om å gjøre å få fint vær også da så folk kunne være ute og …?
B: Ja-ah. Ja, da va iallfall fint vêr dan gångjen, men da va no ikkje allti da klafte. (…) da va føsste april me hadde brødløp.
I: (Ja, dere hadde bryllup første april.) Dere hadde det på Nytveit?
B: Ja-ah.
I: … og med hundre gjester.
B: Ja, eg ska kje påstå da, eg kan kje nett seia … da va gjedna drygt sagt da.
I: Ja-vel. Huset må nå ha vært fullt uansett…
B: Huset va iallfall fullt (småler).
I: (De kom) smått og stort da, hele familiene.
B: Ja-då, ja-då. Dei adle menste va no vel ikkje med, men da va no både badn og vaksen, ja, da va da.
I: Du fortalte at du traff mannen din i et bryllup, det var kanskje vanlig. Var det vanlig at de gifta seg med andre samninger, at det var for det meste det at dere gifta dere med folk fra bygda?
B: Da har i grudn`n vøre mykje brukt da. Elle *va* iallfall, gjedna meira då so no. No trur eg da e vørte mykje arleis på dan måten. No e da meira samkvem imydlo bygdane. Dei va veldig isolerte før.
I: Så kanskje noen dro på tjeneste i andre bygder og fant seg ektefeller?
B: Da va da no òg, veit du. Å-ja, da veit du da va dan gångjen òg, da, litt. Men da e no meira no, trur eg, so da va dan gångjen. So i grudn`n so trur eg da va nåkso vanleg at di va jefte med sabninga – di flestre.
I: (Det måtte nesten bli så) at hele bygda var i slekt med hverandre etter hvert?
B: Ja, da va da da va, da va da da vart, veit du, på den måten.
I: Det var vel ikke så veldig mange som …?
B: Nei, i grudn`n so e da veldig mykje slektskap imydlo følk her i Samnanger. Da e da, da e kje tvil om.
I: Hadde dere noen regler for hvem det kunne være … kjekt å gifte seg med, eller om det var noen regler når det ikke passa seg å gifte seg med en?
B: Da haure eg aldri snakk om, iallfall ikkje heima.
I: Dere fikk rå dere sjøl?
B: Ja, da va alder snakk om da. (…) Da fekk me gjera so me ville med.

I: Fikk dere høre noe om hvilken alder som … at dere ikke skulle gifte dere for tidlig eller for seint, eller at det var spesiell alder som var …

B: Nei, da haur eg helle alder nåke om. Da gjor eg ikkje. Di sa injenteng om da. Mor va no veldig tileg jeft sjøl, veit du, so … Da va ho.

I: Var det vanlig å gifte seg så tidlig eller var det …?

B: Da va nåkso … da va kje uvanleg iallfall. Mor te man`n, her also, va òg jeft når ho va atten år.

I: Det var tidllig det.

B: Jaha. Då sku di bjønna å vera bondekåna, veit du, med ein gång.

I: Ja, det var det òg, og så fikk de gjerne barn …

B: Ja-då, ja-då.

I: Det var tidlig å få ansvar, men det var dere jo vel vante med, kanskje, fra dere var så store at dere kunne …

B: Ja, da va da so va, da. Me va vante te … ta arbeidet og ha ansvar før at da vart gjort, veit du, ifrå me va små. So da va sekkert ei go hjelp.

I: En skulle tro at overgangen kanskje var mindre for en attenåring da du var ung?

B: Da trur eg. Eg trur da hadde vøre vansjelegare no før … før ei ong jenta – verta so tileg jeft og so gjedna bjønna å få bødn, og so attpå te sku vera bondekåna, då.

I: Ja, så er det også det at vi som er unge nå, vi har jo ikke vokst opp i en sånn stor søskenflokk at vi har fått lære gjennom å passe søsken og sånt …

B: Nei, da e sant da. Da hadde me iallfall go anledning te.

arbeidd. Ho va so … ho hadde so gøtt lag med beistæ, og so va ho so fæl å vaska. Gjekk te følk og vasste hus og sleit og arbeidde, forstår du, og … so va Matthiessen, so då hadde … da so no e Safa, da va Samnanger Ullvarefabrikk, og da va Norges beste ullvarefabrikk, di hadde *alt,* alt … føre føsste verdenskrig og då ette dan òg frabmøve te febmogtjue og seksogtjue då bjønte da å verta nedgångstie på adle måta. Men føre so hadde di alt sånn statslevering te uniforme, all sånn ulltøy te da …

K: (avbryt) te militæret.

E: … te militæret og te jernbanefølk og politia og alt sånt. Så då va da tre-fira hondra meneskje, di hadde spesialista ifrå Tyskland di hadde fått opp her og sku vera vevmeistera og slikt nåke. Og dar … han hadde fått fat i danna dar Gurina, då når ho hadde moræ dar idne, at ho reiste bort dar og vasste i leilegheitæ hans – han hadde flott leilegheit, han veit du, so va fabrekkeigar med fine møbla, og då sko da kje flyta alt di hadde fløtta eina heltæ borti dan stora støvo, fortalde ho, og so sko ho vaska dan halva støvo då, og so sko ho kobma att neste dag og ta hitt, før ho måtte … Men moræ … eg va ofta idne dar, eg, me gjekk no idn dar og sku henta hedne og vera i skulestøvo so …, og so fekk eg eit spann med mjelk heimantifrå so eg sku få opp te ne og … Då sat ho i sengjæ, danna gamlo, ho spøta te øss ongane heima. Ho va kje god te stå og gå. Då sat ho alltid med sånt sabningaskaut, kvitt skaut på høve og … Nei, du ser kor tiena har førandra seg no, da …

K: (avbryt) Da va kje gamleheim, då.

E: Då sko ho ner i – nei, eg kan kje fortelja datta dar, før da kan kje kobma med i nåke bygdabok; ja, eg veit kje om da … da står no visst i dan gamlaste, om da. Mein-du kje da ho sko ner i fabrekkjet, i sjølva fabrekkjet, òg å vaska ein plass? Og dar va ein mann so hadde kjæring og månge onga, so tok ne idn i ein udlabing og … (pause)

K: … lagde (følk?) (He.)

E: … og lagde ein son.

I: Ja-vel. Hun fikk en unge til, da altså.

E: Ja. Men då … dan hadde ho òg med seg med moræ levde og med ho budde idn på Reistad i dan støvo. Eg veit ikkje, eg, om han va … eg veit kje om han va meir so årsgammal, då fekk di …Før kjæringjæ nekta te skilja seg, og hadde då vaksne bødn, hadde han, danne dar styggeman'n dar. Kan kje skulda alt ut på kvinnfolkjæ, men (…?) likte vel sånt, gjedna (småler). No ska di no lærast opp, no, ifrå barnsbein og di ska bruka altsla, veit du, men … Men då sette moræ og kjæringjæ hans på at danne ongjen sko kje verta verande her i bygdæ. So han vart sendt te vaisenhuset i Stavanger, han.

I: Så ho fikk ikke ha han da?

E: Ka?

I: Så ho fikk ikke ha den ungen?

E: Nei, fekk ikkje ha han meir. Og han fekk aldri kobma tebaskars trur eg og besøkja hedne. Men i begravelsen hedna, då va han. Og då hadde di … Dagen før, so va eg oppette, før då … - ka årstal va da, ska eg seia – og såg ette sauena våre, dei hadde me jagt te fjells, førbi datta dar plasset dar oppe. Og so va eg oppette og sku sjå om eg sko sjå di igjen, elle … og sånn. Og so når eg kobm nedatt dar, no e no huset …, men løo vølte brørna mine på og bygde ei hytta idni løo, slik at me hadde da te seter, får eg seia, idni løo dar; og so sko me no ha da klar viss da vart invasjon og Ådland vart oppbrend so da vart no månge plass, at me sko flykta dar opp, og … Men eg gjekk på stølen og låg dar oppe og so va da inkvan tå gutane (so va heima?) dei va oppe om kvelden og henta mjelkjæ so va då. Og so hadde me løypestreng, òg då, og taubana frabmed so me kunne dra opp … Me slo dar oppe og fekk mykje høy – kjøpte kunstgjødning da me fekk tak i onna krigen – og hadde mykje høy. Men no har kje

bror min vudne på å gjert gardane og no beita di og da ligg onna fefot altsla (…?). På ein måte e da før gale. Ja, og då … stod trøppahedlo - dar va tre trinn, føsst va ei flat, fin steinahedla neri her og so va da eitt trinn og so eitt trinn. Og so sat eg på trøppahedlo dar og so tenkte eg på kor mång gånga danna Gurino so låg neri kjørkjo og sku gravast neste dag, kor mång gånga ho hadde slite og gått idn dan døræ og opp danna trøppæ med … når ho kobm or floren med mjelkebøtto med di hadde beist og … sat dar og tenkte øve alt (…?) – eg hadde være i lag med ne sio ho va liten og gjekk heima og arbeidde og slek – og so stod dar øspe då ein krans nett nedfør ein bakkje dar, og dan øspæ ho e veldig flott ho når da bivra litt so … da va so fin solskinnsdag og da bivra so fint, og so tenkte eg da at … Gurino ska ha ein krans, verkeleg tå … før eg har no være … blomstra og gartnar eg har interessert meg før. Hadde kje danne dar telefonsluskjen kobme, so hadde eg no reist og bjønt i gartneri, då, før då hadde eg bestemt meg før at no får inkvan andre bjønna heima. Då va no søstrena mine so store at dei … og brørna … Ja, og so braut eg nåken greine tå øspe, dei bivra so fint, dei bladæ dar. Og so når eg gjekk lenger ned, då, her utatt ijøno liæ her, dar stod ein sånn *hydl*, ein sånn so veks vidl subme plass …

K: (avbryt) hyllblomster.

E: … hydleblomster, med nåke veldige, store, kvite duska; lika store duska på dan – kvite – slek so på danna hortensio. Og so hadde eg ein rododender her ute so eg … - dan e blå, veit eg, dan … ja, da e ein sånn lilla, rododender – og so batt eg i hop ein krans. Og so her snakte … eg hadde ikkje tenkt so … men mor levde då – ho va no litt dårleg te beins, ja, men ho gjekk no ned – ho sa da: ”Du må leggja danne kransen på og seia inkvasla ifrå meg og ifrå øss adle.” Og so tenkte eg no kje so mykje, men eg la han no ned med kisto på gølvet liksom, men da va no ein par kransa oppå. Og so her bjønnte presten, du, med eit bibelsted … at da va *omvendelse* - han fadn i Bibelen, eit sånt bibelsted – før … ka va da no … ”syndere og horkarle” kunne òg kobma te himmelen visst di vende om i edlevte time!

I: (lågt) Næh! Det var ikke noen fin tanke

E: Ka? … Da va aldeles førferdeleg. … Og då fekk no eg ettekvart innskydelsen at … ho ska kje gå i gravæ visst ikkje nåken andre sei nåke adna. Og so då me hadde være ute med gravæ, då, då haure eg ei so tok ei an’n i armen …

(Slutt på A-sida av bandet.)

”Da va velsigna at ho snakte so fint.” ” Me kunde ikkje grave Gurino, me, med da preiko te presten,” sa denna her andra. Men so gjekk eg frabm med danne kransen og so sa eg detta her at eg va og skødde ette sauena og då sat eg på trøppahedlo dar oppe på plasset og tenkte på kor ho hadde slite dar. Og so stod dessa her øspena dar - da heitte jo Øspekleivæ, men dei stod og bivra so fint – og når eg gjekk lenger nerijøno liæ so fadn eg ein hydl so va desse kvite duskane, og so har tekje ein tå … nåken døtta tå rododendroen min og botte denne kransen …, sa eg. Og so kobm eg te tenkja på da at dasse øspebladæ … so kobm eg te tenkja på eit vers so står i minnebokjæ mi: Livet det er kun som et pust i sivet … Og om nokre år so e Gurino gløymd, men minnet kjem te leva hos øss so hadde ne med øss ifrå me va bødn. Mor vil (…) takka før at ho hadde hjelpt hedne når ho hadde små bødn. Og me søsjenæ huske ne bere som ein hjelpsom engel … Nåke sånt.

I: Så ho hadde større respekt i bygda, ho Gurine, enn ho hadde hos presten, da?

E: Ka?

I: Så bygdefolk hadde større respekt for ho enn presten hadde?

E: Ja? … Han kobm ettepå og sa at da va enestående ka fint du… eg har kje kjent ne, eg, adna enn ette ho vart gammal og skrøpeleg og va kobmen på gamleheimen og hadde

haurt gjete kor ho hadde levt og … ”Ja-ja, du sko no fudne eit adna bibelsted,” sa eg beint med han.

I: (småler) Jah! Det var nå greit at noen sa fra.

E: (avbryt) Ja, so eg sa med Jan’n, òg: ”Ka ska ho intervjua meg om dan so kjebm?” sa eg. ”Du veit eg sei vel før mykje, eg,” sa eg. Ho va ikkje hos øss te … Då fekk ho da plutseleg på seg at ho sko te bydn og få seg tenesta - dan døtteræ so ho hadde. So ho fekk ha, also. Sonen tok ho (dei, red. mrk.), men han kobm ifrå vaisenhuset, han, og va i begravelsen. Og han felte tåre … han gjekk bort ettepå utpå kjørkjegarden; han måtte få ein to greine tå dasse dar øspebladæ, før då hadde han … va da ei søster te danna dar so va på gamleheimen i Stavanger, so han hadde hatt førbindelse med si’ ho va tanto hans. Og då ville han ha to sånne greine, og fekk… leggja i ei bok te minne om danne kransen og datta dar. Men han va oppalen på vaisenhuset, men då va han bjønt på eit steinhuggeri dar nere. Og han sende stein han på moræ, gratis og … hadde høgge te og sende gratis, adresserte ne te kjørkjegarden og kjørkjetjenaren her på kjørkjegarden.

Og so va da danna døtteræ so ho hadde, då. Då va moræ dø – eg trur da va i einogtjue ho døydde. Og so va da ein mann her bortpå Gjere. Og enten han hadde sju elle – eg har da no i sogebokjæ, men da e no kje so nøye med – enten han hadde sju elle han hadde nie onga, og so døydde kåno tå kreft. So da e kje meir so to år sio, tre år elle, ja-ja, sio me va i lag i ein konfirmasjon, og då kjørde me i same bilen, og då sa døtter te danne man’n da: ”Han førstår ikkje da enno, Engelina,” sa ho te meg, ”at ikkje far din og mor di so va slike - og Gjertrud Haga, òg - so va slike kloke følk og so va med i både sokneråd og herredstyre og slikt nåke, at ikkje dei reiste bort og tok bokso nerom far og prylte han på bera revæ når han la seg med dan ongjen med da sama mor va død.” Og so vart han … med adle dasse ongane … ho døydde tå tæring og nåken va smitta og di va fudle i lus heila huset og da va ikkje kle på di og ikkje nåkesla, og ho tanto mi so va lærerinda borti kretsen dar, ho sette i gong ein (småler) … sonen hedna han kobm hit te øss og sa: ”Nei, no e mor bjønt med ein ny misjon, ho,” sa han. ”No e ho bjønt med Sigvalla-misjon.” Han hette Sigvald. So va han hit og fekk denna her, Gurino, då når moræ va dø og døtteræ va faren te bydn, so (husa…?) og hjelpa te hos seg. Og då va ho firogførti år. Men piskedeg gjekk han og åst og … lagde tvillinga på ne.

I: Så ho fekk enda flere barn, altså?

E: Men dei vart dødfødde. Og då va … Da va no visst ikkje fullt tiæ, helle, og di va dødfødde, also, men da va no joramor; og so ville di … og so tok di di i ei øskja og so då sku han grava – da gjor di ofta i dei daga når da va ein begravelse då so … og då va da ei so va død so di visste da vart begravelse, og at di sku ha da neri sama gravæ. Og då tvinga danne dar stygge man’n, du, eldste sonen sin te å gå med datta dar! Og me so hadde huset heima og såg, og eg kjende han då, han va no ungdom vørten og va no her i … Han kobm med denne sekkjen øve skulderæ, med øskjo neri - far va da so va gravar då og måtte ta i mot da dar nere – og plystra når han for ijøne … Og eg … kobm han på dans her idne og snakte no med ei an’n – nei, han vart gift med ei jenta her idnånte, idni ungdomslaget …Eg va åst og sa da beint te han, eg, før eg kjende då so gøtt Gurino so då va og styrde hos di og slikt nåke. ”Da va no greitt nok, da,” sa eg, ”før no va di no so gamle beggje at da hadde no kje vørte fleire hell gjedna,” sa eg. ”Men når far din hadde lagt og gjort da slik, so kudne han ha gått med datta dar sjøl. Da va uvøre at du for (og) plystra då du for ned te gravæ med da,” sa eg. ”Da va telaga bødn.” ”Ja, visst de visste kor fælt da va; eg nekta, og han ga meg øyrefik og han tok meg ette håret.” Ein ungdom, du, so … so gjekk på dans, teselder. Og då va faren so desperat at han sku gå med datta dar. Da va ventande han synst da va fælt. Og med so

mykje datta va øve – før datta va tidleg på vinteren, da va visst i … januar-februar – so kjebm døtteræ te (i, red.mrk) bydn *heim* på påskaferi. Mein-du kje da at gamlingjen tok hedne idn i sengkammerset med seg, då. Da e so grusomt, eg sku kje fortelja slikt.

I: Nei, det ser som de har blitt hardt prøvd …

E: (avbryt) Men om du sko få vita korleis da har føregått utøve bygdane, so …

K: (skyt inn:) Da har vøre ein friskjen kar, ha-he. Åi.

E: Da va månge. (Småler) Di herma ette ei so fekk seks onga her utmed strandæ, og so kobm ho te presten. Og då ville ikkje presten døpa di. Da va ein so heitte Wille so me haddde te prest, då – datta dar håtta no ikkje eg so mykje te, men di har førtalt da, månge. Og so vilde han kje … og so sku han ha 'ne idn i sakrestiet og førmane ne på forhånd, då, om at … han hadde ikkje samvittigheit te døpa detta her, om at ho måtte gje seg med denna sønnæ, no. "Akk ja, prestefar, di får da di ska ha her i veræ, enten di e gifte elle ugifte." Då sa kje presten eit steins ord meir. Datta va gamleklokkaren so me hadde te skulelærar so hadde førtalt da med far, so han va med og haure på da. So då va presten gift og ikkje fekk bødn, han.

I: Ja-vel, he-he.

E: "Akk ja, prestefar, di får da di ska ha her i veræ enten di e gifte elle ugifte." Sa han kje eit ord, meir; han døpte badnet.

I: Var det før du ble født, da?

E: Ka?

I: Var det før du var født, da?

E: Nei, eg veit ikkje om da va før. Da står no her i denna her bokjæ ha tid me hadde desse prestane, men eg har kje tid å leita ette da. (Pause)

I: Hadde dere besteforeldrene deres boende hjemme hos dereda dere var unge?

E: Ha?

I: Om du husker besteforeldrene deres, om de bodde hos dere?

E: Ja. Bestemor dø når eg va tre år gammal.

I: Du husker ikke henne, da kanskje?

E: Eg huska ikkje adna enn ho va … ho fekk sånn so di kalte vatersott i dei daga. Ei hjartelåkheit so ho va so fudl i vatn at ho kun'kje liggja; di kjøpte særskilte … stol … med pute te og ryggstø og … Dan (la no eg att?), da va no sønn eg ikkje fekk han med meg ut her. Eg synst da e ilt å sjå han heima i støvo, no, (…?), døtter te bror min, so sko absolutt ha dan stolen. Men da va fjøle i setet og da va hjul onna; da va Besto sjøl so køsta da, so da va ein særskilt og flott stol i dei daga. Og so va da eit … hakk her bak so ho kunne liggja meir bakøve elle beint elle … Og so hadde far lagt ein sånn … nett so ein kjøkenstol, ja, so di la ein duk på so fekk leggja føtna oppå, sånn. Da va kje råd te kjøpa nåke … da va kje so mykje so di kunne gå og kjøpa. Da e dyrt, bere no … bere no ette krigen kor lite her va føre krigen, og kor lite her va føssta når eg bjønte … Eg har no fått … sjelt som æresmedlem i ongdomslaget.

I: Ja, det satt jeg og så på, ja.

E: Når eg bjønte i nittjånfebmogtjue - eg va konfirmert hausten firogtjue – og syttjene mai i nittjånfebmogtjue va føsste gongjen eg va med i komitè og lagde te fest. Og kor månge festa eg har kokt i og kor månge festa eg har lagt program so har sleie ut heila … i husmorlaget òg, da har eg ikkje tal på; kor månge skuespel eg har spelt og vøre med på og … No når e eg gammal, synst eg da e gøtt å tenkja tebakars. (…?) når ikkje greia gå idn dar, då vert eg sitjande heima. Visst ikkje …. eg synst da e so fælt å be på di, òg, stonno, men so e her no nåken … so røngje dei stonno og sei: "Vil du idnøve, so kjebm me no med bil og henta deg." Og so e her no to – han her nere han e no voldsomt grøv, og ein her òg som bur åvåni, Ivar'n, han e no oppe dar. Dei e no voldsomt grøve. Dei røngje og sei da: "Vil du idnøve?" (…?)

(Brot i opptaket.)

E: Ho dar døtteræ te danne dar, also, ho vart gift med danne ekkjeman'n, ho. Og kor månge år da va imydlo di – gubbevaremeg, da va no vel … da håtta eg ikkje igjen no. Da va no visst tre… da va no visst femogtredve år?

I: Var det mens ho ho Gurina levde dette?

E: Kor månge … han hadde … han hadde vel nie onga? Harald'n og Martid'n og han so for te Amerika … og … dasse hine to … Bernard og ka va hin; … dar e febm guta. Tre jente … veit eg no sikkert. So månge onga! Då va da fleire tå dei so ikkje va konfirmerte. Ho snakte om da nyleg, før tre-fira år sio når me va i bilen i lag. Når ho sa da ikkje far og mor mi og ho dar so va lærerinda dar borte prylte far når han tok danna dar … "Dan einaste tiæ eg kan håtta te eg hadde da gøtt," sa ho, " da va når Gurino, ho gamla, kobm dar og … Ho vasste, og då vart me lusafrie og då vart da reint hos øss, og då fekk me … ho spøta og då hadde lærerindo sett i gong og fått kle på øss og reint og … og då fekk me mat … Faren, han gjekk i kraftstasjonen på Totland òg, han; han fekk alltid arbeid, han dar. So da at di hadde da kje ilt soleisna, men …

I: Var det der de bodde, da, eller på Tysse?

E: Ka?

I: Var det på Totland de bodde?

E: Nei, di budde her borti … i svingjen dar med tunnelen før di kjebm ut te Tøsse elle ut te gamleheimen – dan tunnelen so e dar idne.

I: Å-ja, ja, så det er der inne ved Haga, da.

E: Ja, på sio – på nere sio tvert øve dan butikkjen so e dar med … dar bur son te danne dar enno – son hans og kåno, so bur dar no. Ein tå dei brør'na so … ja, han har no visst vøre lite tiss med. Di har no enno ein te, han so … ja, da va seks guta og tre jente, da va dar. Og då … og so fekk ho tre bødn! – med han. Og før … eg veit ikkje om dan støsste guten va sopassa at han va bjønnt i skulen, so rømde ho ifrå da. Og bestemoræ, ho dar Gurino so va tå plasset her, då kobm ho hit te far og mor - når ho forstod da at døtteræ sko ha små med danne gamlingjen.

I: Så ho reiste fra …

E: (avbryt) … då kobm ho hit te far og mor, og dei visste kje ka … kor di sko ta seg utå ne, før då va ho so førtvila at ho … "Ska eg hengja meg, elle ska eg gå på sjød'n." Då hadde no … far og mor greidde no å øvetal'ne frå da at ho fekk no gjera da, då, og so… ho va då heima hos øss i fleire daga, og so … So va da då ein mann her ute so va vørten ekkjemann, ein gammal; so ho reiste te han og stelte med han, då – stelte huset hos han og stelte … stelte med han te dess at han døydde, also. Og so vart da … va da ein dar borte – han va no gammal mann; han hadde ikkje vøre gift, men han hadde hatt ei ekkja, han, i månge herrens år so hadde … (småler). Lensmannen va no og sko hive ne ut ein gong, ho sko vera ut på tredve daga. Da hadde di no te moro, so då … (stampa) han i markjæ og spente lensman'n i revæ og sa: "Kobm, deg ut! Ho ska kje ut, før ho døyr! Ikkje på tredve år! sei eg – visst ho leve so lengje." Og da va sant, ho va dar med han, te ho døydde. Då hadde me no sykepleierska - ho gjekk dar no visst då sista veko ho levde, men elles balte di på i lag. Ei litæ støva og eit lite … da va no eit lite kammers, di visste no da. (…?) lensman'n va òg ut og såg at di hadde kvar si seng, òg.

E: Dø ho nokså ung, ho Gurine, da?

E: Danna Gurino, nei? Nei, kor vere gammal va ho? Ho va gammal, ho kobm no på gamleheimen òg te slutt. … Kor gammal va ho? Ho va fødd i toogåtti, ho va jamgammal med mor mi, og med tanto mi. Og … Ka va da Marit sa no ka tid ho dø?

I: Det er nå 'ke så viktig, heller.

E: Da va før … jau, me va fløtta ut her. Sei'kje da, me va fløtta ut her … me va fløtta ut her i åttog … ho dø i seksogfemti, trur eg. Og då veit du da at da vart … toogåtti so vert da attjån, og so attjån på seksogfemti, kor mykje vert ho då?

I: Firogsytti, da.

E: Firogsytti, ja. Eg veit ho vart mykje gamlare so dan tanto mi so va jamgammal med hedne, ho dø i oktober, og då hadde ho vørte femogseksti på juledag. Og mor mi so hadde toogåtti, ho dø kje før i nittjånsytti. Ho va … sjelde bere eittogeithalt år ho på at ho ikkje vart nitti. (Pause)

I: Kan du huske besteforeldrene dine, du da, Knut?

K: Om eg kan, ja? Jau, veit eg da.

E: (avbryt) Då greidde ho kje halla ut med danne man'n, då lenger. Ho hadde fått tre bødn, men då rømde ho ifrå heila greio, du, og ingjen visste kar ho va, lengje. Men di gjor kje slik so no at di søkte med politi elle nåksla ette ne. Og då … So vart da te da at ho va kobmen te bydn, då, og hadde fått arbeid på … hadde no visst hatt førbindelse med dan onkelen sin, og va kobmen på gardinfabrekkjet, men me fekk no veta da ijøno ein so va på Lindås helseheim om at ho va dar so jenta, hadde kje nåke utdannelse. Da va da føssta me fekk veta kar ho va henne. Men so … og då va dar eit ektepar so va badnalause so va søsjenabadn med danna Gurino, so va og henta dan eldste guten bort hos danne enkjemannen og tok dan te seg og adopterte han og alt – han arva alt ette di og allting, han – og vart gift og hadde son òg før han døydde. Men so hadde ho ein son og ei døtter so ho tok med seg te bydn og hadde leilegheit. Og veit du då … men han låg i skilsmissesak, og då fekk ho ei jenta, med ein mann, so da, neri bydn. Og so … bess so da va so stupte ho onga so gjekk i veien før moræ, kan me seia – ho so vart gift med ekkjeman'n, also. Då stupte ho tå blodstørtning på kjøkengølvet ein måro.

K: Tuberkulose.

E: Hadde kje vøre te undersøkjelse eingong, hadde gått i arbeid og hadde gått i lag med dasse dar og då va da ingjæ ... då va no han so va far te dei to andre, han va no dø - han ekkjeman'n han so ho va gift med - han va no dø. Gurino, bestemoræ, ho levde visst då. Ja, da gjor ho visst. Men ho va no ikkje … ho va no gjedna kobmen på gamleheimen, òg. Eg veit kje. Nei, da va ho ikkje, før Marit va då konfirmert og va te Lyster ettepå, og ho va då os ne når ho va os … ja-ja. Og då … då vart danna dar … då vart dasse tre bødnæ, dei vart smitta. Og dei vart sende te Hagavik, og før umakjen at di ikkje hadde nåkeslags heim so … so va di dar i febm år, trur eg. Marit va tre år når ho kobm te Hagavik og ho va fødd i … ho va fødd vetlajulafto i toogtredve og ho va … og ho kobm te øss heima i oktober i førti. So då va ho mesta … då vart ho åtta, på vetlajulafto. Og meindu kje da at far og ho so hadde hatt so mange, og då hadde di no … so mykje andre bødn og allsla då onna krigen og … Mein du kje da at han so va fattigstyremann han kobm og øvetalde di, og far synest da sio han hadde børe danne dar moræ te dåpen og bestemoræ hadde vøre på plasset her og alt, so synst han hadde so eit samvittigheitsnag og at da haure han te te hjelpa danna dar so va badnalaus (foreldrelaus, red.mrk). So tok di dan jento – di hadde femogtredve krone mån'n. Då sko … hus og heim og mat og kle før femogtredve krone mån'n. Da va i nittjånførti, i oktober i nittjånførti ho kobm her. Og da va hallparten Samnanger kommune og hallparten Fana kommune so betalte. Før moræ haure Samnanger te fremdeles om ho va i bydn, men ho va ikkje tekje utfløtningsattest her ifrå Samnanger. Og hine to bødnæ haure Samnanger te, men dadna laut faren betala hæltæ føre. Og so va ho då te hausten sjuogførti, då va ho konfirmert. Og eg sa da - då budde me òg i ei støva heima, då – eg sa da siste submaren: "Ho uslast nett ettekvart, me (kan) no sjå da, ho et då kje middag, snart, da so ho har vøre so glad i." Men so vart da (…?) at di reiste te doktaren med ne, og då vart ho send te Lyster. Og då va da so lite - eg førstår ikkje

Hagavik og eg forstår ikkje dan doktaren me hadde. Dei på Lyster dei va åvskremde dei og taut og spørde at ongjen måtte no veta da om ho hadde hatt nåke. "Nei, eg har aldri … eg har aldri visst at eg har hatt nåke adna enn øyra her so da redn or." Nåke adna fekk ikkje me beskje på, helle. Og so hadde ho førsyne meg vøre so angrepen i beggja longena at di kom ikkje idn i nåkæ longa med blåsing. So prøvde di med blåsing oppå Lyster og då fekk no … far va no oppe dar før so pleiefar, fekk no telefon då, elle telegram om at visst nåken vilde besøkje ne so rekna di med at ho greidde da kje. Ho låg fjorten daga sånn i … heilt i … koma, elle ka di ska seia. Men piskedeg har di … di har operert fira gongje, di har operert på beggja longena. Og veit du ka at …, og so kobm ho te Vøss helseheim, og so vart ho kjend med … og so sko ho ut darifrå. Då va ho bra, då va ho smittefri. Alt va garantert. Ho levde bere på da at ho sko tebakars te dadne heimen, før ho hadde kje huska nåken an heim; og då ho kobm te øss dan kvel'n når – adle brør'na mine arbeidde då, to va på snekkararbeid på Tøssefabrekkjet so di heldt på og bygde opp, og to va her og arbeidde på brakke te tyskarane. Når dei kobm heim om kvel'n då vart ho so redd at ho ville springa vekk, før ho va kje vann med so mykje mannfølk; da va bere doktera i kvite kjola, veit du, … frakka, og so søstre. Og dan andra søsteræ ho vart på ein an gard her borte, og no har danna dar Marit so va oppalen os øss vøre … tre år e da vel sio, nei fira år vert da te jonsøk, si ho gifte døtteræ og me va i brødløppet, og då sko eg og han sitja nærast oppmed faren og moræ. Og då … då sa eg da … atte, da va eit merakelse, eit merakelse, aldeles. (Pause/kutt?)

Då va bror din gift. Og då va da kåno hans, ho hadde sendt beskjed ho te far og mor di – dei levde då – og sendt beskjed te helseheimen på Voss, ijøne doktaren her, at visst ho sku ut or helseheimen, so fekk ho kje kobma dar i huset. Eg kan på ein måte forstå da, før me va vørte smitta – innte eg låg på sykehuset … Betania, og han doktar Hartvig han gjor kje adna enn tok hensyn te da at va nett vørten posetiv og dan kjertelen so gjekk idn i longo. Og so når alt kobm te alt so hadde eg nåke so di kalte skondolose (?) i ryggjen. Eg sku gravast på, eg sku slankast, eg sku liggja i varme furunålsbad og eg sku … eg veit kje ka da va, eg, allsla. Då søstrena tok meg frabm or sengjæ so besvimte eg med ein gong og … låg dar ein måne, då føssta fadn han ut at eg hadde betennelse i ryggvirvelen her oppe, då va heila sio her, va eg vørten lamma på. Naso datt ihopa og aua … da e litt førsjel på auena ser eg på billede av og te. (…) No va ho femti år på vetlajulafto, og då vert han femti år i august – *seksti* i august, so han va ti år elder. Men han bjønnte å snakka med 'ne. So kobm ho ifrå Vøss og her te og sku ha denne her … utskriftæ elle attest ifrå kjørkjebokjæ her og … at dei ville jefta seg og slekt. Og so måtte far skriva på før ho va kje møndig, ho va bere nittjån år, og denne her møndigheitsalderen va ein-og-tjue då. Og veit du ka, at då va og dasse bedehusfølkjet … at Engel Aadland so va … so hadde vøre med i so mykje … at han kunne vera so galen å gå åst å skriva på at dan dar tæringssjuke ongjen sku få gifta seg! Da va so og so førferdeleg. Sa bønnefølkjet, du. Og veit du at far han, han (…? Intervjuaren hostar). Han visste kje ka han sku skri … han syns da va fælt. Han tenkte da at da e gjedna da so gjer at ho vil jifta seg no, at ho ska ha små, og får ho små so … døyr ho jedna ifrå da, at datta blussa opp att med tuberkulosen og alt. Og han spørde øss hine te råds, og då va da Anders'n – eg, og so e Knut'n, men han va i bydn, han va kje … han kjørde lastebil og jift i bydn, so han va her kje. Men Anders'n han budde heima, han va kje jift då. So spørde han øss hine te råds, og so va da Anders'n so åvgjor da, han sa da han då: "Jah, da får no våga seg. Ho kjebm no iallfall – når ho får ein mann so e i arbeid – so kjebm ho no idn i sykekassen, om ho vert låk. Ho vert no kje på fattigkassen lenger." Og då sa far: "Dar åvgjore du Anders da med ein gong. No skriv eg på," sa han. Men eg visste da ikkje før enn me va i konfirmasjon dar idne, når

ho hadde døtteræ … me va beggje – di har fått to bødn, ho va so heldig ho har fått to bødn … Men veit du ka, at føsst sa dei då, når ho jifte seg: ”De må ikkje bjønna å få bødn.” Febm år … før enn da va gått febm år, da va visst ikkje meir so to … på treia året, so bjønnte da igjen, og so va ho på Lyster på nytt. Ho va operert då og, i dan andra longo. Og so … sa doktaren da at når ho reiste ut att då ifrå Lyster: ”Du e so god og helt deg og ikkje får bødn på febm år. Visst du får bødn … bjønna å laga te bødn no dei føsste febm åræ, so kan du leggja i hop.” ”Men eg greidde å halda meg i sju år, eg,” sa ho (ler) – og da ler han åt og. ”Eg greidde halda meg i sju år, eg.”

K: Då lo eg (…?) hæ.

E: Og då (småler enno) … ho kom her då. Då hadde ho no visst ikkje fått bødn. Da va føsste gongjen ho hesja i ei hes nedpå bakkjen, føsste gongjen ette då ho hadde … og då arbeidde man’n i Ålvik og di budde dar då, og han va no åleina, og bror min - han so kjørde på bussane - han va idne dar stonno når han kjørde og snakte med han og slekt nåke. Men han va kje flink å stedla danna … Ho dar so va hallsøsteræ so eg sa at faren sku … ho har vøre no i konfirmasjonane og rekna med … men ho, veit du, vert inkje i slekt med danna dar si da at ho so va pleiemoræ hedna, får eg seia, fekk bødn med faren. Allikavel so helt ho i hop med danna dar og … og då sei ho da at ”da må vera ein Guds velsignelse at dei to jent’na so hadde da so dårleg i badndomen, har fått sleke enestående manna,” sei ho. Og då … da e no litt sant og, da. Da må no ha vøre ein teskjekkelse, da. Dan andra ho … ho va bere eitt år, ho, her borte, og so vart ho konfirmert og so … danne man’n dar, han sjikanerte og seia da når denna her so va her ute på Ådland og hi nett bortåni Bjørkheim, når ho ville gå og besøkja dan so va hos øss elle hi bjønnte å gå dar borte, so nekta han: ” Du får kje ha nåke med danne dar … horongjen å gjera.” Og då vart danna dar søsteræ so va større, ho vart so øvegøven, ho ville kje at hi sku kobma dar bort helle meir. So dei helt ikkje i hop dei før da at ho ville kje da at ho so va so liten sku få høyra ka støgt hin snakte. Da førtalde ho meg no når me va i brødløpet te døtteræ. Og so va ho … reiste ho på ein gard idni Steinsdalen, åvåni Norheimsund, året ette ho va konfirmert, ja. Dar va ho visst i seks år, dar idne, og dan gamla kåno dar idne, ho sydde … bunad te ’ne, broderte haringasaum og sydde bunad so ho hadde no i brødløpet teselder. Ho va snill og stelte med ’ne og sånn. Men då denna Marit so va oppalen med øss, also, ho va ... kor månge år va ho jift då? Føsst va da ... ho va jift då ho va nittjån. Ka va da ho sa no di hadde? Gudrun, søster mi sa …at ”e kje Berit so gammal at ho vert fir-og-tjue te submaren? Då har de vel søllbrødløp no då?” ”Søllbrødløp, me?! Me har no hatt fem-og-tredve-års brødløpsdag og, me,” sa ho. (Ler) Men da hadde di no kje, før ho va no nittjån og når ho no va femti so … Men … ho va heldig og fekk seg ein son og ei døtter. So at me va meir uheldige, me, so fekk bere ein son og laut grava han neatt.

I: Dere har mista (et barn, altså?)?

E: Han va bere åtta veke. ... Våren febm-og-førti, ja, han va graven to-tre daga før freden. Da gjekk slek ei stygg ei … ei influensa, … so gjekk øve te longebetennelse. Doktaren va no so tver, og; han kobm ikkje. Han va no visst mykje skuld i da. (Sukkar:) Ja-ja. (Pause)

I konfirmasjonen te danna dar då va dan man’n og kåno oppå Vøss so ho dar Marit va søs… dei tok ’ne so jenta ut tå Bjørkjely. Før føsst laut di no ha ’ne dar, lengje. Ho ville springa på vatnet; di måtte vakta på ’ne, og di tok ’ne på kjøkenet og lærde ne te arbeida og allsla, dar oppå Bjørkely. So da va visst førferdeleg, føsste gongane ho snakte om da her då grein ho kvar gong då … Men no sei eg da at (…): ”Du ska takka Gud før at da vart slek,” sa eg. ”Du må gjera da før alltid … da har eg fudne ut at da e nåke styrelse og da e nåke allikavel. Hadde kje du kobme opp på dan garen, då, so hadde du gjedna ikkje fått so god mann og so … gødt hus so de har fått no og … to

kjekke bødn og alt maueleg." So no sei ho da, ho og, at "no e eg kobmen ette da." Men fössta då va da førferdeleg. Da va aldeles førferdeleg. Du veit ho hadde kje … når ho ikkje va tre år gammal og ho hadde vøre heima dar og danna dar støssta jento stelte med ne og broren … ja, eg førstår da kje, eg, følk huska kje te at ho va i nåke badnahage, men moræ gjekk på gardinfabrekkjen og (….?) Ho visste kje om nåke heim, og so då utpå Hagavik og so då kobm idn her og … fekk da so voldsomt kjekt, får ein sei.

I: (…?) … til barndommen din også?

E: Slek so med datta dar at di ikkje hadde fattigkasse, og so va di pliktige dei – og då va da dei so hadde gara, veit eg – særleg …

K: Ja, visst va da da.

E: … da førtalde far om at di bar di her te og mor hans – bestemor so eg e hette oppatt ette, Engelina heitte ho og, ja – og då va da sameleisna dar og. Og då di sku fløtta di, då grein ho, grein di. Da va både kara og kvennfølk di for slek med. Då grein di at "no har me hatt da so gødt hos deg Engelina" …

K: (prøver å bryta inn) Va da kje da at di sku hus…

E: … so synes ho ... va ho blauthjarta og so: "Ja, de får vera ei veka te, då gjedna." Men so va da ein plass du førtalde du kobm idn, dar låg ei ...

K: Ja, da va ein gammal skomakar so førtalde …

E: (avbryt, sterkare) Ja, men da va ein plass du kobm idn og dar låg ei, og so va da so kaldt …

K: Da va ein gammal skomakar so førtalde meg da.

E: Å-ja, ja-ja.

K: Da va ein skomakar so reiste rondt, so di gjorde i gamle daga, og arbeidde sko åt følkjet. Då når di hadde slakta so hadde di fått garva og barka hud so di hadde lêr, (…?). So han arbeidde sko te heile huslyden, han. "Og då va da ein plass eg va på," sa han, "dar va man'n vekke på arbeid, og kåno gjekk og strevde åleina – og so onga, adle. Og ikkje ei sjela vedstekka i huset, men da va rått so va innhøggje og lagt idn so di skulle (vørsla?) tå. Og då kobm ho springande or floren og let på døræ: "Nei stakkar kor kaldt da e hjå dåke," sa ho. (Ei klokke som slær tolv førstyrrar opptaket.) "Eg må verkeleg leggja i ovnen." Og då hadde denna her gamla leie og frøse. Men då ho fyrde i ovnen, då vart da bere røyk – da va so rå ved da bradn ikkje. Og då røyka ho ne, attpå." He.

E: Da va no ei gammal …

K: Ei gammal so kunde vera kårekåna, da. Da va kje legdekåna men …

I: Å-nei, det var en kårkone da, hun …

K: Ja, før da va slek i gamle daga at når dan nye generasjonen overtok garen, so sku da utstedas kår te dei so førlet han. Og heima hos øss, dar sku bestefar og bestemor ha to kue, og … eg huska kje no kor månge sjeppa potete, og so sku di ha havre, men ikkje … da sku vera havremjøl – eit visst kvantum og. So da va sånne, sånne ekstra klausula, also – på da. Detta sku di skaffa, dei, med di levde. So den vesle garen eg va på … me hadde mesta so da va fem kyr. Og (…?) va da neri ei ku minder, før året. Og då kan du tenkja deg te når dei skulle ha to kyr i kår, då va da tre elle to eit år att te å leva tå før heile famelien – nie søsken og …

I: Det var 'ke mye til ni søsken, det.

K: Å, gud i hemmelen! Men me va no – eg må skryta av oss sjøl – me va morske fanta, me va kje store, du, før me bjønnte å grava te inkvart. Eg huska eg hadde hobmartei og fiska hobmar. Da va no injen pris på han, men da vart krone tå da, korso. No e han tjue-tredve krone kiloen, og då va han fem-ogsytti øre kiloen.

E: Tjue-tredeve?! Veit du ka du fekk før dan siste du og Fredrikjen fiska her …

K: Eg huska kje … Da vart litt penga tå da korso, imot no, no e da lite og inkje di får. Om da va bere fem-og-sytti øre kiloen, so får di lite og ikkje no. Me kunne få her mydlo to og tre hondra i ei sore fisketeina so me hadde.

I: Ja, da ble det jo litt av det …

K: Da vart litt tå det, likevel. Og so va da småfisje, hadde line og sette i fjorden og fiska og fekk brøsma og långa og selde te fjellbønder so ikkje fiska.

E: Da e no … (bere?) kjøtet e no forholdsvis dyrt.

K: Og slektsla, slektsla te begravelse. Da hadde di som regel heima dar so likje va. Kjøt va da no sjedlo. Men da va fisk helst di hadde te middag, middaga. Du veit da va kje … Di hadde kje råd på kjøt (månge då?), før da va kje gravtilskudd, då. Og gubbevaremeg dan so tenkje tebake og no. Og no klaga fakta følk endå, før di har før lite. No får di alderstrygd. Og ka fekk dei før?! "Da e før lite, da e før lite, da e før lite …" No ska di ha so stor alderstrygd di kan reisa og sjå seg om og festa og … grisa, og då vert da sakta før lite – når di ska leva på den måten. Nei, da e sant da e kje …

E: (snakkar i munnen på K) Men no har di kje begravelse helle no, kor mykje …

K: … (…?) i kafea i heima, i heimen; dei måtte ha mykje, di hadde før lite både tå skaffetøy og alt, so måtte di låna og bera og … tulla med da. So da va mykje ståk med da, men di skulle ha da. Da va ein gammal sjekk, og di skulle kje grava di ne nett so eit ant daudt beist, og ikkje ha minnestonn på da.

I: Var det sånn at dere lånte av naboer og …

K: Ja, du skjønna, dar heima hos øss dar va da handelsmann. Han hadde eit sett med kopp (…?), ja, fullt utstyr te – eg huska kje no – febm-og-tjue elle da va tredve mennesje. So stod pakka støtt …

E: (avbryt) (Eg trur?) da va femti …

K: Ja, da va gjedna femti. Dar kunne di få låna, og da va i ein soren kasse so va lett transportabel. Dar kunne di få låna og levera tilbake og betala før lånæ. Da va ikkje nåke felsen di betalte, da va no ganske minimalt - før lånet. Då slapp di fara (draga … gardane?) adle stana frå ifrå eitt tun og ifrå hitt nåken køppa dar og kniva dar og gafla og sånn. So da va …

E: (avbryt) Når Ystås'n bjønte å handla her nere før enn Ådlandshotellet va opna igjen – da va stengt nåken år – og då hadde han hondra flate og hondra djupe tallerka so di fekk låna te brødløp og begravelsa viss di hadde da heima på gardane. (K og E snakkar i munnen på kvarandre.) (…?) di betalte (…?) fem krone før dan lånæ – da huska eg.

K: Da stod pakka, (…?) oppvaska og alt - da stod pakka. So gjekk da ifrå eitt og te hitt, dei so ville låna da. Da va voldsom greitt. Da va da. Men no so (veit me desse?) grendahusæ og kafea og alt, so no e da slutt med te heima bala med da. Da sku mykje bere te te stola og sore. I gamle daga so hadde di sånne so di kalte benkje, so va långe – da kunne sitja ein fem-seks meneskje på same benkjen. Har fleire stykkje - to har eg ståande neri kjellaren – so har vore brukt dar heima, so eg tok dar ifrå. Stola vert mykje meira drask med te å bera på, men ein soren benk (so tok fem-seks meneskje ….?).

I: Det var vel mange som var i brylluper og begravelser også?

K: Jau, sakta da – da va da. Heila slektæ …

E: (avbryt) Da haure no te da, slek so her på Ådland so va da Ådland og so va da adle so helt te på Reistad her idne, dar so Grendahset og dar so Bjørkheim e og …, adle dei, da va grend, da; dei haure i lag. På Ådland dar sku di vera adle, både små og store, men dar idne va da mann og kåna ifrå kvart hus.

K: Di hadde gravlag, di kalte. Da va so og so månge gara som vart slått isamen te ein krets. Dei haure te ved ein begravelse.

E: Ja, dei haure te da gravlaget.

K: Gravlaget.
E: Ja.
I: Var det det samme laget … var det de samme som ble bedt til brylluper og sånt også?
K: Ja-a, da va … da vart no meira spreidt, da, viden om.
I: Ja-vel. Men da var det sånn at alle som bodde på de gårdene skulle bes da?
K: Ja, mann og kåna. Desse her småe bødnæ so du veit i sore lag so kunne da verta so mykje rot so ongane for og kommersa med. Stille og rolig, så ongane va kje med. Men da va mann og kåna ifrå kvert hus.
E: Ja, når gamle skomakaren grov ned dan husheldersko,og då sku han ha da i heimen endå då va di opna Ådlandshotellet og bjønt å ha begravelsa dar, men han sku ha da … ho va ekkja, og kåno hans dø ifrå … guten va no større, men jento va no visst kje meir so haltårs … ho va no visst ikkje årsgammal eingong.

Band II, A-sida

E: Då hadde di sånn ... va da underoffiserskulen elle va da nåke meir militæret dei so va på Ulven i dei daga? Di va her på sånn øvelse, militæret, og låg i telt her nere. Da va meira so ei utmark her nere. Og då bjønte di te verta so låke. Og då fløtta di di heim i husæ ettekvart so di vart låke. Dar nere so Posten va … dar heima på farsgarden min. Og da trudde di seinare at da va spansko da og, før di sa va influensa, sa doktaren, men di va voldsomt låke. Og då vart bestefar min og dan eldste bror min, dei vart veldigt låke, då. Og dei va dei einaste so ikkje vart låke, då, vinteren og våren nittjån-attjån. Men då om vinteren nittjån-attjån då når ho herja fælaste her i attjån og utøve te nittjån og, veit eg, og då va di so låke ... og danna tanto mi so eg førtalde om … ho va operert på føre jul og ho … da va no vel da at ho fekk spansko so, då elle …kor da va, at da vart sleke svudla, du veit di hadde jo kje … kreft va da ikkje, da sa no doktaren … Tæring va da ikkje, tuberkulose va da ikkje, men kreft va kje so… va kje so mykje snakk om kreft, då, so no e so mykje undersøkt. Når følk fekk nåke so … i magen, so va da at di va so dårleg i magen, når di fekk nåke slekt. Men so va doktaren hitte te dan tanto mi, og ei te då dei, veit eg? … beggja låg? Men mor ho hadde fått … Sigrun va fødd på julafto, og ho gjekk oppe. Ho va so dårleg at ho … dan eldsta tanto mi vart da visst so malka kjydna oppi floren, våra kjyr òg, før ho og greidde seg nåke … nåken va bjønt å kobma oppatt når ho vart låk, also. Men mor va so ør at når ho sku … - so hadde di no kje sofa og lenestola helle, i dei daga – når ho sku gje datta dar minsta badnet brøst, so måtte ho setja seg på flata gølvet med ryggjen attåt, før ho va so dårleg og so ør, men ho baska no på ijøno nåke. Og far … me vart no kje nett låke adle med ein gong, far sa da, førtalde da at … då va da danne dar doktar Ås te tanto mi, og då va han idne og skødde på meg, og då hadde han sagt da: ”Ja-ja, Engel, du kan vera glad at du har fått ei døtter te, før denna her stryk med. Da e vørte bronkitt.” Og da har da vøre … men no e da liksom at … no gjekk da … går da øve te bihulebetennelse, men bronkitt! So snart so eg vert forkjølt so har eg vøre dårleg frabmijøno tiæ so fælt at månge gongje … Da va fjorten daga sa … førtalde far at eg ikkje fekk … at eg ikkje rådde med meg slek at … Eg sa gjedna ”ja” elle, men ikkje slek at … So dårleg va eg.

I: Ble alle i familien sjuke da den spanskesjuka gikk, altså?
E: Ja, heila huset! Da va månge hus di låg so … sånn so dei so hadde beist òg på gardane, va da nåken so va oppegåande, so måtte di gjedna gå på to gara før te malka kjydna te di og… nei, da va frøkteleg.
I: (Var det så…?) at nesten hele bygda lå, da?
E: Ja, da vart no ikkje nett adle gjedna med ein gong, men da vart no voldsomt mykje. Ja. Da va da.
I: Miste dere noen av deres …?

E: Og dar borte … da va to-tre sånne so hadde arbeidt i tunella på Bergensbano. Dan eine hadde sju ukomfirmerte og dan eine hadde ni ukomfirmerte, og dar døydde di nett so … nett so di sløkkje eit ljøs, sa di – da gjekk so snart med di. Og ho so e svigermor te øngste bror min, ho førtalde om … då va da ei søster hedna so va jeft og budde i Os. Ho fekk spanskasykjo og døydde. Og dei budde øpst her i Samnanger, på Høysete, dei dar. Og eg og mor, me reiste ifrå Høysete og sku te Os i begravelsen, då hadde di kje fått spanskasykjo dar oppe på Høysete. Og so va da ein bror so va tunellarbeidar, han kobm te Nesttun med toget, og reiste te Os og va … han kobm no dagen før, da kan no henna, da va no so dårleg førbindelse, veit du, då i nittjån-attjån. Da va kje so mykje bila og allsla te kobma med. So di hadde visst leie dar ute om nattæ òg, og neste dag når begravelsen va øve og dei sku reisa heimatt, då va han so låk at når dei kobm te Nesttun, so måtte di ta idn – moræ og søsteræ – ta idn med han i eit hus dar, før da at di kunn kje førlata han helle, og ikkje fekk di han med seg te Høysete. Dagen bakette va han dø.

I: Det ble vel mange begravelser …?

E: (held fram som før) Men moræ va gammal og ho klarde da, og danna dar søsteræ klarde da og, ja. Men di vart no låke ettepå. Da va no månge so øvelevde, men da va no voldsomt månge og so dø, da va da.

I: Var det ikke mest unge mennesker som døde?

E: Ja, so du sa òg, da viste seg at da va sterke … sterke kara, men kanskje dei so hadde være tunnelarbeidara at di va svake so korso, gjedna? Store, kraftige kara va da voldsomt månge her i Samnanger so da tok. Ja, og onga … jau, da va no fleira onga – ei lærarinda va no ong. Ho for so vøldsomt snart då. Va no vel i slekt med øss litt òg. Men eg … me kobm no øve da adle, da dø kje nåken dar heim i huset hos øss. Da va danna tanto mi, ho va no låk ettepå, ja, men ho dø no kje, men da va vel øve eit år ettepå før enn ho døydde. Og om då dasse svudlane … far spørde doktaren ka han ville skriva på dødsattesten no når ho døydde. ”Blodførjiftning,” sa han. Men di har sagt da ettepå … her va so fæla influensa her nyleg eit år og då … ja, da va med denne her Storåsen so no e i Øystese, veit eg, so va her, då du fekk longebetennelse – og va te han. Og då sa han da at ”ja, hadde di kje hatt pensilin, so hadde da vørte lika gale denne gångjen so når spanskasykjo herja,” sa han. So da va vel ein … da va vel ein sort influensa, men di snakte om da at da va ein båt so kobm ifrå utlandet, ifrå Spanien, at dan kobm te Bergen, og då va da visst so mykje han kobm te lands, førda at di va døe mest adle om bord. So da va kje bere her i Norge ho gjekk dan … da va ei sånn influensa-epedemi so va so streng. Svartedauen so di snakka om, da va no vel nåke sånt, da sku no vera nåke røtte so va om bord i ein båt – har no eg lese …

I: Det var rotter som bar smitten …

E: … ja, so bar smitten med seg, ja? So da e kje gødt å veta.

I: Men det var som en slags influensa, altså? De fikk vondt i brystet og sånn da, eller?

E: Ja, da va helst da. At da gjekk øve … adle dei so … da va so snart te gå øve te longebrann elle – longebrann, sa di – so di vart … da va so litæ stonn om å gjera, og då vart di blåe øve brøstet, og slekt …(I/E snakkar i munnen på kvarandre om kva tid dei vart blåe.) Ja, då når di va døe so vart di liksom blåe. Og då veit du da at da va angrepe hjarta og longena og slekt nåke, slek at ikkje blodet har … da va vel da so gjor at di vart blåe, før da vert di no når di døyr snart tå blodprøpp og so vil da visa seg ettepå.

I: Men ble de liggende hjemme alle de som var sjuke, eller var det noen som kom på sjukehus?

E: Ja, da va da so va, da va so lite … da va so lite te (senda?) på sjukehus, og so lite førbindelse, og følk va kje i sykekasse helle. Far hadde no kje sykekasse te seg og adle

ongane i adle år han levde. Dei so va i arbeid, dei … vart no vel i sykekasse, dei, men dei so va bønder dei måtte mella seg idn frivilligt og sjøl og … Da e kje so … da e kje so førferdeleg många år sio da at da vart tvungent at adle sku stå.

I: Så alle ble stelte hjemme når de var sjuke da?

E: Ja, di balte no på so lengje so råd va. Då i dei daga då hadde me ei … ei menighetssøster … Eg lure meg på … søster Ragna va kje kobmen i … i nittjån-attjån. Va kje da ei so hette Anna Larsen, ska tru? Di hadde eit sånn frivillig … frivillig helselag so bjønte å halla sykesøster. Men ho reiste no, men elles so kunne kje ho vera adle plass, so da va no vanleg da at di balte på og stelte kvarandre og da va no vanleg at di … da va subme på gardane so tok seg te med da at di stelte di når di va døe og … og la di i kista og sånt nåke.

I: (prøver å smetta inn) Hvor lenge …

E: Har du tekje opp nåke tå detta?

I: Ja-a. Det har jeg gjort nå. (Pause) Hvor lenge ble de liggende da? Når de var sjuke, hvor lenge pleide sjukdommen å vare?

E: Nei, eg veit ikkje. Eg va so låk at eg … Far sa iallfall da at da va fjorten daga … eg låg so di ikkje hadde … so di ikkje hadde tru på nåken daga at eg levna oppatt, also. So eg trur at eg skøfta no skulen i øve ein måne, da sa di no at eg ikkje gjekk på skulen i øve ein måne. Og elles so va da no … da va no litt førsjelligt, veit du, at ikkje adle vart no … lika angrepne og … Men da va da si da gjekk øve te bronkitt at da … med meg dan gongjen. (Pause) Jah. Visst du hadde eit …eit band so sku eg snakt om då når dan - i nittjån-attjån – då dan fæle snødn va og dan ulokko når di for på føssen her nere og sånt nåke.

I: Ja, du får bare komme med det.

E: Da hadde eg hatt løst te haurt kor da vart, før da … Kor tid vil du kobma og spela da åv då, te øss? (Pause i opptaket?)

K: Smuglarviså. (…?) (K og E snakkar i munnen på kvarandre.) Smuglarviså, da e ifrå krigens tid når di smugla so voldsomt sånn ved Færder og der, og det spetakkelet so va tå tollvesenet og smuglara so slost so katta. Ho bjønne slik: *"Livet ved Færder det huer meg ikke, fiskens moral den er sunket på null. Fjorden er full av berusanes drikke, (striperter?) synker og ruller om kull. Når smuglerne jages av tolleren på skøyten, går kasser og kanner og flasker i fløyten, havbunnen ser ut som lageret til Løyten, sjøvannet blandes og fisken blir full. Den hakjerring rangler, den drikker og sjangler og blinker til kvalen og sei "pist, pist". Og trur du kje (morten og sidlæ fekk didla?), dei såg på kverandre og takka før sist. (Lyst?) gjenger havkatten vill so han frese, selhund (og oter forvildrer?) din nese, stortorsken strever og drikk på sjenever og (…?)av full og galei. Og kver einaste størja di senne ifrå torje må først jønom Ørje som alkoholist."* Da e smuglarviså.

E: Fekk du ne med no?

I: (låttmild) Ja-a.

K: Eg kan kje søngja ne, da hadde vørte so ei gravrøst - eg e no vørte før gammal.

E: Du kan kje søngja når du ligg, iallfall, du lyt no reisa deg opp då.

K: (…?) Og so e kje eg sjekkeleg sekker på tonen. Og da e mykje meira i denna, men ho e kobme vekk ifrå meg. Da e fleire vers (…?) Da va många andre so heldt lag og, da va flondra og da va nisa og da va mångtsla sore levande fiskevesen so …

E: Eg førstår kje da du sa at andre so fekk låne ne før di sku bruka ne ein gong idni ongdomslaget …

K: (bryt inn) Ja, di fekk låne ne i ongdomslaget …

E: So …då e da no gjedna …

K: Har du haurt skomakarviså? *"Det var en gang en vakker mø så fager, tjukk og rond og rø. Hun elska en skomakersvenn, han hete Petersen. Du, det var i ungdomsåra - sjung hopp-falleri-fadderullan-lei - at han mei reint bedåra. Tenk han sa han elska mei. På kammerset mitt han kom kvar kveld, og svulten han var, gubbevare-deg-vel. Kjøttkaker var hans beste mat og stekt på fulle fat. Og Petersen han spiste – sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – ja, klart han lo og gliste og blinka bort til mei. Men så en silde aftenstund, da kyste han meg rett på min munn. Han sagde: Hør min hjertens skatt, eg vert hos deg i natt. Men eg svarede da: Min herre – sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – det går ei an, dessverre, det slett ikke passer sei. Men Petersen han gav sei ei, han sagde høgt: Jeg elsker dei. I måro me til presten går og oss en lysing får.* (Syng) *Eg gav han mine penger – sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – og Petersen ...* nei, no juksa eg… (Syng vidare) … *Men Petersen han gav sei ei, han sagde høyt: Jeg elsker dei. I måro me til presten går og oss en lysing får. Vi kjøper de møbler vi trenger – sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – jei ga han mine penger, og Petersen ble hos mei. Om måronen gikk Petersen, eg såg ham aldri meir igjen. Han røvet jo min hjertens fred, det er ingen som vet hva jei led. Eg spurte skomakergutta – sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – de sa han var i (…?) for der å gifta seg. Men eg fekk brev frå Petersen, det kom ifrå Amerika. Han skrev og bød mei kokeplass, nå hadde han stort palass. Nå var han blitt mormoner - sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – han hadde atten koner, men maten glemte han ei. Jei skriver: Du mei aldri vant …?) din svinefant, før skal eg gå som peparmø til eg en gang får dø. Du, det var i ungdomsåra - sjung hopp-falleri-fadderullan-lei – at han mei rent bedåra, han sa han elska mei. ...* He. Skomakarviså.

I: Du kunne visst alle versa på den også?

E: Eg forstår da kje, at han ska kudna versæ no når han e nitti år, da e alldeles… Om sonndagen, når Edmund song attåt med deg, då song de tonen og då, du og han song no danne …

K: *"Nei, god dag, godtfolk, se her kommer jei. Kanskje noken har truffet mei før? Eg er inne på torget av og te, eg handla med egg og med smør. Eg seller di her, eg seller di der, det er ingen som handler som Per. Du, den boka på baklommo, den ska du sjå, du, full av gule og raude og blå. Men så hendte det sei at (... og da ville jeg se meg litt om?). Ut på aftnen det ble at jei drev med moro og med spel, og heilt ned i Vaterland eg kom. Men eg passte meg her og eg passte meg der og (…?) Og da tenkte eg på boka som på baklommo lå full av gule, og raude og blå. Men du, så hende det sei at eg fikk en dram, og den drammen den var god, det var visst. Og så kom det en dame, jei kom i kalas, ja verrre, ja, det er slett ikke trist. Hun kyssa mei her, og hun klappa mei der og sa hun hadde mei så kjær. Så gløymde eg boka som i baklommo lå - full av gule og raude og blå. Hele natten jei leved av elskov og vin, både kjering og onga va glemt. Utpå mårån eg våkna så full so et svin, då ser eg at dama e rømt. Og eg kjente meg her og eg kjente meg der og i hue, au! der va eg ikkje svær. Og borte va boka som på baklomma lå, full av gule og raude og blå. Ja du, du kan tenkja deg te at kjeringa va grim når eg rubbet og dårlig kom hjem. Ho sparka og spente med arma og bein, og til slutt drar ho soplimen frem. Ho banka meg her og ho banka meg der, ja, så sant så eg heitte Per. Ettekvart (fekk eg?) rose så store som så - full av gule og raude og blå."* He. Da fekk han (… i baklommo?) (I og K småler)

E: Har du tekje adle dasse no?

I: (leande) Ja, jeg har fått de med.

E: Ja, ka laga ... te (kasla ska de?) bruka datta dar?

I: Nei, jeg vet ikke riktig hvordan vi skal bruke det …(ler framleis)

E: Da e kje brukane datta dar …

I: Det blir nå tatt vare på …

K: (avbryt, snakkar litt i munnen på kvarandre) Da e ein nittiåring so har deklamert da ..

I: Mm. Hvor er det du har lært alle disse visene?

K: Eg hadde so många vi… Du skjønna, eg so har være i lag med so mykje gubba … (nåke) kunne eg, andre kunne nåke og nåke og nåke. So sat di og minerte og song på sorna vise …

E: (avbryt) Da va kje bere ute på telefonen, de hadde no visst ei visa elle inkvart (…?) at de kobm i lag og.

K: *Ja, ei visa vil eg dikta og senda meinigmann*. Å-ja, da va da: *Ja, no e da pokker te bulder og rør, no står da ein (…?) for adlemanns dør. Me har ein kongje, og han har (…?) å halda brøllop og seia ka han ville. Du, no ska han halda ein kongeleg fest, og adle i (…?) ska dar vera gjest. Men husæ e gamle og gølve e røte, men følk ska han hava, ein førskrekkjeleg brøte. Ein masse med drekka da skrytte han tå, men dramma da va no lite å få, te brugommen seie: Ja, no e da resten, og han vare lengje på denne måte festen. Men idni da rubmet dar øltynna låg, da e no so oftaste mannfølkjæ går, (...?) sat samla ein sju-åtta kara. Dei tappa i skåle, da sku kje sparast. Men du, med drekka for handen e ulokka nær, da fekk me no prøva i adle og einkver. Då gølve va røte og gølvåsen brøtna, og adle på høve i kjedlaren (...?). Den eine ei skramme på nesen har fått, den andre har sitt hoved førslått, og den trie – (...?) på andremanns hjerta. Detta skjedde ein kveld då følkje dei kobm, du høyrde eit skrik so frå ærfugl og lom. Men fela ho let og ungdommen danste, kjeringane gret og kadlane bante.* … Da e många vers att endå. Da va ein di hadde ap med, di kalte han kongjen.

E: Ja, da va … va da kje når han va fiskar han ville vera so fæla kar.

K: Ka?

E: Når de va utpå og fiska at han kommederte og ville vera so fæla kar?

K: Neei.

E: Da fekk eg (…?) ein gång.

K: Nei, han va i grunn bygningsmann. Han va ein flink kar i grunn å arbeida, men han va liksom so hoven tå seg …

I: Va han kje ekkjemann og då?

K: Jau, …

E: (avbryt) … og sku jifta seg oppatt (E og K snakkar i munnen på kvarandre) …

K: … han sku jifta seg med Ragnhilde. Han va litt sånn storaktig, ville vera ein heil kar. Og då va da ein gjeng dar so slo seg isamen at no sku di gjera eit førbanna ret når denne her karen han jifta seg. Og so va da eit stykkje ifrå dar han budde og te kjørkjå, so di måtte ha motorbåt å gå med. Og dar hadde di lurt seg om bord i motorbåten, tekje å sleie parafin tå oppfyringslampen og fylt sjø på han. Og når han kobm og skulle ganga med motoren, då fekk han pikade ikkje lampen å bredna. Han undersøkte no på många måta, og då fadn han ut da var gjort fant.

E: Sjø i …

K: Da står i visa, da: *Motorbåt te kjørkje da skulle dei ha, men med sjøfyll på lampen då ville han kje ga. Dar stod me og venta på dinne motoren, han gjorde ein fæla fart innpå fjorden, då han endeleg kobm*. (Da va sia da*?) Me rusla te sjyd`n med brugom og brur, men her sto me faste so fugla i bur. Presten va hastig og klokka va mykje so presten va redd førferdeleg (stykkje?). Men då ein te slutt … Båten fekk ein på sjydn i hast, og bjynte å ro so da i årane brast. Ein mann stod og stirde, såg stygg ut i fjeset: Dar ser eg motoren, dar kjem han om neset. Me streka i årane og gjorde ein snur og la te landet med brudgom og brur. Dar stod han og venta på dinne motoren, og han gjorde ein flygande fart innpå fjorden. Te Sandnes (med?) motoren me gjekk over lag, på Brimneset dar stod ei førunderleg sag. Du kudne kje ant enn å le åt da synet, då*

fargjen va gammal ja, grått so eit bryne. På Sandnes dar skulle kje vielsen sjå, (..?) skulle da føregå. Han seie: Di ubudne ei skal få skue hvorledes han bærer seg ad med sin frue. ... Dar hadde di sett opp eit førferdeleg (tak?) tå nåken gamle, gråe sekkje, dar på Brimneset.

E: (snakkar i munnen på K) Eit nes (når du kjebm) idnåntifrå so går da rondt sånn … på sjødn og …

K: (småler) (…?)

E: Di va no mykje fælare adle stana før te laga te sånt og te skriva og te …

K: (avbryt) Han va tømmermann, sånn bygningsmann. Og då tok di – desse fantane – tok di flagde ne, og so heiste di sag og øks oppatti dar flagde sku hånga. Di gjore allslags jævelskap med han.

E: Da va her og da, da va mångtslag slek nåke, før di sat ikkje … di sat ikkje i ein lenestol og bere såg på fjernsynet, di lagde moro, og når eg har sagt da og kor me ongdomane kunne vera i hop i fløkkjevis, og no! Eitt par idni ein bil og … Åh! Nei.

K: Du skjønna, da va ein so va riktig sånn ein spilloppmakar i brødløp. I eit brødløp han va, va da nåkso pine med mat. Di hadde slakta ein stor gjøkalv so skulle vera te anledningjen. Og so veit du kor da va med læger, når di skulle ha sånne store lag i ein almindeleg bondegår, so haddde di halm på loftsgolvet oppe, so di kalte da flatbol di låg i, låg på golvet i denne halmen. Og denne banditten han tok … når da va no roa seg litt, og let opp lemsglaset og so hiv han halmen ut. Og so fadn han ein staur og gjekk ne i kjedlaren, og dar hång mestedelen tå kalven att. Og so rende han stauren i kalven og tok han på skulderæ, og so kveikte han i halmen ute. Han skulle røyka han elle … steikja han. (…?) kalven på denne stauren, sedu. (ler) Jah! Datta e no tilfelle og da.

E: Ja, eg va endå i Haua-Martid`n sett brødløp - da va endå i tredve elle to-og-tredve, tenkje eg. Og far hans vart so førarga at han reiste på Bjørkheim og kjøpte mat te øss og tok øss med, månge, neste måro og kjøpte kaffi og mat te … Da va dei pinjore føreldræ te bruræ (K og E snakkar i munnen på kvarandre) (…?) kokast opp, sauen so sku vera te sånne … kjøt og kjøttsupa, brukte di so mykje her - sånn ferskt smalakjøt og kjøttsupa – første dagen i brødløpet. Da hång att neri kjellaren! Fekk mest ikkje smaka mat dei so va kobmen te brødløps. Nei, da va …

K: (avbryt) I gamle daga når brødløpet varde i to-tre daga … (anna helle?) no då di e idne to-tre tima på eit pensjonat og ”ferdig med det”. Nei, då (…?) dei på i to-tre daga. Eg har vøre i brødløp so varde i tre daga, sia eg va vaksen – da har eg. (E og K snakkar i munnen på kvarandre) (…?)

E: Da vart no gjedna *før* mykje, månge gongje da når di helt på i to-tre daga, da vart no gjedna da, men …

K: (avbryt) Da mangla kje mat. Di hadde slakta og di hadde bakt og di hadde …

E: (snakkar i munnen på K) Dei so va lite grann tiss og so ville ha da sjekkeleg, dei lagde te volsomt mykje mat og.

K: Å-ja, bryggja og greie, heimabryggja øl og … hå-hoi!

I: Hadde dere sånt langt bryllup, dere?

E: Nei, …

K: (avbryt) Me?! Nei, da va sore ”tussebrylupp”. Da va i krigen og då veit kor da va. Du måtte jifta deg to gongje før at du sku vera jift. Først te sorenskrivaren, og so te presten.

E: Ja, me va jefte femte februar so me feirde no … ja, me nemde da no, tok da no med om sønndag at da va førti år no i februar, si me va jefte. So me va so domme, me va førlova i femb år, me sku ... han sku kje jefta seg før enn han hadde hus, han, og … (K og E snakkar i munnen på kvarandre)

K: (…?) Di ska kje bere sjå på einan`n og jifta seg.

E: … og so vart du låk eitt år og låg på sykehuset, og so …. måtte eg vera heima eitt år når mor reiste te Sogn te ei søster hedna so …

K (avbryt) No e da bere (dans?) no, og so vert di jifte dagen ettepå, og so sjelde to daga ette. Slek e da no.

I: (småler) Det var nå litt overdrive, det da.

K: Ja honen rugge meg e da nåke i da. (…?)

E: Da e … da e mest før gale. Da synst me da e vørte før gale.

K: Og dei so har no fått bødn og, stakkars bødn, so ska jønogå … den elendighetæ. Verst e da når bødnæ e so store at di har vet på da, at føreldræ sjel seg. Da e nåke grusomt. (Pause i opptaket. Litt prat mellom I og E om opptakaren står støtt og om plass på bandet.)

I: Var det et ras som gikk her det da?

E: Da va hausten syttjån. Danna dar søsteræ mi va fødd julafto. Og då hadde da være ein fæla vind og ein fæla tåfrøst heile hausten, so … eit hus bortpå Tøsse so di bygde på, da for på sjø … bles da på sjød`n. So va da … eg trur sekkert at da va syttjene januar – da ska stå i denna gamlaste bokjæ her ka tid datta dar hende, men eg har ikkje nett (skødd?) på forhånd. No kan du sjå denne føssen her oppe, kor mykje klakje dar e nerijøno danne dar no. Men enno so har da tina litt no og ikkje være so mykje no so da va … her før fira år sio då va da lignande nåke. Og då va da syttjene januar. Då bjønte da te snøa strakst om mårån`n. Og her va tydneversta her nere dar so sideveien går hitt her med elvæ dar han hadde vannkraft te da han so hadde pøsthuset nere då …dan tok no tyskarane te hestastadla og slekt nåke, so han bradn opp. So dei brende opp dan verstaen dar onna krigen. Og då va da månge so arbeidde på dan tydneverstaen, og då bjønte da te snøa so fælt … da va nåken her idne ifrå Rødne tverst øve inst dar idne, ein mann her utmed strannæ her ute … Han va no ongkar og, han va no sekkert ikkje førti år. Og i to-tiæ om dagen då fadn di ut at da va … at da hadde snøtt so mykje at di måtte bjønna å gå heim viss di sko kobma seg heimatt. Men da va so kollossalt ka da snødde! So han va ned te far og dei og lånte ski, før han va no søsjennabadn med di … Ein an va på hitt huset dar og fekk seg ski før te gå heimatt. Og han so bjønte … og då - i alminnelegheit so går di no vel mender so ein hall time ifrå danne verstaen og ut – og han gjekk herifrå i to-tiæ. Bror`n og kåno so va på gar`n dar ute, dei kun`kje førstå han ikkje kobm heimatt i detta fæla … i adl denne snød`n. So dei gjekk i fjøsen, men då sette di eit sånt stearinjøs te bredna i kjøkenglase før da at han sku sjå kar huset va. Datta va i nittjån-attjån si di hadde so lite lys, veit du, og da va rasjonert og straumen og uljo og … Straum … elektrisk hadde me kje fått her te Ådland. Da fekk me kje før enn te jul i nittjån-nittjån. Og då va han utom or floren gong på gong, danne dar man`n og hudja … og va ut og sko høyra om han haure hin elle, men so tenkte han på da at han hadde jedna lagt seg te her idn på Ådland. Men då va hin kobmen … men so e dar … e da bere eit høgt brøt utføre so va skøte og … utføre og so ein vei neme dar. Og då va han kobmen oppå dar. Då hadde da være motebakkje lengje, og då hadde han gått slek at han va varm, og so kobm han oppå dar, og so visste han ikkje te fidna utføre. Og då hadde han gått og gått oppå dar og trudde han sku fidna denne plassen so sko vera råd te gå ne, men da va so mykje snø han fadn da kje. Men so haure han bror`n hudja, og då bjønte han å ropa. Og då tok no han ski på seg nere og kobm opp og fekk no meira … dra han heim då so .. Han fekk ilt før hjarta so han ikkje va hjartesterk sio.

Og på skulen dar va … beggje lærarane so va på skulen dei fadn ut at detta her gjekk ikkje, so dei slutta i middagstiæ. Og då gjekk di med ongane te di kobm te ein gar so inkvan kunne følgja di lenger, at di sko vera sekker på at adle bødnæ kobm heimatt. Da va fredagen, og far og bestefar di gjekk ute støtt - di greidde kje måka da lenger – di gjekk imydle heimahusæ og opp te fjøsen og trakka før da at di sku halla vei te

fjøsen te kvel`n. Og danna dar elsta tanto mi ho va ute gong på gong og sa at "du må kobma idn, far, du må kje øveanstrengja seg so du døyr tå detta her." "Ja, men me må no halla vei imydlo fjøsen," sa han. Di tenkte no so på beistæ i dei daga. Og da va månge plass di førtalde at di grov neste dag … tunell, onna snød`n før te kobma seg idn te fjøsen.

Ja, so sku da vera … da va ein mann åvånfør Tøsse, oppå Udland, so sku gravast om laurdagen. Og desse her gravarane – dei va to stykkje, ein eldre og so sonen – dei va og grov opp grav , va bjønt på dan om fredagen. Men so bjønte da so fælt å snøa at dei tok og reiste heimatt si da at da snødde so fælt, og trudde da at di sko no gjera resten om laurdagen. Og dei dar oppe på Udland, dei tok ut … med sle og med hesta, og med kisto på ein sle. Men når dei kobm te Tøsse … Men so va da ikkje so mykje telefon og ikkje va da nåke brøyting og nåke brøytebila, da fanst da no ikkje. Og når dei komb te Tøsse so fadn di ut da at di klarde aldri datta dar te kobma te Ådland, dei. So då røngde di te … før då va da kun telefonstasjon på Tøsse og her nere på Ådland. Eg trur da va … va her ein to, tre so hadde privat rondtom i Samnanger elles, da va kje meir – doktaren jedna og nokre. Og då va desse her på Ådland, dei va i slekt, da va endå ein bror hans so va jeft med tanto mi, og far og … han va søsjennabadn med han og … og bestefar levde, ja, men da va Besto mi so va … so hadde vøre tanto hans. Men ho va no dø, ja. So dei va bedde i begravelse, dei, og sku reist te … *med* ifrå kjørkjo og oppatt dar, før da va no aldri at di kunne grava ne nåken og ikkje ha sånn minnestonn med mat og med allsla, veit du. Men dei hadde no tenkt da at da va kje rå i detta her vêret so di venta no på at da vart inkvaslags beskje te telefonstasjonen at di utsette begravelsen elle nåke. Men so røngde di ifrå Tøsse om ikkje da kunne kobma følk ifrå Ådland med hesta og te møtes med di. Og då tok di ut her på Ådland … her va fira … på dei fira garane so va, dei hadde hest adle. Og då tok di ut med hest, og di va sju mann. Di va also Besten og … bestefar og far, dei va beggje. Og so va da far og son på dei andre to garane, og so da da dar nere hos pøstman`n, dar va drengjen, han va ongkar, og da va drengjen so va dar med hans hest. Og dasse hestane, då va … far nett hadde fått dan merræ ifrå Sogn so va ny. Men dasse hestane so di hadde borti skysstasjon, førstår du – øve Trengridalen – dei va vant te gå med sånne … truge - veit du … har du haurt snakk om da? – so di batt utå viertæge, so di hadde på hestane. Og to tå dei gamlaste merrane dei va vant te gå med sånt. So dei batt di sånne truge på. Og so va da to andra, dei drog … sle, beggja visst. Før di sko byta når dan eine … Og so va desse karane … dei gjekk visst på ski månge tå di, mesteparten tå karane. Og med spaa og med greider før te måka. Og då va di kobne førbi danne dar … dar so tunellen bjønna no dar so fiskamatførretningjen e, og då vart da fæla motebakkje opp på høyden dar te dan garen so hete Haukanes. Og då hadde han, bonden oppå Haukanes, han hadde vøre ute med hesten sin, høgt ne ei bjørk og hengt ettepå, og so lause hesten so drog dan bjørkjæ og trakka so han sku kobma bort te floren og rondt te surhåstabben og slekt nåke. Og då såg han neri svengjen dar nere at da va ein fløkk med følk dar nere og såg hesta og detta her. Og so tenkte han da at no e da inkvan so e ute og vil brøyta, vei. Og da va da no faktis og, veit du, men so visste han da at da va tong motebakkje oppijøno dar. Og då tok han … si da at han va dar oppe so vart da onnebakkjen på hans merr. Då tok han lausa merræ si med bjørkjegreine ettepå, og kjørde nerijøne te møtes med hine. Og då sa di da at då va hestane deira vørtne so leie, at hadde kje dan dar so ikkje hadde gått so långt stykkje, so trudde di ikkje di hadde greitt kobme opp dan bakkjen. Men då va da lettare då når hin hadde trakka og so brøyta litt og. Og so kobm di opp dar og so vart da rondt svengjen og so neatt imot dar so no tunellen kjebm ut omtrent. Dar te – di va kje kobmne lenger – dar te va dei kobmne so hadde hesta og kisto på slee. Og då sa far då når han kobm att at "han e no

gauk danne Hans Hau. Då ropte han ”hurra før Ådlarane!” Di va no nøye i dei daga, veit du, di sko sjelja gudsord og dø og slekt ifrå … ”Me e so gla at me ser dåke, at de verkeleg kobm, før me greia ikkje meir.” Men so bytte di då, og tok di kisto og hadde øve på … og da va da … dei to sleane so di hadde. Ein hest gjekk ei stonn og so bytte di han då når han va lei og bytte på ein an sle igjen, og so gjekk hina … hine hestane lause med … di hadde nåke sånne kjel.. nåke sånne buske elle nåke di drog dei og før da at di sko brøyta liksom. Og då når di hadde brøyta øve då so … so va di allti so voldsomt fæle å søngja, før, når di kobm … med begravelsesfølk so sko di søngja … når di kjørde slek med lik, kobm, so sko di søngja før kvart hus di for førbi og slekt. Men no va datta medt oppi liæ dar so va liksom beitemark og slekt på adle sie, men da va also … hovedveien va arbeidd imydlo Ådland og Tøsse, so dan va no … men da va då attføkje alt sama … Snakte di kje om to-tre meter da kobm på ein dag, og ei natt? Da va so kolossalt at da har aldri være makjen! Og då sa … føreslo inkvan, og da va no vel helst desse ådlarane, før far og so dan dar so va jeft med søster te far, Tomas Ådland, dei va no so veldige å søngja. ”No søng me dan songjen so me plå søngja når me sjelst i begravelsa: Så vil vi nå sige hverandre farvel, og ønske Guds fred med eder. Guds fred med oss alle om måren og kvell, så mange som inderlig beder.” Og eg va no stor at eg håtta te når di for og når di kobm att og, men so veit du da e no litt tå ka di førtalde òg, ettepå. Og so snudde di då. Og dei bortpå Steinsland og på hi sio, dei haure danne veldige songjen oppi liæ og datta dar verset, og dei trudde da at da va inkvasla ulokka so hadde hendt, og nåke sånt, dei – si di såg at da va følk og slekt nåke dar då, men … So snudde di då so kobm desse her te Ådland, då va da mørkt og seine kvel`n, klokko va visst… Di for herifrå når ho va tåll om dagen, nei edleve, va ho, når di tok ut, trur eg. Og di kobm att når ho va sju-hall-åtta om kvel`n. Og då hadde me kje elektrisk, men då sko di ner i kjørkjeskøtet og setja … kjørkenøklane hång no heim i huset heima allti. Og so kobm far føsst då opp og henta nøklane te kjørkjo. Og so hadde di sånne løkta so di hadde hatt på – med stearinlys i – so di hadde hatt på kjerrena når di kjørde … hadde skysstasjon og sånn. So di hadde ei elle to sånna løkta med på dei sleane so di hadde med seg. Og so hadde di bjødle på hestane. Og då når di kobm att då, då va da dan nya merræ so far hadde fått so kobm føre og hadde kisto på. Og bestefar han va jo … han va jo åtti år – han va visst åtti år, elle … jau, han va åtti år, ni-og-sytti på åttiane året. (…?) stora trøye di hadde, og so hadde di nåken vie sånne hatta. Og han huska eg han sat slek … kisto va slek då, og so sat han tverst øve. So befalte bestefar før enn han for, då sa han te dasse dar døtrena sina: ”No tek de sauakjøt og koka kjøt og sødd, kalte di da, kjøt og supa og legg kvit duk på bordet. Me ska eta adle her i huset i lag. Me ska ha begravelseskvell når me kjebm att med Klaus Udland,” sa han. Klaus Holdhus va da no han hette, egentleg då, han budde på Udland. Ja, og då … Besto kobm idn då so – dei hadde gjort slek, og venta på da, hadde lagt kvit duk på bordet og da va rasjonert alt, men di hadde støypt jøs tå talg, di hadde førm … Di kjøpte kje nåke i dei daga! Di hadde ei førm so di støypte – blekkførm – so hadde di talg … nyrefeitt tå sauena. Og då hadde di eit trearma jøs so di hadde kveikt på då i nyårshelgjæ, men da hadde bere brødne lite grann. Men då kveikte di da … eg og Knut`n – eg va no åtta år og Knut`n va vel sju år – me va no med, men dei andre to, tre, dei va no søvna. Og so … og når han kobm idn då, Besten, so sa han da te mor:”Ja, Sydneva, da e ei sabba merr du har fått.” Ho hette Sydneva mor mi. Og si da at bror hedna i Sogn hadde kjøpt … va nett kobme med ne so va da no… ”Da e ei sabba merr. Hadde me kje hatt danna merræ so va so ong og so frisk og sterk, so hadde me visst ikkje kobme att te Ådland verken eg elle han so låg i kisto,” sa han. Og då va da … eg la no merkje te so mångsla, men dan hesten te pøstman`n nere, han skapte seg vel

umauleg når di kobm i veiasjefto her idne, då ville han bere oppijøno dar. Og drengjen han hadde si …

(Slutt på A-sida, band II)

Band III, A-sida

E: Og då om søndagen, då sku desse her *her* ner på kjørkjegaren, og dei to gravarane dei kobm att òg ja. Og han so va klokkar, han reiste oftaste te Tveitæ, men han kobm seg ikkje heim før da va so mykje snø. Men so visste han da … di hadde no kje telefon og snaktest, men di la no merkje te ka so hende, so han kobm ut og va med på kjørkjegaren og song og … og so sette di hin ner i gravæ. Og då va *eg* nere med … mor va kje nere, før ho hadde so lite badn, veit du, men eg va nere i lag med tant`na mine. Og eg synest enno når eg tenkje på da, dei regndrøpane so bjønte med me sto nepå kjørkjegaren, dei va mesta so stekkelsbær, elle so store og fæle drøpa. Og so bjønte da te storregna. Og om nattæ regna da so fælt, og so va adle elva … og da e sleke fæle elva her og føssa her – dar oppe e ein og dar nere e ein – og då va dei fudle i klakje. Og neste føremiddag når dei … Han hadde to jente han dar ongkaren so hadde pøsthuset. Og han dar so han hadde te dreng, han gjekk heim om søndagen – han kjørde te Ådland då om laurdagen, med hesten. Men so gjekk han på ski … moræ va nyleg vørten ekkja, og han va elste guten på ein … mesta fjellgar so ligg her idne. Og då gjekk han heim dar om søndagen. Og då va da fint, men da bjønte also då i middagstiæ å regna. Og da va so kolossalt kor da regna, og so va adle elvane fudle i klakje. Og når jent`na te pøstman`n kobm ut om mårån`n, so hadde elvæ … hadde kje gått ne dar so ho sku gå ne, adna enn ho hadde tekje øve hauen, og so va da kobme inn i smalhuset dar nere. Dar va fleire saue so va drukna., neri smalhuset. So va no denne her, Johan hette han - og far va no borte òg med hos …- og fekk opp i løo nåken tå dei smalane so va dar. So kobm drengjen att heimåntifrå, førstår du. Og då sku han og danne dar gamlingjen so … ja, gamling va han no ikkje då, men han va no vel femti år … han va no vel femti år, gjedna. Då sku dei åst å prøva å grava vekk so ikkje snød`n for øve danne dar kulen nere dar heima og ne …, so ikkje elvæ for … di sku få ne øve på føssen. Og hadde dei bere gått idnom, men dar kobm so fæla føss ne, at dar sku di kje gå. So gjekk di utom, og med da sama dei kobm opp på føssen dar so da va støppa opp, då va klakjen kobmen dar te og sto i ei høg spedna. Og med da sama han dar drengjen gjekk nett neanfør dar so stebmo va støgga og kobm ut på klakjen dar med ski på, då løste da. Og so for han utføre føssen dar. Og då va far min og so ein her idne, dei va i sjykkjo, i vebuæ, og delte ein sekk med maiskødn – før di fekk rasjonering te gris. Di fekk ikkje so mykje so ein heil sekk, men di sku dela dei so hadde gris. Og då haure dei at da ropte ”hjelp” so grusomt fælt at di førsto da va nåke. So dei språng ut, og då ropte hin på nytt igjen: ”Kobm og hjelp!” Og nepå skomakarverstaen dar va nåken so kobm … ein mann so kobm og sku gå på skomakarverstaen, han haure datta dar, og han va idnpå skomakarverstaen og dar va tre manna idne føsst, og da va no månge so bjønte å kobma gansje snart. Men då va hin faren utøre føssen dar. Og so då va da … dar nere dar e eit fæla … fæla … so mykje vatn at, på flaten dar heima. No raste da sameleisna før fira år sio, og då med skrekkjen ette dan helgjæ når eg såg da, da va so fælt når eg va heima og såg da eg òg. Og no kobm da … men no kobm da utføre føssen, men no støgga da onna brunæ dar, før veives`net har lagt større bru no sio da vart meira trafikk, og so la di danna dar elvæ i røyr. Og røyret va fudl i klakje, og han nepå pøsthuset, han hadde sagt da: ”Danna røyræ e mykje før liten når elvæ vert stor.” Då va da støppa opp, vatnet, gjekk

lika høgt, og no va da kobme (fullt) … - men no hadde di kje beist – no va da kobme (fullt) smalhuset på dan nattæ, og idn i kjellaren i huset dar heima, so pot`na og kassa og alt flaut. Men da gjekk no kje følk danne gångjen. Men eg håtta enno kor bestefar va snarrådig, han … di hadde mykje bord oppå sjykkjeloftet, dar va ikkje glas føre, da va bere standara opp. Og so kjebm han hitatt med da sama han førsto ka da va so di ropte om hjelp … so va han kobmen ut, og so kobm han hitatt, springane, og so sa han: ”No må du Ingelina sjå ette adle små ongane og ikke sleppa di ut nåke. Og du Synneva,” sa han te mor, ”du må gå på sjykkjeskukkjen og lempa boræ ut, og so må de …” – då va da dassa her tre døtrena hans – ”de må kobma og bera bor med meg, so me får bort og stengja att føre opningjæ dar med elvæ, at ikkje man`n, viss han no fer med vatnet og rek te sjøs før øss.” Og då va dan andra elvæ, ho kjebm ne òg - denna her so kjebm her, ho kjebm og dar – og dan elvæ va vørten ope. Og då … va kje løye da at di stengde att dar, da va kje so lengje … ein mann so sku bort og dar onna føssen og prøva å leita ette denne so va faren utføre, han for neri te dess at di fekk bere fat i håret på han og … di heldt på å drukna, so di laut gå på bor bortijøno dar. So di bar bort adle dei boræ – ei fælsen med bor heldigvis, di hadde i sjykkjo dar heima - so di hadde bort då te kobma seg bort onna føssen dar di trudde at han låg, elle sjå om han kunne bjergast. Men so kobm … håtta eg enno bestefar kobm hitatt, og so sa han te dan mellemsta tanto mi – dan øngsta va no låk, då, so ho va kje dø, ja, so dø i nittjån-tjue, men dan so va mellemste – sa han te hedne, ho heitte Malene: ”Ja-ja. Malene, du får gå å fidna dan skjorto du har laga te meg te sista reisæ mi.” Slek hadde di da då. Da va kje te røngja … her va kje nåken so hadde kjiste, her va kje nåken so hadde likkle ferige. Men di sydde og hadde da, og dasse boræ so va på skuggjen dar, dei va visst telaga te at di sku brukast te kjistebor te han òg. Og då førsto di da, di hadde fudne han. Då førsto di da, før då bjønte di te grina - moræ og dasse dar tant`na mine – at di hadde fudne han, at di fadn ut at da va kje … at han va dø, also. Og om di hadde fudne han med eingång, sa di, so hadde da ikkje være hjelp i, før han va knust i …

Og so va da … – datta va måndagen, also – og so fekk di ein besje idn i Norvikjæ her idne. Da va visst inkvan so gjekk. Men då vart da før seint før dei te gå opp te danne garen og so då ut att her, elle då va da ein mann dar idne so sku gå opp te moræ, og førtelja da. Han va oppe måndagskvel`n, han va oppe om tysdagen, han va oppe om onsdagen igjen på føremiddag, og han greidde kje seia da, med moræ. Og då va eg i skulen og i dan klassen, og då banka da på. So let gamleklokkaren opp og so … ”De må vera stidle, onga,” sa han. Og so snaktest dei uti gångjen, lite grann. Då kobm han og bad på gamleklokkaren at han måtte gå opp, før han greidde kje seia da te moræ, han synst da va so fælt. Men so va me … me va bjønte på reknetimen, so va dan føsste ette middagen, og då hadde hin være dar, also. Og best so da va, so for klokkaren og spaserte dar bortme glaset – me jent`na sat no med øpste veggjen, so me såg no kje ka da va – men best so da va so (… han) og so tok han gullrengjen tå (sånn) på glasruto og banka so fælt. So førsto me at da va inkvan han ville ha fat i, og so bjønte han då, te venka sånn. Og so sei han då med øss – og då va da kje kjeltringonga, so di sei da e no – so sei han med øss da:”No e da so mykje de veit da, de spreng ikkje bort i glaset og stidle dåke opp, førvetne. Og de helt ikkje nåke spetakel, de set fint med rekningane dåka, før no kjebm danna stakkars kåno so har møst guten sin i føssen utpå Ådland.” Då veit du eg hadde no opplevt da, og adle skuleongane hadde no fått visst om da. Og so for han ne. Men me va so medt bortpå gølvet at eg huska so vel eg såg da kor da føregjekk. Føsst gjekk han bort og tok ne i hannæ, og so la han armen sin rondt ne slek rondt skulderæ, og so sto han slek ei stonn og helt på ne dar i veien og snakte med ne. Og so va da ein steinamur dar neføre, og so for di hitåt dan muren og … men da va no kaldt og snø og alt, men … so snakte di dar lite grann, og so … Men so vart da te da at

ho forsette og gjekk te Ådland. Og da førtalde han da at da fössta ho bjønte te grina før da va da. ”Eg har ikkje nåke te laga begravelse føre. Kor i værne ska eg bera meg åt å få dan karen i gravæ. Eg har kje nåke. Eg e ekkja, og han va elste guten. Ka ska eg gjera med heimen og med jordæ og … Ikkje har eg mat og ikkje har eg penga.” Du ska ta da med ro, Anna,” sa gamleklokkaren med ne, ”før eg veit da no, at ådlandsfølkjet allerede e bjønt å laga begravelsen,” sa han. Da va no dar nere so dan ongkaren so hadde han so dreng. Om han slakta ein kalv elle han slakta ein sau, da veit eg ikkje. Men di kokte iallfall kjøttsupa, og … Da va krig og di kunn`kje få so mykje, men ho so hadde handelen ho hadde lite grann , enten da va risengryn elle byggryn, so ho spanderte so di fekk på supane, og so hadde di grønsakje. Dan eine dar nere han hadde no alltid mykje kålrabe og gulerøt og pote og … So di hadde kjøttsupa, og so lagde di sånne mjelkekake tå … So … eg kan huska da enno, me va med, om me va onga, so va me med adle, før da ho va so tapper, ei enestående gammal kåna. Ho va både dyrlege og adna. Og eg gjekk månge gånga idnijøno markjæ her og sku hent` ne seinare at ho sku kobma og sjå på beist so va dårleg. Før me hadde kje penga, me hadde kje dyrlege, me måtte få han ifrå Fana, ifrå Norheimsund, gjedna. Og då huska eg at ho reiste seg opp te slutt og sa da at: ”Tross sorgjæ og tross ulokko, so må eg takka og takka og takka, oppatt og oppatt, ådlandsfølkjet før at di stelte te slek ei fin minnestonn, at eg fekk Bernar`n sjekkeleg i gravæ.” Ja, slek tok di da i dei daga.

I: Hvis det kom noe ekstra på, var det alltid sånn da at bygdefolket stilte opp og hjalp til det de kunne?

E: Ja, di gjore … da va no dei her på Ådland, då, før da va no han so han va dreng hos so ba dei, og han slakta kalven og han kjøpte da so … men da va rasjonert, men han fekk kjøpa kaffi ne hos handelsman`n og da so va rå te få kjøpa, so han betalte no han, mykje. Men sånne bakte lepse og sånne dar tynne kake da steikte no dasse dar tant`na mine, Malene, tanto mi, ho va no veldig flenk te sånt. Men so hadde di kje kjista, og då va da ein dar idnpå Reistad so va so flenk snekkar. Han kobm ut og va i lag med far, han va no og temmeleg flenk snekkar, og då lagde di kjista neri ei kjellarestøva heim hos øss so di hadde hevlebenk og sånt. So da va kje slek so no, di bere senne di på sykehus og … Men da va so snedigt, då når me va te bors dar når di kobm att med danne man`n, so når di hadde ete då, so sku di lesa … so sku bestefar lesa ein sånn epistel før dagen or ei sånn bønnebok. Når han va ferig med dan, so bad di Fadervår. Og so sa … Då va di no bjønt å læra meg og Knut`n, da va fössta året eg gjekk i skulen, datta, bjønt på åtta`na året, ja. Knut`n va nett eitt-og-eit-halt år ønger so meg. Men so sa han da te slutt, Besten: ”Herre Gud, bevar øss ifrå storm, flaum og eldsvåde.” Og da gløyme eg aldrig, før når me sku idn og leggja øss då, dei to andre va nedlagde, men so laut no mor ta da vetla søgebadne, og so sku far brøya på øss gødt han då, da va han allti so flenk med, og stedla med øss då. Og so bjønte Knut`n om da: ”Ka va da Besten meinte med da, at han kobm med ei slek løyæ bønn ettepå Fadervår?” sa han. Datta dar eldsvåde da kunn me kje forstå. Før då sjønna du han ba om da dan kvel`n då snød`n hadde vøre. Og so vart flaumen om sønndagen, om måndagen.

Og om sønndagen, va da vel, elle va da om måndagen me fekk veta da? … då hadde da gått snøskrea her borti Trengrifjorden. Og dar va ei Berta Nordbø, ho va òg nyleg vørten ekkja, ho hadde ein gut so va ti-edleve år, trur eg. Han va nåken år elder so meg, eg huska no te han når han va ongdom. Og so hadde ho ei jenta so va fem-seks år. Man`n va dø dan hausten. Og so va dei … hadde ho danne støsste guten med seg, og dei va gådde i fjøsen om kvel`n. Da va kje same kvel`n so da snødde, da va dagen bakette, då når da bjønte å regna og verta lyvêr. Og so med dei va i fjøsen, so kobm hon`n deira. Han bjønte å gøy so førferdeleg utånfør. Og so sa ho te dan dar guten:

”Tomas, du må gå ut og sjå ka so feila hon`n. Han (vil) no aldrig han å kobma på denne måten. Du får sleppa han idn då når han kjebm.” So gjekk guten ut, han, og lokka på hon`n og ville sleppa han idn i floren te dei va ferige. Men då gjore han heilt om og for neatt. Og når han let att døræ og gjekk idnatt i floren, so kobm han att igjen. Og då va da ikkje bere at han gøydde, men sånn so honnane gjere, di hyla når da henne nåke gale elle di e redde nåke. Og so sa ho at: ” Ka værne e da datta betyr med hon`n? Du må følgja med han nerijøne og sjå ka da e.” Då han kobm ne, so va huset fare. Då hadde da kobme snøskrea og kvelvt heila huset. Og da … va da ein opning visst onna ein bjelke so hon`n hadde grave seg ut og sku opp og varskua, hine. Og då for no danne guten da snaraste han kunne te naboa og di kobm og bjønte te grava. Men då va dan vetla … Da va ei tanta so sat idne og kledde … Ho sat so nære med øbn`n, da va vel einaste plassen di hadde litt verme, veit eg. Men da måtte kje vera mykje verme i øbn`n, før da hadde kje tekje fyr, also. Men når di fekk vekk so mykje at di fekk tak i di, so va … dan vetla jento, ho va dø. Di hadde fått øbn`n øve, so ho va visst drepen momentant tå øbn`n. Og hi ho hadde fått øbn`n på seg på låret her og sånn. Kor mykje so va skadd dar, da veit ikkje eg om nåken veit eingång. Før di fekk ne injenstana! Di kobm ikkje te doktar og på sykehus! Føsst va da so mykje snø og so va heile fjoren han va fudl i is lika ut te Os, so di kunn`kje kobma med båt elle nåke utijøne. Men ho levde i månge år … Da va ei an`n søster hedna so kobm dar og fløtta ner då i lag med dei to, og ho va syerska. So eg va borte i lag med … danna dar Malene, tanto mi, ho sku ha sydd inkvasla - eg trur da va skjørt elle jakka ho fekk. Og då hadde dei kjøpt eit kjolatøy te meg te jul, tante Malene og so bestefar, før dei va fadra på meg og so dei jett meg kjolatøy, og då sku ho sy da, so då va eg borte dar. Da va dan andra søsteræ so va so flenk å sy. Då va ho sopassa at med ein stav so kobm ho or sengjæ og fekk fat i ein stol. So sette ho seg på dan, elle so skudde ho ein stol før seg og … Slek levde ho i nåken år dar …

I (avbryt) Var det bare de to som bodde i huset da?

E: Ja, da vart dei to og so dan guten so va ti-edleve år.

I: Det huset som ble tatt av raset, var det disses hus det?

E: Da va deiras hus. Men da va eit adna … dei budde kje i … før dei bygde ikkje oppatt, helle dei. Men dei heldt ut dar te dess han gjekk før presten her og vart sopassa stor at han … So fekk di kjøpa ein gard neri Åsane, og fløtta dar te, dan guten og moræ. (E hostar) (hadde) eit adna lite småbruk dassa dar søstrena, so ho dar so va syerska, ho og so danna dar so va skamfaren, dei fløtta no visst heimatt dar. Iallfall føssta med di hadde beist og slek so budde danna kåno og guten bort`os ein nabo. Og so selde di joræ, so han so bur på dan garden no, han fløtta husæ på ein an`n plass. Men han har no dyrka og hatt mykje beist og alt … Men aldri nåken visste om at da hadde hendt nåkesla snøskrea elle hendt nåke. Da visste di aldri om at da hadde hendt dar. Ikkje bere her, men slek bortmed jernbanen og bortmed Vaksdal og månge plass … da tok hus, men … eg veit ikkje kor mykje følk da tok, men da vart mykje skade rondtom adle stana.

I: Det blei både ulykke og sjukdom vinteren nitten-atten da. For det var vel samtidig som spanskesjuken herja?

E: Ja, dan bjønte visst … eg trur dan bjønte seinare på våren. Føsst va da veldig kaldt og veldigt med venn, te me kobm i januar. Og då bjønte da å snøa. Dan syttjene, trur eg heilt sekkert da va, når danna fæla … Da va meir enn almendeleg. Me har snakt om da no, nåken so e i pensjonistføreningjen oppi frå Høysæte, dar e no meira … ligg no høgare og e no snarare dar, og dei oppi Eikjedalen sameleisna, dar so skisenteret og da e. Dei so e so gamle at di huska te da, dei sei da at di kan aldri huska makjen so da so va då. Da va so kolossalt og so då bere på ein dag, og so at da då slo om i regn, veit du.

Og so då adle elvaløp va fudle i klakje. Da va da so va so fælt at elvane fekk ikkje retta løpet, og då veit du … Du ser no da når di varskua på skjermen og på alt no når da slær om at da e skrefåre i brattlie og i alt sånt nåke.

I: (…) når det kommer et par meter på en dag og så regn, så måtte en regne med det at det kunne bli skredfare.

E: Da va fælt med … (Pause) Før umakjen so vart da ei døtter so va jeft og hadde ein ifrå Espe idni Haring. Dei budde i Ødda. Dei vart da so reiste heim og tok danne dare garen i Bjørnåsen. Da va ein bror då so va ønger, men han va so ong at han … ja, han va no gjedna konfirmert, da va han no gjedna, men … Ja, han va no vel da, før no va han visst to-og-åtti no i venter, han. Men han ville kje … han hadde ikkje kåna og han hadde ikkje nåkesla, han ville kje bjønna te betta seg dar på dan garen, då. Og moræ måtte ha inkvan med seg. Ho hadde ikkje nåkeslags trygd og hadde ikkje nåkesla te leva tå, og … So slek har da vøre, dei so har opplevt både ulokke og krigen og slek, so e da … Og no, di klaga og di klaga og di klaga. No klaga di når di vert sitjane i eit tog bortpå høgfjedlet. Og no klaga di øve alt, e kje veien slek so … Då når da hadde snøtt her … Da va no ein laurdag, da hadde snøtt. Da hadde vøre tåfrøst so veien va frøsen, og so bjønte da å snøa ein laurdags ettemiddag. Sånn våt snø, da va no meira … Og då sku di vera so tett idn på einan`n. Di sku vera so tett, da tek di allti dar nemed Ådland at di sku kjøra førbi kvarandre oppi liane her før te kobma føsst te byd`n desse her so har vøre idnijøne. Og so då kobm da nåken imot, og so skreidde di og so sto di på tvert, og so bjønte da te stå på tvert dar borte. Og då hadde han her nere so e sjåfør på blåbussane, han hadde … han såg datta dar, og so visste han da at da sku kobma blåbuss då klokko seks, og då sto da på tvert her. So hadde han røngt, han, te han so e oppi Frølandsdalen so har sånn lastebil og grushus dar oppe. Han hadde kje løv! Då måtte da vera ein ifrå veivesenet idni Norheimsund so ga løv te at han sku strø. So gjekk da ein-og-ein-hall time at di sto på danne måten og kjaka her borte, og då va da kø (E er åt å le) … So vart da – ikkje dan søndagen då, men søndagen dar ette – då vart da nett på same måten. Då sto di her oppi liane og lika førbi tunellen, dar borte so du kjebm utatt, dar borte med Gjere. Då va da nåken so skreidde her oppi liane. Men då kobm no lensmannen, då, og for opp te bror min heima og røngde te han at han sku … men då hadde *dei* røngt *før*, bror min og døtteræ hans, va da visst, ho hadde røngt te han dar Alfred Haug so har med grusbilen, at no har di bjønt te skreia i dag òg. ”Ja, eg har kje løv uten han i Norheimsund gjer lov.” Og so kobm lensman`n hit, og då sa han da sama. ”Du kjebm med grus med ein gång! Eg ska ta ansvaret før da, da må no vera måte på da.” Da e kje gagn i at di spara, og so går da dubbelt so mykje, veit du. Slek va da kje då. Di … snødde veiena fudle, og va da klakje, so fekk di gå elle so fekk di (småler) halla seg heima.

I: Var det mere sånn at alle hjalp hverandre da?

E: Ja, da va da. Da va da.

I: (Da stilte) naboen opp hvis det trengtes?

E: Og va da nåke ulokka og nåke sånt, so hjelpte di di, ja. Da gjor di. Va di låke at di ikkje …, slek so då i spanskasykjo, so gjekk di … og ein gång seinare, da va … da e so lengje sio so i ni-og-tredve her va slek fæla influensa. Då va han idni Førde i Sønnfjord på arbeid. Han va kje heima her på to måna, og dei hadde kje kjent låkheit nåken tå dei telefonarbeiarane so va dar idne. Og so kobm di nett te byd`n, tysdagen elle da va onsdagen føre skjærtorsdag. Og då sku me reisa idn te Masfjorden, te … (viser E eit foto frå plassen?) han hadde jo detta her huset og denne plassen her i lag med ei søster si og man`n. Og då sku me reisa idn dar i påskhelgjæ. Då vart han liggjande so låk … Påskadag va da meiningjæ me sku gå te kjørkje, elle ro te kjørkje va da no då, di ville ro tre-fira … ifrå to-tre hus dar, eit mannfølk og kvennfølk ifrå dar

på garen. Men då vart han so låk at han besvimte med da sama han reiste opp om mårån`n, og so laut me henta Solheimen ifrå Lindås so va dåktar då. Han vart liggjane lengje låk (tå influensa). Men då hadde me so fæla influensa so tileg her, eg trur da va i januar, men da va i ni-og-tredve also.

I: Så det var (ofte) sånn at hele bygda blei sjuke altså?

E: (svarer ikkje på spørsmålet) Eg va ein mårå i tre fjøs, eg, og mal(k)te kyd`na. Ja, då va da ho onga kåna dar borte, ho hadde no lite badn òg, og so va ho so låk. Og so va da gamla kåno, ho levde, og ho va gådd i floren, men … ho va allti med ne i floren og ga høy og hjelpt`ne og sånn, men ho greidde kje malka. Og då kobm ho hit, og då va eg i fjøsen og malte våra … far sine kjyr og dei so va heim på gåren, dar ja. Men so kobm ho gamlakåno hit og spørde om eg kunne kobma og malka deiras kjyr. (Avbryt med å snakka til K: ”Trekk teppet oppå deg. Du va no visst vekke, du no.” Held fram etter at opptakaraen har vore avslegen?)

Da va nepå garen dan kvel`n når kåno te bror min hadde febm-og-seksti-årsdag dan syttjene april – lure meg på om da va då? Då va da nåke andra nabokåne dar, her på Ådland òg, men dei e kobna seinare. Dan eina vart jeft her te Ådland i nittjån-tjue og dan andra vart jeft her te Ådland i sju-og-tjue. So dei håtta kje te danna dar ulokko, og danna … Di håtta te at da va so grusomt med snø, ja, og da dar. Og so desse her onge to døtrena te bror min va dar dan dagen, ja, og man`n te danna eina … Då sa han da at da va før gale at me ikkje hadde bandopptakar at du tok opp datta dar, før datta hadde no vøre nåke te … datta måtte vøre jøymt da, sa han. Korleisna ulokko hende og korleisna di balte før te … (Liten pause der I prøver å få sagt noko, men E held fram.) Me har haurt da ifrå andre plass òg, at når di døydde følk oppi fjellgarane … Va da kje du so sa idni … Di kobm ikkje te kjørkje elle kjørkjegaren med di om venteren, di sette di ut på låven so di fraus, i frøsten og slekt nåke, før di kobm ikkje frabm …

I: (avbryt) Var det for de ikke fikk begravd …?

K: (avbryt) Di førtel om ein gammal notebas, enten da va Austevoll elle Sund han va ifrå. Mor hans døydde i haraste sildefisjet. (Di isa ne) te dess han va ferig med fisjet. Då fekk di ne begraven. Ho va frøsen, di isa hedne. Da førtalde di. (Ler litt)

I: Det var vel ofte sånn di måtte gjøre det før når di …?

E: (avbryt) Dar idne, so du sei, so di gjekk i stege, dar idni Eidfjord, dar so di no har bygt datta fæla kraftanleggjet …

K: I Simadalen.

E: I Simadalen, ja. Dar har di førtalt om da at di kobm ikkje ne med følk so va låke, di fekk ikkje dåktar te di, og di låg dar te (K og E snakkar i munnen på kvarandre) om da hadde vøre rå, so fekk di kje dåktar opp dar med venteren. Di fekk ikkje begrava di, adna enn di sette di ut på låven i snø og køle, og so … før da va då fjellgar, da va bølta i fjedlet og tau so di helt seg i.

K: Eg va oppe dar på dan fjellgaren.

E: Ja, da e da eg sei. Du so har vøre dar.

K: Kje … Kjeåsen? Ja, da va Kjeåsen.

E: Ja, da va Kjeåsen da kadlast.

K: Eg va på sildafisje dar idne. Og so tok me sidl or sjød`n og leverte. Og då kobm didne man`n tå … ja, di va to dar oppe … kobm ne te sjøs, og då såg han at me hadde sill dar. Og so kobm han ne og spørde (om han sku) få kjøpa, litt sill. ”Ja, da ska du få kjøpa,” sa eg. Eg va i båten og (vågde) opp. ”Ka har du bidne?” ”Ja, eg har ein pøse her.” So fylte eg pøsen, eg. ”Ja, ka da køsta?” ”Nei, bere dra din veg,” sa eg. (Ler)

E: Sigrid, Ola-Sigrid so e i Tveiterås, ho førtalde no på eit pensjonistmøte, ho sku førtelja inkvasla. Ho sa da at ”eg huska te når da budde følk på Øspekleivæ.” Danne dar dar oppe. Og da va far og mor te ho dar Gurino so eg snakka om. Og då hadde di kasta

bresling nemed sjød`n, og då hadde di sett at da va so mykje båta og sjøyte og slekt nåke, og då kobm di *ne* og ville høyra om da va rå te få kjøpa nåke slekt, dei òg. Og so hadde han kjipa, og so ville han ta mykje danne gamlingjen, og so sto Lisbetæ, Elisabeth, kåno, og sa: "Nei, Tomas, du e kje dan same so du har vøre. Du må kje ta so mykje at me ikkje greia bera da heim. Du må håtta på at da e motebakkjen no oppatt," og slekt. So da va kje greitt.

K: (fortel vidare om Kjeåsen) Og då spørde han meg – me sku liggja dar med helgjæ, ditta va laurdag, og skulle liggja dar te sønndag. "Du må ta ein tur opp." "Dar e da kje rå å kobma opp." "Ja-hau, du e so spenstig so du kjebm (snart) opp. Eg går no her med sånna småa børe rett so da e." Og so fekk eg han so va masjinist på sjøyto, med, og so gjekk me – to opp dar. Og da va fint vêr om hausten, og då spør han om me sku gå på jakt. Då gjekk me påkker`n i valt idn i fjedlet – eg veit kje ka da bar hen te slutt – på jakt ette rypa og hare og sorne greier. Me hadde ein hare på heile turen, da va alt samen.

E: (avbryt om rutetid for bussen I skal ta?) Va da rett ti fira-ruto, elle va da litt øve?

I: Nei, det var visst akkurat fire.

Slutt på opptak i band III

Band II, B-sida:

E: Ho va operert hausten nittjån-attjån, før blenntarmen. Og so fekk ho spanskasykjo – om vinteren, attjån-nittjån – og va volsomt låk. Og sio so vart da kje meir, da vart fullt i svudla … onna armane, og bak på nakkjen og …

K: Da va ein jævlig sygdom, spanskesykjo.

I: Ja. Husker de henne?

E: Far spørde …Ha?

I: Dere husker spanske…?

E: (avbryt) Og dar låg ho, og då va ho på lemmen, men da va … Bestefar levde og to andra døtrena hans, søstrena te far min, so dei va no … dei va elder so far og, dan eina va iallfall, va elst tå ti adle. Men ho va … dan eina tå dei va … når ho sko byta på dasse svudlane, åh, ho grein so at eg syns eg høyre da enno. Då va eg oppe dar og då … då va da ei so va … mor te, mor te dan jento, da va ei ong jenta da og, men da – ho kobm no vekk tå tuberkulose, ho – ho sko gravast, og då kobm di kjørane med hest, og so støgga di allti då med … dar … med da sama di såg opp te kjørkjo. Og då va gravaren oppi kjørkjetårnet og såg, og då sko han bjønna te røngja. Og då va eg oppe på lemmen med danna tanto mi og då sa ho "kan du ta og hjelpa meg litt so eg får kobma frabm på stolen her og sjå når di fer te gravæ med Amalio". Da va ei tanta te ho so e neri verstaden no, og når eg har førtalt da med hedne, då so sei ho: "Du veit mykje du so ikkje eg veit." Og då sa ho da:" Åh, no … herregud no må eg verta nestemann," sa … Du veit då … då va eg … eg va kje ti år, før ho dø i juni i nittjån-tjue, og eg vart ti i juli.

I: Ho bodde hjemme hos dere?

E: Ja, ho va da. Di hadde … Besten hadde halve delen tå huset og far hadde hin halvparten tå huset. Og desse tre ujefta døtrena budde med Besten, da va bestefar so hadde hus liksom, då. Men da va …

I: Hvem var det som hadde ansvar for å stelle de syke da.

E: Da va dan … tanto mi. Eina døtteræ hans – ikkje dan elsta, men dan andra. Ho stelte mykje med moræ òg. Og bestefar han va … firogåtti elle va han femogåtti? …. Han va … julafto då … me hadde skomakarversta her nere og da va gamle-skomakar – nett opp ifrå kaien – og onge-skomakar, og då pleidde dan gamle-skomakar`n … han pleidde kløppa mannfølk, og då va han … han va kje sengjaliggjane, men han hadde liksom siste mån`n skranta meir og meir før kvar dag. Far og dei to søstrena te far so va i huset syns da at han hadde skranta meir og meir. Men då … då va di … då sa han da at di måtte senna beskjed, han va kje god te gå ned te skomakar`n, men han måtte kobma heim og kløppa han te jul. (Her e besteføreldræ mine, also.) Han e fødd i attjån-åttogtredve, og då … då dø han i … då dø han treiedag jul i treogtjue … (For seg sjølv:) Treiedag jul i treog tjue. So han va … ja, han va no febmogåtti, seksogåtti år, tenkje eg.

I: Var han med å arbeide så lenge han kunne?

E: Ja-a. Han va i … han kjørde møk og sat i møkakjerro om hausten, og dan øngsta døtteræ, ho … ho so levde då, ja … ho hadde fått detta stykkjet her, da va innlagt tå utmarkjæ. Men so slo di og hadde ku … ei ku og nåke saue og nåke dar heima. Og då kjørde han møkjæ tå dei beistæ. Og då brukte han far sin hest og far si kjerra og kjørde møk siste hausten han levde og … Då sat han oppå lasset, hadde ei fjøl oppå lasset, elle gjekk frabmmed og stonno då, men når han kobm heimatt so sat han oppi kjerro, og kjørde møkjæ ut. Men da va liksom då siste, eg veit kje, forkjøling elle inkvasla … Og då va skomakar`n opp og pussa han, men so va … dan doktaren so me hadde, han hadde vøre hitte te han, og han liksom sette so … før da at … at da va kje so mykje bila vørte helle då, og då va … føre … føre nittjån-attjån (Feil. ”Ådlandbilerne” tok til med rutekjøring sumaren 1917, red. mrk.) va her ikkje kobmen ein einaste bil so kjørde te Trengri – te toget. Og byveien, kadla no me da, at da va … da va … dan brunæ dar ute med – no e da no kobme ny tunell dar, so di fer kje dar eingong – han va kje før enn i treogtredve, at di kunne kjøra … Me reiste te Trengri, og reiste med toget når me sko te by`n. Og so hadde di sjyss-stasjon her på Ådland, so di kjørde med hest øve Trengridalen og te toget. Ette di hadde fått bila … lengje ette di hadde fått bila, før da va kje brøytt om vinteren, veit du.

I: Så da kom ikke bilene fram …

E: Og då kobm ikkje bilane frabm … Di kjørde gjedna dasse dar … da va mykje sånne ”gessa” (?) ifrå elektrisitetsverkjet, Bergens kommunale elektrisitetsverk dasse so e oppå Totland so me har to kraftstasjona, og no byggje di på dan treie òg. Og dar va sånne … mykje sånne heima, men dei kobm med (hesje…?). So va da to mann på Trengri og so hadde hest og sko sjyssa når di kobm med toget og sko te Ådland. Og so når di sko bortatt då so va da desse her på Ådland so sko byta – og kjørde, bilane kjørde her te Ådland når da va råd te kjøra so långt. Og va da kje råd te kjøra so långt, so laut dei på Ådland kjøra med hest bortom te Tøsse og henta di og slikt nåke.
(Pause)

I: Du fortalte at du begynte å arbeide da du var en 10-11 år gammal.

K: Sakta da, å-hoi. Måtte pikede hånga i …

E: (avbryt) No går eg (og har) kaffien på bordet.

K: Og då bjønte eg med (Pedersen?) eg va matros. Eg va vel ein sytten år elle nåke slek … Og då fekk eg hondredeogfemten krone mån`n på eien kost.

I: Det var`ke stort.

K: Å gubbevare meg, du må kje snakka, da va so fælt mann at. Og då va … ja, eg reiste nåken år, da gjor eg mesta da. Og då va eg so førbanna på dasse … kan sjønna da. Og so va da kje slek at du fekk maten slek so no. No har di kosten om bord no, og alt,

innbefatta i hyrå. Men då måtte du kjøpa maten sjøl. Og når me va i by`n so kjøpte me middag då i byd`n, men onnaveis … da va to kvinnfolk so hadde sore kjøkkengreie dar te sleke passasjer so reiste, men da va so steikane dyrt at med den betaling so eg hadde so hadde eg snart kobme på fattigkassen med da. He-hæ! (ler) Og so vart da kje ete middag elle ein og an`n gongen, da va når du låg i by`n. Når du va ute og gjekk so va da å ha ein brødskalk med seg, og so kjøpte me kaffi hos desse her restauretrisena.

Og eg va førbanna og bjønte på telefonen. Då va da ein so va bjønt so eg kjende, og han hadde være heima då, og so spørde eg han om han trudde om da va tjangs te å fått plass dar. "Ja, med en gong. Kan sjønna da," sa han. "Di vil ha sleke so e vande med te grava og sore. Og du so har gje heima dar og greve, du kan no vel sakta både te mina og andre ting." Da va kje masjine då, da va handbøring so du stod og slo på børen. "Eg ska spørja, eg, sjefen, når eg kjem igjen." Og eg fekk beskjed, eg sko bere kobma med ein gong. Då arbeidde dei uti Sund, ein kommune so ligg … so ligg dar ute. So dar bjønte eg.

I: Var det da du kom til Samnanger også?

K: Da va ny linja ifrå Trengereid og heilt te Norheimsund.

I: Ja-vel.

K: Nei, då i atten då da fæla snød`n va, snøraset, då gjekk … va da linjena so gjekk nordøve te Sogn. Da gjekk eit førferdeleg skredras, snøras, so sopte på sjød`n ein heil strekning. Og so fekk me beskjed på om at me måtte idnatt og ordna datta dar. So tok me med øss nåke kabla og greier før profisorisk å få førbindelse. Og leigde ein slepebåt i Bergen og gjekk idnijønå Sørfjorden og idnmed førbi Vaksdal og vidar. Og når me kobm idn i fjorden, då trefte me stolpane, då låg dei nett so sånne flytestaka og dobba, før da va tråd og jern på di på en`n. So snudde di rondt og (…?) – kobm flytane utijøno med straumen. Da va grusomt å sjå. Og når me kobm idn, so gjekk jernbanen dar og. Dar hadde være, va, førskjellige sånne elva so va bru øve. Da va sopt, veit du, såg kje kar jernbanen sku ga eingong. Og te fidna att leiena so gjekk di opp i – da va kobme nåke insjinøra og greie … kara dar – med farje, raud farje, so di slo neri, grov opp snød`n og slo neri, og so sku da redna ned og kobm ned te sjøs, so då såg di nåkelonne kar sjenegangjen hadde være. (Å, ja-ja, …?) Då arbeidde di både søndag og måndag uansett so di fekk onna jernbanelinjå. So drog me kabla ut, me, og fekk stella reint alt datta dar so va blese vekk og kobla idnatt på på beggje enda, på linjå. (…?)

I: (bryt inn) (Det var et sværa arbeid?)

K: Ja (småler). Og hus og mat, da va kje sjel på nåksla, so va da ein sånn jernbanevoktarbolig dar, og dar fekk me no kobma idn og liggja på gølvet dar om nattæ. Og matstell! (småler) Ja, me fekk no inkvasla so bestyrarindå dar grov i hop so me fekk litt mat so me fekk ordna øss.

E: Du må førtelja om når de låg oppå Finse og kokkjen vermde seg på fyren og …

K: Ja, me låg på Finse – høgfjedlet dar – og kokkjen han kokte onna…, då va me øve tjue mann, og kokkjen han kokte onna ber himmel, attåt ein habmar, ein fjellhabmar dar, se-du. Dar murde me opp sånne vanga, og so hadde me eit långt spett so me la … og so hadde stroppa øve (…?) kokekaræ, på beggja side – hengde idnpå dar, se-du. Og so fyrde han i, se-du - da va telaga te tre kokekar. Og veden so han hadde og skulle fyra med, da va gamle stol…, telefonstolpa, so me sjifta ut. Og da va søppane røte so ein svamp, da va nett alen so va idni midtæ, han kunn få te bredna. Og da va ein sur morgo, se-du, med snøsletta og svineri. Eg hadde …, då va eg vørte arbeidsformann, då, so eg hadde telt åleina, eit sånt lite firemannstelt. Og so kjøpte eg ei feltkøy, so di kalte da og. Da va treside og tregavla, og sånn sekkjestri i botn. Ho va slik laga at i beggje gavlane dar va sånne leajedn so du kunne lata opp, nett so i ei bok, omtrent. Før onna transport når me fløttast so tok eg opp dei krokane so (da?) ikkje heldt ne i

samen, og kunne slå ne i samen nett so ei bok. So da va nett so eit bord du kobm med, da va bere beinæ so stakk ut. So hadde eg ei kadna med bensin ståane i teltet mitt so me brukte når me skøytte tråane, te å lødda di i samen med, med sånn bensinlodd. Då sa han: "No har eg hatt varme tre gongje, og da sløkna ut att," sa han. "So i dag lyt de ga truleg uten kaffi," sa han, " på arbeid." Og so kobm eg meg or køyæ med fykane fart og fata bensinkadnå og sprang bort. "Du må fidna stikke …(skaffa) stikke, du!" Bensin, da veit du kor da e, so gjor eg eit bøks borti (…?) tå tunellane. Då va han med stikke. Og da va ein flamme so du såg verken kokekar elle nåko anna (ler). Ja-ja, i alminneleg so hadde han parafin, men da va kje nåke handel dar, so han va lens, før parafin, te me fekk reist ned te Voss og …

I: Så fikk dere kaffi så allikevel, da?

K: Ja, da gjor me.

I: Når var det da?

K: Ha?

I: Når tid var det?

K: Det va vel i enogtjue, tenke eg. Ja eg trur da va i einogtjue.

I: Så det var før du kom hit til Samnanger det?

K: Å-ja, ja-ja. Da va i seksogtredve.

I: Det var også på telefonarbeid.

K: Ja, me (skulle?) byggja om linja heilt ifrå Trengereid og te Norheimsund.

I: Så traff du Engelina på veien og så blei du her.

K: Ja, (visst gjor eg da). (Under samtalen vidare er det mykje bråk – frå Engelina som vaskar opp på kjøkenet? Vanskeleg å høyra alt som vert sagt.) Me losjerte heima hos `na. Me va innlosjerte fleire plasse i detta området me – to mann her og tre der og fira der og … Men me rigga te kjøkken heima i kjedlaren før der va store hus. So me spiste … samlast og spiste middag … Og når me gjekk ut om morgen`n so tok me med øss ein to-tra sjeve, og ei termoflaska (dei so hadde da?). Men da va kje nåke hjelp i, di va so regel knusta … Me knuste so mykje termosflaske. So hadde vi (…?) her nede, se-du. Ja. So hengde ho opp på ein kvist, og då datt ho ned. I Bergen va nåke di kalte (…?) Dar fekk di mykje billegare flaske enn i førretningane. Me kjøpte fleira stykkje med ein gong sku ha på lager.

I: For dere knuste (…?).

K: Knuste nett so ... Nei, da va vel.

I: Før du begynte på telefonen så var du altså matros?

K: Ja. Da va eg.

I: Var du sytten år da du …

K: (avbryt) Ja, eg va i sytten års alder. Eg va konfirmert i nittensju.

I: Hadde du noe slags lønnsarbeid eller noe sånt før du ble konfirmert da?

K: Ja-a. Eg og ein kamerat me tok akort på ein skogsvei, so haure te prestegarden heima – slek at di kobm framb om vinteren med hest og kjøra ved og tømmer. Dar tok me akorten, me, småkarane. Me fekk øss tak i eit telt og låg i telt heila vekå. Og so va da eit fiskevatn, ørretvatn, nedføre. So hadde me fiskegreie med øss, trove, so me (la ut?) og fekk ørret, stod og fiska og fekk ørret, for å koka te middag. Og so hadde me med øss brød og smør og … sore. Men da vart ikkje nåke betaling, veit du – ein nåkra krone ka da va før dagen. Ja-ha. Men da va slek at da va nåke å gjera på, me gjekk ikkje og slång.

I: Hvor gamle kunne dere væra da?

K: Nei, da va no … jah … da va om hausten, eg tenkje eg va konfirmert.

I: Og før det så dreiv du og fiska og solgte fisk til presten.

K: Ja (snakkar litt i munnen på kvarandre), (…?) og selde te presten. Ja, og te sånne fjellbønder og so budde (…?), so ikkje fiska sjøl.
I: Var det fiske dere hadde som attåtnæring da du vokste opp?
K: Jah, sku me kje hatt fisje, førstår meg kje på da (kor me sku …?)
E: (bryt inn) Då oppå Finse, har du sagt da?
K: (…dårleg …?), ette da arbeidet so va. Nybjønnarane dei fekk ei krona timen – te bjønna med, med da sama di bjønte. Og dei elste, dei hadde eit par krone ka da va, (so hadde være nåken år?), (…?), gubbanoa.
I: Var det lange arbeidsdager dere hadde?
K: Ha?
I: Var det lange arbeidsdager?
K: Då eg bjønte då va da ti timas, med sama eg bjønte då va da ti tima. So gjekk da av då i førbindelse med da nya reglemanget. Men om laurdagane måtte me arbeida te klokka va ett, om dagen (…?). Da va kje slek so no at di slutta fredagen. Oi.
I: De arbeidde no vel heil dag føssta på laurdag?
K: Ha-a?
E: Arbeidde de kje heil dag føssta på laurdag og?
K: Nei, te klokka va eitt, om laurdagane. Og då … sko eg kobma heim ein tur, so måtte du arbeida opp so og so månge tima so du rekna med da ville ga ifrå du reiste og te du kunne kobma att. Og den betaling so va viss du va långt vekke, so vart da hon`n ikkje te nåken ting, se-du. (…?) sleke reise. Ja. Og difør låg du vekke so lengje so muleg, se-du. Iallfall me so va ongkara og (alt so ikkje hadde?) kjeringa.
I: Når du kom hit til Ådland og gifta deg med Engelina, slutta du med telefonarbeid da?
K: (avbryt) Nei-nei-nei, da va månge år sio, månge år sio. Da vart no lite grann bere enn ka da va te å bjønna med. Kan sjønna da, hadde da være no, di hadde vørte meldte før dyrplageri, nær sagt, ikkje menesje, (slek so me hadde da då?). Kan sjønna å bu i telt ute, so kaldt at, når hausten kobm, du skolv, førstår du, du måtte grava deg i køyå og brøya på deg øve hove. Og kokken! Han skulle vaska (…?) koka mat, (…?) han skulle koka mat og vaska opp te ein to-tre-og-tjue mann, åleina. Og so måtte han arbeida søndagen, gratis. (Bråk, utydeleg) (…?) i femten år den man`n, og då greidde han kje meir.
I: Det var nok hardt arbeid, altså?
K: Når du tenkje på … kobm ikkje te køys før långt på natt, sku vaska oppatt alt, ette so månge mann.
I: Måtte han koke over åpen ild ute, han da?
K: Ha?
I: Kokte han over åpen ild, da?
K: Ja, nei, da va … somme plassa fekk me ein kjedlar so han kobm i å koka, når me lagde te bord og greier te sitja å spisa med. Men når me låg i telt, då måtte han koka ute, onna ber himmel. Eg tenkje på då me låg idnpå fjedlet i mydlo Aurland og Lærdal, da va fem mil, øve fjedlet. Dar låg me. Føssta va å få (…?) ifrå Aurland … ifrå Lærdal`n og oppøve, omtrent te midtpunktet. Og då va da so mykje snø og is og greier …Og dar sku me skøyta stolpa, før da va bere seks-sju meter långe stolpa. Då dei va oppsette, og so va da (…linja?), og seinare, då va da kobme linja ette linja (…?)utvida. Og so snødde da ned, da va so långt nedmed so da snødde ned. Da va kje kabla då so no, bere enkle tråa. Og då sko me setta opp høgre stolpa. Dei kortaste me hadde dei va på ni meter, elles va fjorten og seisten meter høge. Og då va da so mykje tele ifrå frost i jordæ at da va kje talom at me kunne få ein stolpe laus. Og so måtte me hogga di åv oppå jordæ og fløtta di vekk, og so fekk me nåke bora, ikkje sånne (…bora?) so no di

har. Di kalte di navra, da va skjera på di, og so borde me ijønå stuen og ned og pakka med dynamitt med da gjekk, og fyrde da opp …
(E avbryt med eit spørsmål som K ikkje heilt får tak i.)

K: (byrjar på nytt) Og no viss du tilfeldigvis oppå fjedlet ska reparera nåke når da gjeld telt, di ska ha tregolv i teltæ - akkurat so eit støvegolv. Jah. Da e kje nåke rusk og rask med løng og einer (og sore?) so me hadde. Da e no gjedna litt meira penga (te rådigheit?) naturlegvis te å … Men transporten, du veit da va ein voldsom transport. Di kobm kje frabm … me hadde kløvja streng og jern og alt, kløvja på hest. Me hadde kløv på kver sia tå hesten, me hadde opp te ein seksti-søtti kjilo, alt-i-alt, med seg.

I: Stolpane, da, frakta dere (…?)?

K: Ha?

I: Hvordan frakta dere stolpane som dere skulle sette opp, da?

K: Dei kjørde di opp om vinteren. Da va bønder so tok akort på, dei i Lærdal hadde ein akort på seks tusen. Da va mykje penga i den tiæ. Og då kjørde dei da opp på vinterføre, om vinteren. På mångslags måta di balte, se-du, og fekk da opp på, liksom på fjedlet. Og so va da med i konsepten at når me kobm og skulle setja di opp, og arbeida, då skulle di endå vera med og kjøra di ut te plassen di skulle oppsetjast. So når di kobm opp på fjedlet, då va da kje vansjeleg med hest og bere sånn drette so di hadde ette hesten te kobma frabm med. Men da va te kobma opp på fjedlet. I Aurland dar måtte di taka taubana før å kobma … da va so steikane bratt (nåke hamre te å festa oppi?). Då hadde di taubana då, svære greie di lagde te. Og so gjekk hesten nere på veien og drog (dragkalen?), og so for da oppijønå på taubanå, te di kobm på høgdæ. Og so va da sia med hest opp og kjøra på plass. (Pause) Nei. Da va mykje moro, òg. Og når me kobm og sko arbeida, då sko di ha utbetalt før jobben, og då va da fest, då, heima hjå dan støsste tå desse bønderne. Da va stor fest, då, med mat og … da va snakk om han dar … øl og dram og gud veit. Me va kje i arbeid før enn dagen ette. Øj, øj-øj! Da va mykje moro.

I: Dere traff vel mange folk og når dere reiste rundt?

K: Ha?

I: Dere traff vel mye folk …

K: (avbryt) Å-jøss. Eg hadde so mykje kjennsfolk, so me vart kjende med, når me budde kringom gardane. Akk, ja-ja, det e sant. (Datta dar va bere med du va dar, se-du?), sia so vart da gløymt. Da hende eg fekk sånne julekort ifrå … spesielt … frå enkelte. (Liten pause) Nei, me va ifrå atten og te firogtjue mann, ette so me hadde arbeid te, ette so mykje so va å gjera. Da va da.

I: Det var vel sånn at det blei igjen en og annen her og der etter hvert som de fant seg ei jente …

K: (avbryt) Ja, da vart da, ja, da vart da. He, hi-he. So vart hångane fast.

I: Ja-ah (småler).

K: Å, da va mykje moro. Ja, da va da. Eg va med på dans og (able)gøyer i desse her ongdomshusæ og …

I: Var dere en fast arbeidsgjeng som hang sammen i lengre tid?

K: Ja, ja-og-ja. Da va vansjeleg om arbeid. Viss du først fekk arbeid, da va … Seinare når da bjønte med utbyggjing av lyslinjå og sore, dei so då va elst og va fullbefarne både te å gå i stolpa og bensla (…?), dei slutta på telegrafen før da va mykje bere betalt i lysverkje. Mykje – dobbelt so god betaling. So dar slutta ein masse. Og då va da nye so kobm att i telegrafen, (…?) Men eg hång no med heila tiæ, eg veit du, med telegrafen. Eg va so … eg tenkte på ettetiæ, før di vart pensjonert i telegrafen – me betalte i pensjonskasse. Og pensjonskassen va iberegna i lønnæ. Da va kje særsjilt, men da vart innbetalt med da sama du fekk lønnæ.

E: Pensjonskasse?!
K: Ja, Statens pensjonskasse.
E: De vart ikkje fast ansette før enn i …
K: femogtredve
E: ... då va du øve femti år, du va ...
K: Ja, da va i organisasjonen, da.
E: Nei, da va i pensjonskassen.
K: Da va ein organisasjon so føreslåtte datta dar.
E: Ja, da va da no, men …
K: I femogtredve då kobm da to mann ifrå organisasjonen i Oslo, og då arbeidde me oppi Bruvik, åvom Bergen – ein fjord so går idn dar. Og då kobm da to mann ifrå pensjons … elle ifrå organisasjonen i Oslo, og skulle organisera øss og. Da va i femogtredve, da huska eg so vel. Og då sko me verta fast ansatte, då. Men … men eg va so gammal at eg måtte betala idn nåke, før å kobma idn i da hølet, i danne dar føreningjen, di skulle starta. Men eg hadde adle retta, korso, te pensjon, men eg va kje fast ansatt.
E: Nei, du va kje fast ansett, og du fekk ikkje nett ut pensjon. Huska du når du slutta i firogfemti, og du e fødd i treognitti, då va du einogseksti år. Og då måtte du slutta på grunn av at du hadde gått heima her halve året – heile vinteren år ette år. De bygde (…?) bortpå Tøsse med Tøssebrunæ. So va stasjonen … telefonstasjonen va utånfør elvæ dar. So sku han fløttast i eit hus idnånpå elvæ. Og so va de uti dan stora elvæ om hausten, dar. Og dar e ein stor, støypt sånn sokkel, med stølpe utpå dar. Og dar va de å arbeidde i haglebye og snøkava og va plokkane ijønovåte, og du budde med avdelingjen uti Fusa, eg budde her hitte plukk åleina. Og so spørde de … sjevena dåka va frøsne … de hadde lastebil då. Og då hadde Borghild Bergje ho hadde ein kafè. Men da va sleke so gjekk på fabrekkjet, sleke faste, svarde ho, når dei gjekk idn og spørde om di kunne få kaffi attåt sjevena og sitja idne og eta sjevena sine. Du, di fekk da kje. Di gjekk ut att i bilen og sku tyggja på frøsne sjeve, vel ijønovåte og sat uti bilen. Og han reiste kje heim her, om kvelden, han reiste te Fusa, før viss han va her, so va da kje bil so han kobm seg bortatt i rett tid te å vera i lag med hine på arbeid. Har du haurt ein sånn so … so va pålitane før arbeidet sin del! Og då vart han låk i hals`n, da hadde han hatt turavis før. Men då va da so (…?) her bak i nakkjen, og sio so va da so snart … dan kroniske halskataren, dan har han. No tøla han no ikkje at da e følk idne so røykje elle nåke slag. I submar va brorsonen min her og målte, og so røykte han so fælt og då vart han so låk i halsen, og so va doktaren … røngde, og eg sa med doktaren at viss du fer førbi so lyt du no komba hit og snakka med ein mann so e mesta nitti år, før no trur han at da e no både kreft og tæring no i halsen. So kobm han, og då sa han: ”Da e røykjehals du har,” sa han, ”du må kje røykja meir.” Nei, da har eg no sett sjøl, men … So måtte … va da *fira* veke, han låg heima her halva året. Og so … nei, (…?) da e ein herrens betennelse, da må da vera.
I: Hadde dere ikke …
E: (avbryt, snakkar litt i munnen på kvarandre) (…?) … ikkje helt ut lenger, eg veit ikkje. ”No har eg være febm gongje (…?),” sa han. ”Ja, eg ser kasla følk du e tå, men kafren tå dåke, da veit eg ikkje,” sa eg. Og då sa han da at: ”Ja, me gjekk no før presten i lag, men me fekk aldri nåke kontakt med deg, før du budde so nærre.” Då va di alltid og gjekk før presten heile submaren i kjørkje, då, kvar veka. Di hadde kje slek so no at di har da på skulane, konfirmantførberedelse. ”Og då … so kobm ikkje du før enn med da sama presten kobm at me sko idn i kjørkjo,” sa han. ”Nei, husk på da, eg va på Ådlandsfjedlet og eg føsst,” sa eg, ”og mal(k)te kjydna.” ”Ja, va du verkeleg da,” sa han. ”Ja, da e sant eg va. Eg va da om me reiste te Tøsse og hadde … va på konfirmantførberedelse i bedehuset.” Men da va stritt. Føsst te gå på fjedlet her oppe

og malka febm kjyr og bera børo neratt, og so gjekk rondt boktæ … men da va *ein* gong, og då va eg also leen, vel. Hadde eg ikkje fått kjørt med ein lastebil heimatt so …

I: (småler)

E: Me hadde kje råd, og difør so sa doktaren ein gong og: ”Du har visst tekje skade, du har visst gått i før små sko, med dasse tæna dine og dasse føtna dine so e so dårlige,” sa dan doktaren so me hadde i tjue år her. Ja, du sjønna da at eg gjekk ikkje i adna enn tresko og labba. So va da då ein kalv so va daua, va visst daua då han va fødd, so Besten flådde og ... Og da lagde di te te sjidn slek so du sa di verka idn i Masfjorden. Og so va da skomakar`n her nere, han sydde meg sånne lave snøresko tå datta dar. Men di va slek so farje, slek so sjidnet, brune. Og hine jent`na på skulen, di va so misunneleg før eg hadde fått sleke flotte sko. Og skomakaren sydde di gratis, før han va fadder`n min, han, og visste da at då hadde ikkje far råd te … gjekk på butikkjen og borga mat, fekk beskjed ifrå sakførar at no va rento før joræ førfadlen og … Da va kje … da va grusomt. Aldeles. Og då gjekk eg so lengje i dei sko`na før at … eg måtte ha di bere te best. Elles so va da tresko og labba.

I: Så det var tresko dere gikk i da.

E: Og når eg gjekk på stølen … du sjønna nåke lave … nåken sånne lave sko … Da va no visst hos ei bydama so va ned på Ådlandshotellet ein gong eg fekk eit sånt slite par. Og då va me våte adlestana so snart me va kobne ut i graset …

K: (prøver å avbryta, snakkar i munnen på kvarandre) (…?)

E: …og om da regna og sånn, ikkje uljekle og ikkje nåkesla. Nei, no førstår … no (lyden vert veik) (…?) ikkje nåke å klaga føre no. Di har da mykje før gødt følk. Da va nett ein mann so sa da – da va sist sonndag: ”Ja, di klaga på ongdommen, men dei syr då pute onna …”

K: (prøver å seia noko/retta på mikrofonen?, ulydar i opptaket)

I: Hadde dere noe fritid elle noe sånt noe da dere var …, eller var det mest at dere måtte arbeide mesteparten av tiden?

K: Me fekk ikkje … fekk ikkje … permisjon, heller, eller … ferie. Ikkje talom, da. Du fekk feriepenga, men ikkje fri. Feriepenga, ikkje slik so no at di får pengane og (…?) ferie og.

I: Neih. Det var mens du var på telefonen.

K: Ja. Visst va da da.

I: Men da du var liten gutt, hadde dere noe ferie eller fri eller sånn på sommeren da?

K: Ne-ei, ikkje talom, ikkje talom. Da einaste …

E: (kjem inn og avbryt, snakkar i munnen på kvarandre) (…?) telegrafen …

K: (held fram) (…?) ikkje hadde meir å arbeida.

I: Så dere var ledig store deler av vinteren, da?

K: Ha?

I: Var dere ledig om vinteren også da?

K: Da hende … da hende da at da va dei so va famelieførsørgjara so va med, dei hadde fem-seks bødn, og dei vart sparka ette ansinniteten. Viss di va bjønt seinare – uansett, dei måtte gå. Ja. Da va ette ansinniteten. Dei so hadde vøre lengst, dei vart lengst … Ettekvert so … da va ei beredning … eit anlegg va also bevilga, kalkulert og bevilga so og so mykje penga te. Og når dei pengane va oppbrukte, ja, so va da (endt?), so va da kje (…?) å senda di på. Nei. Spesielt ein, han va nærsagt naboen te meg dar heima so eg budde, og han hadde seks bødn. Han måtte pikade gå då di føsste bjønte. Før då bjønte di på dan måten at dei sa opp og sa opp te dess dei hadde bere ein nåkre mann att – å fullføra da so att va å gjera. Tenkte hon`n ikkje på da at di skulle leva siå. Måtte gå.

I: Hadde dere noe ann`t de kunne gå til da?

K: Dei måtte bjønna å grava med (inkasle?), høgga på ved elle … på ein sånn liten sjettjobb og so ... Og so va da fisken. Da va mest fisk fameliane levde på, og da va veldig goe fiskeplassa idni Masfjorden – veldig goe plassa før fisk. Og då for di og fiska og sore og selde litt te dei so va i arbeid og … og so te seg sjøl og … So da va (…?), ufatteleg … og ikkje hadde nåke jorvei elle nåken ting. Han dar so hadde seks bødn, han hadde ikkje nåke jorvei, bere hus.

I: Men hendte det at anleggsarbeidere arbeidet på anlegg om sommeren og var med på vinterfiske om vinteren sånn i Lofoten og sånn?

K: Ne-ei. Da hende sakta. Eg trur … slek so utmed kjysten, med havet. Dar trur eg da va sleke folk so … so på den måten dreiv da, slek also. Førresten ei biinntekt måtte di ha mesta øve alt. Om di hadde fast arbeid so va … fast og fast, da va kje fast, men di hadde ein jobb då, og so va da slutt. Då måtte di ha nåke attåt so di balte med.

I: Her inni Samnanger så var det vel anlegget som biinntekten ofte, var det ikke det?

K: Ja, her va da vel da, og so da her fabrekkjet so e bortpå Tysse. Dar har di no mykje tå … samnangerfolk – i den fabrikkjen. Han går no endå. Men di hadde vel meira folk … (høgare så E kan høyra) di hadde vel meira folk te bjønna med i fabrekkjet bortpå Tysse enn ka no di har.

E: Ha?

K Di hadde vel meira folk te å bjønna med bortpå Tysse i fabrikkjen enn ka no di har?

E: Då når da va ullvarefabrekk og då når da gjekk på da besta, då va di visst imydlo tre og fira hondra menesje, so gjekk i fabrekkjet. Men so vart da nedskrenka då … da va dårleg vørte då ifrå febmogtjue og utøve te tredve, trur eg da va. Og so va da - e da kje føsste mars da står i sogebokjæ – at da bradn i einogtredve.

K: (avbryt) Fabrikkjen bradn opp.

E: Og då hadde han Mathisen so hadde eigt da, han hadde Vøss ullvarefabrekk og han, men da va ein son so forsette. No veit kje eg om dan eksistera meir, helle. Men han Bonde, so hadde Arne fabrikker, han hadde nett … da va nett vørte i orden at han hadde øvetekje dedne, og. Og du kan sjønna da at di påstår da at da va ein mann so sette på, so va betalt tå danne Bonde te å setja fyr på fabrekkjet. Ja, følkjet sa da te man`n, te selder. Di hadde sett at han kobm ut darifrå når klokko va … hall-ti, ni-hall-ti. Og ei litæ stonn ettepå so bradn da, såg di fyren og flammen og … Di sa da te han, te selder, hadde kje man`n … tok ikkje sak med di elle gjor nåke han, og då va da ingjen so kunne bevisa nåke … Men danne dar Bonde, so hadde øvetekje Arne, han nekta di her te byggja oppatt, førstår du. Ja. Og når Bruvik då kobm, han hadde då ein so di kalte sjåddifabrekk, elle ka da …, uti Strutshabn på Askøynæ, han, og … datta dar vetla nedpå Fjøsanger va vel og … hadde han kje lite grann dar og.

K: Jau, da hadde han

E: Di va to søne som va vørte disponenta og sånt nåke, og so va da no dan gamlingjen so va no hovedsjelæ då. Og då va da ikkje talom at di fekk … difør måtte dei bjønna med sokka her.

K: Strømpefabrikk

E: Før di fekk ikkje ullvarefabrekk her lenger. Då sko alt … då sko alt gå te Arne – alt ullvare. Og no sei di da adle gamle … adle fabrekkarar, fabrekkarbeidarar so leve enno tå dasse dar, kan du sjønna – organisten han snakte no om da nyleg, og. Arne ligg no i sak enno om at di va kje … va løvde nåke no før at di sko få starta oppatt igjen, va di løvd nåke penga tå Staten, og …

K: (smett inn) Før da gjekk konk …

E: So e da visst ikkje … so di ligg i sak dei no om da. Men Arne gjekk `an, og. Og då sei di da at da va straffedommen so kobm øve Bonde, dar, so ødela da her i Samnanger – sei gamle følk. (I og E småler) Eg veit ikkje.

I: Det var ein del av arbeiderne fra Tysse som fikk arbeid i Arna etterpå, var det ikke det?

K: Da e månge so arbeida enno – no i detta nya ...

E: (avbryt) Da va inkje arbeid, so da va frøkteleg – aldeles frøkteleg. (E og K snakkar i munnen på kvarandre …) Og nett då i dan dårleg tiena då følk ikkje fekk arbeid, veit du. Da va føsste mars i einogtredve da bradn. Og far min va i herredstyret og formannskapet og sånn. Og han va overførmyndar og sameleis med han so va i fattig… hadde med fattigkassen og da å gjera. Og dei va te ordføraren, og far va te Oslo og bad om penga fleire gongje, te setja i gong inkvasla, sysselsetjingsarbeid og allsla. Før da va so månge i sånne … nåken dei vart øvefløtta, dei so va onge. Men eldre arbeidara, so va femti og seksti år, dei tok han kje ned te Arne, veit du. Og so va da kje gødt å få seg hus elle få famelien med elle nåkesla. Og … da va no ei kåna so… ho hadde no ein eldre mann og han va no heima, men ho reiste te Arne og han stelte med huset og bødnæ og … Di va no gjedna konfirmerte, mesta, (…?) han va på … han va visst elder, da va andra kåno hans og, ja, ho va i Arne.

I: Så det ble mye ledighet og sånt da.

E: (held fram med sitt) (Da vessta) … va sørgjeleg aldeles. Tå kommunebusjettet … femogseksti prosent tå kommunebusjettet – kommunebusjettet di lagde te – da gjekk te fattigkassen. Eg veit om da va di kalte då … Elles so gjekk di … eg veit no vel da va månge sånne elendige so kobm ifrå Tøsse og hit og bad om ei bøtta … ”Eg må få ei bøtta pote hos deg, Ingjedl,” sa di te far og … Da va onna krigen og.

K: Men kor månge … da e kje so lite i fabrikkjen endå, so arbeida dar.

E: No stod da nett i … va da kje nett i ”Sabningjen” me haure da, at da va gådd ned ifrå tohondra… da mesta han hadde hatt da va tohondraog førti, trur eg, Bruvikjen har hatt …

I: Dette var den nye fabrikken?

E: Ka tid di bygde han ny?

I: Den ble vel bygd opp igjen i førti, ble den ikke det?

E: Ja, han vart bygd opp igjen i førti. Di bjønte i førti – di bjønte då. Da va visst i orden når krigen kobm, men di bjønte då hausten seksogfør… førti, hausten førti og arbeidde på da. Og då vart Peder`n, han bror min so e ned på ..., han va dar borte då på snekkararbeid. Men produksjonen trur eg ikkje di bjønte med før enn i einogførti. So veit du da va no dei dårleg åræ då før da vart fred. Da va no kje so mykje …

K: (avbryt) Men femogtredve, da va frøkteleg …

E: (hevar stemma og snakkar i munnen på K) Di lagde mykje … følk va no glad ka di lagde då, veit du. So da va no udl og … udl … di lagde vøldsomt mykje labba og sokka tå tjukk … nåke sånt so di meira har sjifta ut no, gått øve te finare produksjon. Men, men no so …, va da kje i …

(Slutt på band II)

Gudny Aadland, 01.06.83

I: Jeg lurte på om vi kunne begynne med å snakke litt om barndommen din?
G: Ja.
I: Du kunne kanskje begynne med å fortelle litt om hvordan det så ut i barndomshjemmet ditt og hvordan det var rundt der? Hvor stort var huset, for eksempel?
G: Ja, det va vanlig gårshus. (Pause) Som de fleste e her i bygden, på en vanlig går.
I: Ja, hvor mange rom var det?
G: Ja, det va to stuer nede og kjøkken og stort spiskammers og antre, og så va det to lemmer oppe - og kjelleretasje, selfølgelig.
I: De lemmane oppe, var det …?
G: (avbryt) Det va soverom, soverom oppe, ja.
I: Var det ett til ungane og ett til foreldrene, kanskje?
G: Foreldrene pleide vanligvis ligge i en av stuene nede. Det var vanlig her i bygden, i de dage. Men barna de lå altså på lemmene.
I: Dere var mange søsken?
G: Ja, vi va åtte i alt, men det va nå så stor aldersforskjell at de eldste va nå reist ut som regel.
I: Det va ke sånn at alle bodde hjemme på en gang?
G: Å-nei, nei!
I: Ja, er du av de yngre, du da?
G: Ja, jeg e nestyngst.
I: Var det noen som var reist ut da du blei født?
G: Ja, ja, det var det.
I: Det er ikke alle søskena dine du har hatt like god kontakt med da, kanskje, siden …?
G: Nei, det seie seg sjøl. Men … ja, stort sett har vi hatt god kontakt alle dage. Men vi har (vært borte) kver på vår kant. Eldstebroren reiste tidlig til Amerika, og ble der.
I: Var det en stor gård du vokste opp på?
G: Ja, sånn vanlig … en av de bedre her i bygden. Det e nå små garer i heile tatt her. Men … disse ådlandsgårane var stort sett av de beste.
I: Hadde far din arbeid ved siden av gardsbruket, eller klarte …?
G: Nei, han va … Ja, han va nå i militæret i sine yngre dage, men ellers va det gårdsbruket.
I: Så det var nok til leve av for hele familien det?
G: Ja, ja, måtte leve på det. Men då fikk vi kje springe på butikken og kjøpe snop.
I: He-nei, (småler). Det hadde blitt litt kapital når det var så mange unger?
G: Å-ja, ja. Nei.
I: Var det sauer dere dreiv med eller …?
G: Sau og kjyr. Hest og …
I: Dere hadde hest, ja?
G: Å-ja, hest og … (Pause) Og så en god del åkerbruk.
I: Ja-vel. Hva var det …?
G: (avbryt) Vi hadde korn òg i de dage.
I: Det blei dyrka korn òg da?
G: Ja, vi dyrka korn (…)
I: Havre, da kanskje?
G: Havre og bygg og kveite.
I: Ja-vel!

G: Ja. Erter og grønnsaker.
I: Dere var sjølberga med mange ting dere da?
G: Ja, det va vi.
I: Hvem var det som bodde i husane deres når du var lita?
G: Ja-a, det var far og mor og … ei elle kanskje to søstre, vekselvis var de ute og så tok de en tur hjem.
I: Var du aleine barn da?
G: Ja, det var nokså stor aldersforskjell mellem den foran meg og den etter meg, så jeg va nåkså mye aleine. Her va kje noen jevnaldrende her på tunet akkurat da.
I: Hadde dere besteforeldre eller sånt no`som bodde hos dere?
G: Nei, det hadde vi ikkje. De bodde der oppe på … på en av nabogårane. Der hadde vi morfar og mormor. Mormor husker eg slett ikkje til, for hun dø nåkså … da eg va ganske liten. Men farfar (morfar, red. mrk.) husker eg veldig godt. Farfar og farmor døde da deres barn va små. Så de har eg aldri sett.
I: Var det såpass kort avstand at du kunne springe opp til besteforeldrene dine når du hadde (lyst til det)?
G: (avbryt) Ja-da, ja-da, det kunne eg. Men vi holdt oss for det meste på tunet. Var opptatt med arbei og …
I: Jeg hadde tenkt å spørre litt om arbeid og sånn i barneåra og ungdomsåra.
G: Ja, vi måtte ta del i arbeidet fra vi var ganske små. Ute og inne. Det va kje nåke "kjære mor". Vi måtte ta sin tørn alle.
I: Kan du huske sånn omtrent hvor gamle ungane var når de måtte begynne – når du fikk ansvar, for eksempel?
G: Tja-a, de måtte hjelpe til ifra de va … ja, før de bjynte i skolen – i barneskulen. Med forefallende arbeid, hente ved og … fyre i ovnen og … vaske opp og litt av hvert.
I: Det var liksom så snart en kunne …?
G: (avbryt) Så snart en kunne … bruke nevane.
I: Hadde du inntrykk av at det var vanlig over alt i bygda?
G: Ja. Det va vanleg. De fikk kje gå ut og spelle seg.
I: Tror du det var for at det var så veldig mye arbeid som skulle gjøres at det var helt nødvendig at alle hjalp til?
G: Ja, det va helt nødvendig. Hvis de skulle nå over alt og gjøre det sjikkelig, måtte alle ta sin tørn og hjelpe til. Det va helt vanlig.
I: Det var kanskje en fordel å ha mange barn hjemme da?
G: Ja, det va det på sett og vis. Det va det. Men på en an`n side så ble jo … utgiftene større òg.
I: Ja, det ble jo flere munner å mette.
G: Ja, det ble flere munner å mette.
I: Men hvis ungene gjorde nytte for seg fra så tidlig alder, så var det jo fordeler med det òg.
G: Ja, det va det absolutt. De hadde kje … de hadde kje kunnet dreve det uten … uten masjinhjelp som de har i dag. Det jikk med handemakt *alt*.
I: Kan du huske om det var noe forskjell på det arbeidet som jenter blei pålagt og det som gutter blei pålagt?
G: Ja-a, guttene hadde no ingenting som vedkom de inni huset. De va hevet over det.
I: Ja-vel.
G: Ja-a! Hm! Sånt kvinnfolkarbei hadde de kje nåke med.
I: Nei, ikke småguttane heller?
G: (avbryt) Å-nei! Nei-da, det hadde de kje. Når de kom i hus, så skulle de (bare bli) varta opp.

I: Ja-vel. Hva slags arbeid var det guttane gjorde da?
G: Nei, det va nå mest utearbei da – på gåren.
I: Vedhenting og sånt …?
G: Å-ja-a. I skog og mark. (Hosteri) Ja, eg hosta, men eg e kje forkjølt. Det e kje smittsomt.
I: Nei, det er ke så farlig. … Arbeidet med dyra og sånn, var det jentearbeid?
G: Ja, det va jentearbei. Ja, melking og fôring. Det måtte kvinnfolkene ta seg av.
I: Guttane var ke med på det heller da?
G: Nei, de va kje med på det heller. Til liks så måtte kvinnene være med (i) utearbei. Ja, det va nå spesielt om sommaren da – våren og sommaren.
I: Det virker nesten som jentene og kvinnfolka gjorde mesteparten av arbeidet da?
G: Ja-a, he. Det er vel slik den dag i dag (småler). De hadde i hvert fall mindre fri. Når de hadde arbeidt ute, så måtte de ta innearbeidet ettepå. Og det slapp de andre.
I: Det var vel ikke småtteri med innearbeid, heller, for det var ikke noe særlig kjøkkenmaskiner …?
G: (avbryt) Å-nei-da, nei, det va tungvinte greier i dei dage.
I: Hadde dere sånn hvitskurte golv og …?
G: Ja. Hvitskurte golv.
I: Det var vel tungt å …?
G: (avbryt) Å, gå-å-mann! Ja, det va kje … det va kje lettvint arbei å skure golvene.
I: Hvem var det som gjorde det da?
G: Det va kvinnfolkene.
I: Blei ungane satt til det?
G: Så snart de va komt lite grann til skjels år og alder. (Småler) Ja-a …
I: De måtte vel være litt store først …?
G: Lite grann, ja-a, de måtte nå være komt opp i … nåken klasser i skolen, iallfall, før de var (i) stand til å skure golv.
I: Men før den tid så var det oppvask og sånne ting som …?
G: Ja, ja …
I: Var det mye oppvask? Hadde dere mange måltider?
G: Ja-a, det hadde vi. (Tenkjepause) Fire … fire faste måltid: frokost, middag, nons og kvells-mat. Det va kver dag.
I: Nons, var det det samme som kaffi …?
G: Det er det samme som kaffe, ja, i dag. Nonsmat (hette det).
I: Og da skulle det vaskes opp etter hvert måltid?
G: Ja-a. Men ellers så fekk det stå til neste og da ble det dobbelt opp. (Småler)
I: Det måtte være hardt å rekke over alt det der i løpet av en dag når en skulle ta dyra og innearbeid og attåt det være med på utearbeidet?
G: Ja-a. Og i dei dage så jikk de til fjells her, kvell og måråå, og melka kjyrne. Måtte opp klokka … seinast klokka fire - om måråån`n. Bære mjelka heim på ryggen. Og så måtte *ein* gå på meieriet med det. Og så måtte de ta del i onnearbeiet. I slåtten måtte de være med og brøye og snu og raka, hesja. Og så skulle de til fjells om kvellen igjen, og heim att – med børe på ryggen.
I: Så det var to ganger opp og ned da?
G: To ganger opp og ned – langt, langt til fjells.
I: Hvor lang var veien da?
G: Hå! Tja, det va nå opp te (høgdæ) her oppe te sjeftes med Vaksdal.
I: Kan du huske hvor lang tid det tok å gå?
G: Tja. (Tenkjepause). To tima.
I: En vei!?

G: En vei, ja. *Opp*, ja. Nei, ned igjen måtte du springe. Langt og tungt.
I: Det var vel tungt ned igjen også med melka (på ryggen)?
G: (avbryt) Ja-a, og så ned desse bratte liene her. Det va et grusomt arbei. Det va et forferdelig arbei.
I: Det kunne ikke bli mye sommerferie av det der?
G: (avbryt) Å-hå! sommarferie (det va ingen ting)! Det va kje oppfunne i de dage. Nei.
I: Hadde dere støl da, eller var det sånn at kyrne gikk ute?
G: Vi hadde støl i de seinare år. Ja. Da lå vi på stølen. Så da blei det bare opp om kvellen og ner igjen om mårån`n. Men så va det nå dobbelt børe da.
I: Ja. Var du med og gikk på stølen?
G: Nei, det har eg dreve lite med.
I: Var det vanlig at jenter gikk på stølen?
G: Ja. Ja, det va heilt vanlig.
I: Kan du huske hvor gamle jentene kunne å være når de begynte med det?
G: Tja, (…) måtte til dels bjynne før de va konfirmert, enkelte. Det måtte de.
I: Og det var bare jentene som blei …?
G: Ja, det va jentearbei – enten kåna sjøl elle jentene.
I: Når dere hadde såpass mye jente- eller kvinnfolkarbeid som skulle gjøres, hadde dere da noe hjelp i … hadde dere taus eller sånn?
G: Ja, de hadde både dreng og hjelp i mange år. Men etterkvert som barna voks opp og kunne gjøre nytte for seg, så blei det mindre bruk for det.
I: Men ungane reiste da ut?
G: Ja-a, de reiste nå ut, ikkje alle på ein gang. Men de sjiftes nå om det – va ute kver sin gång.
I: Foreldrene dine beholdt noen hjemme da for at (snakkar i munnen på kvarandre) (…)?
G: Ja, de måtte ha såpass hjelp at de klarte det uten dreng/jente.
I: Var det det som bestemte ka tid søskena skulle flytte ut?
G: Hm?
I: Var det arbeidet på gården som bestemte ka tid søskena skulle flytte ut?
G: Ja, til en viss grad va det det. De måtte … de måtte sørge for å hjelpe til heima så lenge det va nødvendig. Men der det blei mange, der kunne de jo sjiftes med å reise ut, iallfall. De behøvde ikkje alle på ein gang. Det va nå mest sommarsdagen det va mest bruk for folk på gåren.
I: Da kom kanskje ungdommen hjem igjen da?
G: Ja, ja, det hendte de måtte komme heim igjen å hjelpe til under onnearbeiet.
I: Var det konfirmasjonsalderen som var den vanlige tida å reise ut på?
G: Nja-a, ja, det va nå litt forsjellig på de forskjellige gårer. Men vanligvis så va de vel litt eldre – før de tok arbei ute. Men det va nå sånn som det paste på kver går. Det va nå kje likt for alle.
I: Hvordan var det med maten dere hadde - var det ting som dere dyrka sjøl mesteparten av det dere spiste?
G: Ja-a, for en del, for en god del va det mat som va avla på gåren. Vi hadde jo allti gris, vi hadde flesk nok sjøl. Og kjøtt, kjøtt og flesk, va vi allti godt forsynt med. Så va det nå fisk i fjoren …
I: Fiska dere sjøl da?
G: Ja-a, karfolkene va ute og fiska når det va nåke å få. Det va enklare å få fisk den gangen enn det e i dag.
I: Det går mange historier om det.
G: Ja.
I: Så dere trengte egentlig ikke kjøpe så mye da?

G: Ne-ei, ikkje til daglig.
I: Så dere kunne nesten klare dere uten penger?
G: Hm-nei! Det kunne vi nok ikkje, men … Ja-ja, det er nå mange måter å klare seg på. Ja.
I: Var det hjemmesydde klær og sånt også?
G: Ja-a, ja …. Det va nåkså mykje brukt på bygdene her. De spant … og spøta, og vov vadmel – fikk sydd vadmelsklær. Og selfølgelig vov de åkle og ryer og sånt til bruk i heimen.
I: Men fabrikken som var på Tysse, fikk dere noe tøy derfra eller … ?
G: Nei, nei, nei. Det gjore vi kje, så vidt eg kan huska. Eg trur kje det fantes … ja, de hadde kanskje et utsalg der borte, eg vet ikkje.
I: (… forretninger …?) (G hostar)
G: Ja, på Tysse. Ja, det va det, og så va det nå i by`n da.
I: Det var kanskje finere stoffer som folk kjøpte da?
G: Det va til bestbruk, ja.
I: Var det stor forskjell på hverdags- og helgeklær?
G: Ja-a, det va det.
I: Var det sånn at dere ikke skulle gå med det samme til søndags som dere hadde til hverdags?
